



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Forvaltningsstyret
Møtestad: Voldsfjorden 1. etg., rådhuset
Dato: 12.04.2016
Tid: 15:00

Det blir synfaring i sak PS 29/16

Medlemer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemer kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700 eller postmottak@volda.kommune.no.

Varamedlemer får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 27/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 28/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 29/16	Gbr 17/49 - oppføring av tilbygg og fasadeendring - dispensasjon frå byggegrense mot E39 og for utnyttingsgrad
PS 30/16	Handsaming av klage på vedtak - Gbr 160/3 - oppføring av naust og flytting av vor
PS 31/16	Klage på løyve, gbr 131/7
PS 32/16	Klage på vedtak om matrikkelføring av rettskraftig dom i Sunnmøre Jordskifterett
PS 33/16	ORIENTERINGSSAK
OS 1/16	Landbrukskontoret Ørsta Volda - delegert sak, Hjartåbygda skyttarlag - grunnavtale skytebane i Aldalen - handsaming etter jordlova § 12

PS 27/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 28/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2015/2278
		Arkivkode:	17/49

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/16	Forvaltningsstyret	08.03.2016
29/16	Forvaltningsstyret	12.04.2016

GBR 17/49 - OPPFØRING AV TILBYGG OG FASADEENDRING - DISPENSASJON FRÅ BYGGEGRENSE MOT E39 OG FOR UTNYTTINGSGRAD.

Handsaming:

Korrigert saksutgreiing vart lagt ut på lesebretta den 03.03.16.

Sindre Kvangarsnes kom med fylgjande framlegg:

Saka vert utsett med tanke på synfaring på neste møte.

Røysting over utsettingsframlegget:

Sindre Kvangarsnes sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.03.2016

Saka vert utsett med tanke på synfaring på neste møte.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret gir med heimel i plan og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Nedre Klepp, plan ID 1982004 i høve til utnyttingsgrad, og for byggegrense mot Ørstavegen (E39) i samsvar med søknad datert 22.10.2015, på fylgjande vilkår:

Før handsaming av byggesøknad må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), og avklarast at tiltaket kan gjennomførast innanfor gjeldande reglar, og eventuelt i byggesaka få fastlagt nødvendige avbøtande tiltak.

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon m. vedlegg teikningar , situasjonsplan og snitt
Merknad frå nabo
Uttale ved høyring

Uprenta saksvedlegg:

Reguleringsplan Nedre Klepp m føresegner

Saksopplysningar:

Det er fremja søknad om byggeløyve for til/påbygg av bustadhus på eigedomen gnr 17 bnr 49 i Volda.

Eigedomen ligg innanfor reguleringsplan Nedre Klepp – plan ID 1982004.

Området er regulert til bustader med Utnyttingsgrad $U=0.15$.

Det er vist byggegrense mot riksvegen- E39.

Tiltaket medfører konflikt med den i plan avsette byggegrense mot veg, (Ørstavegen –E39), ved at utkraga 1.etg vil kome 1.25m fram om gitt byggegrense.

I søknad er dette nærare grunnlagt.

Det er også søkt dispensasjon i høve til gitt utnyttingsgrad.

Utnyttingsgraden er noko vanskeleg å definere for denne eigedomen etter som eigedomen ikkje berre omfattar sjølv tomte, men det tilhører også felles areal for garasje/parkering og tilkomstveg for eigedomen.

Berekna areal/utnytting etter tilbygging er i søknad rekna ut frå netto tomt og med BYA (% bebygd areal i høve til netto tomt). Dette gir då ein BYA på 26.6%.

Rekna som u-grad etter reguleringsplan vert utnyttinga (med tillegg av halve vegareal i tilgrensande veg) $U=0.20$.

Tek ein med aktuelt garasje/p-areal tilhøyrande eigedomen (1/3 –del av 657.8m²) ved utrekning av U-grad etter reguleringsplan, og legg til tillegg frå tilgrensande veg også her, og med reknar med bebygd garasjeareal, gir dette ein samla utnyttinga på $U=0.18$.

Det er elles registrert at det også for tilgrensande tomter, m.a. eigedomen gamlevegen 31 (17/61), også er noko høgare utnytting enn føresett i reguleringsplan. Dette er det også vist til i søknaden.

Rekna etter same mal er BYA for denne eigedomen 24.6%, medan Ugrad rekna som for omsøkt bygg er rekna til $U=0.20$.

Saka har vore sendt på høyring i høve spørsmål om dispensasjon.

Det er gitt positiv tilråding for dispensasjon frå byggegrense veg, under føresetnad av at omsynet til støy frå vegen vert ivareteke innan for reglane i Miljøverndep. sine retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Utnyttingsgrad er ikkje kommentert ved høyringa.

Ved nabovarsling er det gitt fylgjande merknad frå nabo, eigar av Gamlevegen 31, gbnr 17/61:

”Forst vil vi peike på at det her er snakk om eit heilt nytt og frittståande hus, meir enn eit tilbygg. Etter teikninga skal dere vere eit nytt hus som vil ruve bortimot 8 (7,8) meter høgt frå terrenget.

Vi har store innvendinger mot at det blitt gitt dispensasjon for å bygge dette huset. Vi protesterer på at det vil bli gitt dispensasjon til å utvide arealet til 30% utnytting av tomt, samt bygging nær veg. Vi protesterer også på utforminga/ byggestil huset har, måten det skal stå i terrenget og huset sin høgde.

Vi har fvlgjande innspel i forhold til byggsøknad:

Utsikt. *Etter planane/ søknaden kjem det nye huset til å ta nærast all utsikt frå kjellarstova i sokkeletasja vår. Den vil også ta mykje av utsikta frå hovudetasja. Frå hagenivå blir også utsikta rastert. Naboane har tenkt å bygge den nye boligen på stolpar for å heve huset til maksimal høgde, for at dei skal få mest mogleg utsikt utover fjorden. Det nye bygget kjem til å rage 1,5 m over deira noverande møne. Eit bygg som ruver 7,8 meter over terrenget 4*

meter frå nabo blir stort, ruvande, dominerande og øydeleggande for utsikt, og bruken av hage blir svært forringa. Det er eit nybygg som bryter med byggeskikken elles i område ved at det blir ståande på pålar over sjølve terrenget.

Området består i dag av einebustader som i stor grad er lagt i terrenget så godt det let seg gjere, og som derfor harmonerer meir i terrenget. I denne planen er det tatt lite hensyn til naboar og dei kostnadane/ bakdelane det vil få for desse.

Utnyttelsesgrad. *Det står i søknaden at dagens utnyttingsgrad er på 15%. Vi stiller spørsmål om denne utnyttingsgrada er rekna frå forholda/ karta då huset var nytt omkring 1960. E39 var då ein smal grusveg og huset hadde tilkome kun til denne vegen. Sjølv om E39 enno er farleg smal og uoversiktleg så har vegen blitt vesentleg breiare sidan 1960. PS70-80 og truleg også på 90 tallet vart det høvla innover i fjellsida nedanfor huset for å få vegen så brei som mogleg. Det ville undre oss stort om ikkje tomtearealet til gbr. 17 bnr. 49 har blitt redusert sidan 1960 som resultat av dette. I*

Alle fall ynskjer vi ei undersøking og stadfesting omkring stoda omkring dagens tomteareal og utnyttingsprosent.

Hus nær veg. *Blir det bygd slik det er skissert må dette kome uforsvarleg nær E39. Ei oppfordring til vegvesenet er å faktisk undersøke grundig korleis huset i dag ligger i forhold til vegen og kor nær det faktisk vil bli vegen. Vi stiller eit stort spørsmålsteikn omkring sikkerheita til dette prosjektet.*

Om denne søknaden blir innvilga vil det bety ein verdireduksjon av vår bustad, på grunn av den rasterte utsikta. Fjordutsikt blir bytta ut med ein stor og firkanta vegg som står på pålar. Vi vil på det sterkaste protestere på at det blir gitt løyve til å bygge høgare enn eksisterande møne. Først og fremst krev vi ein reduksjon av takhøgde, men også ein byggestil som i større grad passar inn i miljøet rundt, og til det opphavelege huset for øvrig.”

Vurdering og konklusjon:

Statens vegvesen har tilrådd dispensasjon frå gjeldande byggegrense mot E39.

Viser til omsynet til støy, jf også uttale frå Fylkesmannen, at det ut frå støysonekartet må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsliner for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), slik at ein får klarlagt om tiltaket kan gjennomførast, og få fastlagt eventuelle nødvendige avbøtande tiltak.

Eg legg til grunn at dette vert avklara før handsaming av byggesaka.

Omsøkte utnyttingsgraden er noko høgare enn føresett i reguleringsplan, men som nemnt i saksutgreiinga ikkje vesentleg høgare enn for ein del eksisterande eigedomar i området. I sentrumsområdet er det naturleg, og ein vilja politikk, å legge til rette for noko fortetting og auka utnytting i områder med eldre reguleringsplanar og reguleringsføresegner.

Sett i høve til situasjonsplan og snitt, og dei store terrengskilnadane som er mellom omsøkte tomt og tomta til nabo som har gitt merknad, kan ein ikkje sjå at tiltaket vil vere til vesentleg ulempe for denne eigedomen.

For nedre del av hage vil eit tilbygg her skjerme noko meir mot utsikta mot sjø og fjorden, men vil ikkje vere så omfattande at det vil gje særleg utslag i høve til soltilhøve, jf den store høgdeskilnaden.

Byggplasseringa er innan for normale byggeavstandar etter reglane i plan og bygningslova, og byggehøgde overskrid heller ikkje gjeldande reglar her.

Eg finn såleis omsøkte tiltak å vere innan for forventelege rammer for utbygging i området.

Søkjær ynskjer at tilbygget i 1.etg skal vere tilpassa i plan med eksisterande bygg. Spørsmål om å kunne seinke tilbygget ved td at tilbygget vert seinka ved to nedtrinn i planlagt mellombbygg, har også vore vurdert i prosessen. Dette har ein gått bort frå då ulempene ved ei slik seinking er vurdert som langt større enn kva dette vil bety m.a, for nabo.

Ein liten sektor av utsikt frå sokkelhusvære og hage vil verte påverka av tilbygget, men eigedomen vil framleis framstå med god utsikt mot sjøen og landskapet på andre sida. Taket på planlagt tilbygg vil ligge under nivå på golvet i sokkeletasjen på naboeigedomen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende for kommunal økonomi.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege.

Naturmangfaldlova:

Tiltaket innanfor godkjent arealbruk i plan og vurdert her.

.....
Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Nordplan as v/tl@nordplan.no

Andreas Heltne Sætre og Kari Hesselberg , Gamlevegen 33A , 6102 Volda

Palma Fløtre, Gamlevegen 29 , 6102 Volda

Hanne Karsen og Stig Wold, Gamlevegen 33B , 6102 Volda

Frode Vatnøy og Anne Gjengedal Vatnøy, Gamlevegen 31, 6102 Volda

Klageinstans: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi:

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Statens Vegvesen – Region Midt

Utvikling

Teknisk sektor

Volda kommune
stormyra 2
6100 Volda
Noreg

Dato: Nordfjordeid 22.10.2015
Vår ref: Torkjel Bruland Lavoll
Dykkar ref:

Vedlegg: B1

Dispensasjonssøknad utnyttingsgrad

Dispensasjonssøknad gjeld søknad om tiltak til tilbygg for eksisterande einebustad Gamlevegen 33 A. 17 /49.

I bestemmelsane for reguleringsplanen er det oppgitt ei maks utnyttingsgrad på 15 %

Dei omkringliggende tomtene har per i dag høgre utnyttingsgrad.

Gamlevegen 33 B har utnyttingsgrad på ca. 24 %


Gamlevegen 31 har utnyttingsgrad på ca. 25%

Det vart påpeika frå kommunen i førehandskonferansen at utnyttingsgraden på 15% er utdatert og at det er vanleg å gje løyve til ei utnyttingsgrad på opp mot 30% i dette området.

Med tilbygget vil utnyttingsgraden på omsøkte tomt vere 25 %

Det blir difor søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen til å få auke utnyttingsgraden til 30%

Med helsing
for Nordplan AS



Siv. ark. MNAL Torkjel Bruland Lavoll
Sivilarkitekt

Volda kommune
stormyra 2
6100 Volda

Dato: Nordfjordeid 22.10.2015
Vår ref: Torkjel Bruland Lavoll
Dykkar ref:

Vedlegg: B2

Dispensasjonssøknad utkraging av tilbygg over byggegrense mot veg.

Dispensasjonssøknad gjeld søknad om tiltak til tilbygg for eksisterande einebustad Gamlevegen 33 A. 17 /49.

Det er angitt i plankartet ei byggegrense mot veg.

Det planlagde tilbygget vil bli ståande min. 1,25 m frå byggegrensa på bakken, men det vil i 1. etg krage ut maks. 1, 53 m over byggegrensa.

Bygningsforma er sett ut frå at ein har ønska eit smalt bygningsvolum for ikkje å ta for myke av utsynet til naboen bak, og 4 meter frå nabogrensa nord for tilbygget. For å få nok areal til eit brukande opphaldsareal i 1. etg. må då tilbygget ha god lengde og kragar difor over byggegrensa mot veg.

Utkraginga er viktig for å gje opphaldsrommet i 1. etg utsyn ut fjorden, og for å gje utsyn mot kveldsola frå takterrassen.

Vi søker difor dispensasjon til å krage ut 1,6 meter over byggegrensa mot veg.

Med helsing
for Nordplan AS




Siv. ark. MNAL Torkjel Bruland Lavoll
Sivilarkitekt

Vedlegg: E8, D1 og D2





A11.01 Ny situasjonsplan-kart
1 : 200

		Kartas betegnelse: Tarectra AS epost: post@nordplan.no	Tiltaksnavn: Kari Hesselberg og Andreas Sætre Tittel: Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A	Tegning av: Ny situasjonsplan-kart Tekniske av: TL	Tegningstypen: Søknad om tiltak Skala: 1 : 200 Prosjekt nr: A11.01 Arkiv: Arkiv: Side:
--	--	--	--	---	--



A46.20 situasjonsnitt
1 : 200

 nordplan		kontaktoinformasjon Nordplan AS epost: post@nordplan.no		Tiltaksnavn Kari Hesselberg og Andreas Sætre		Tegnning av situasjonsnitt			Tekningstype Søknad om tiltak			
		arkitektur konstruksjon landskap		Tiltak Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A		Tekneav TL	Satt i kontrollert Autor	Sjekkliste Checker	Mål 1 : 200	Prosj.nr. A63.04	Tegn.nr. A63.04	Avs



A46.20 Fasade Sør
1 : 100

A46.20 Fasade Aust
1 : 100


		Kontaktperson: Torbjørn AS epost: post@nordplan.no	Tiltaksleder: Kari Hesselberg og Andreas Sætre Tittel: Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A	Tekning: Fasader aust og sør Tekning: TL	Tekningstype: Søknad om tiltak
arkitektur konstruksjon landskap	Rev. nr. 1 Rev. dato	Rev. nr. 1 Rev. dato	Rev. nr. 1 Rev. dato	Dato utarbeidet: Dato sjekket: Dato godkjent: Målestokk: 1 : 100 Prosjekt: A63.02 Ark: Rev:	Dato utarbeidet: Dato sjekket: Dato godkjent: Målestokk: 1 : 100 Prosjekt: A63.02 Ark: Rev:




A46.20 Fasade Vest
1 : 100


A46.20 Fasade Nord
1 : 100

		kontaktperson: Nørzaki AS epost: post@nordplan.no	Tittel: Kari Hesselberg og Andreas Sætre Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A	Tegningstittel: E2 nord og vest	Tegningstype: Søknad om tiltak			
Tegning nr. TL	Autor. Author	Sjekket Checker	Sjekket Checker	Målestokk: 1 : 100	Prosjekt nr. A63.03	Rev. Rev	Rev. Rev	




 nordplan <small>arkitektur konstruksjon lanskap</small>	Kontaktperson: Nordplan AS epost: post@nordplan.no	Tiltaksleder: Kari Hesselberg og Andreas Sætre		Tekning for: Snitt		Tekningstittel: Søknad om tiltak				
		Tiltaksnavn: Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A		Tiltaksleder: TL		Utarbeidet av: Autor	Sjekk av: Checker	Spesjelle: Spesjelle	Målestokk: 1 : 100	Prosjekt nr.: A41.10


Trapp ned fra veranda vart aldri bygt.




NOT SYD-ØST



NOT SYD-VEST



NOT NORD-VEST







NOT NORD-ØST
VOLDAL BYGNINGSRÅD
Sak. 18/61

PLANE, SNITT, FASADER	MÅL 1:100	EVN SPENSK ARE VOLD
	VOLD 23-10'57	
ENERGILIG FOR ERLING DANL VOLD		

	Kontaktperson Nordplan AS epost: post@nordplan.no	Tekstforfatter Kari Hesselberg og Andreas Sætre Tittel Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A	Tekningstittel E4 eksisterende fasader	Tekningstype Søknad om tiltak																
	Revisjon	Ansvar	Revisjon	Revisjon dato	<table border="1"> <tr> <td>Tekne av</td> <td>Sjekk av</td> <td>Revisjon</td> <td>Mail</td> <td>Prosjekt</td> <td>Tittel</td> <td>Ark</td> <td>Rev</td> </tr> <tr> <td>TL</td> <td>Author</td> <td>Checker</td> <td></td> <td></td> <td>A21.03</td> <td></td> <td></td> </tr> </table>	Tekne av	Sjekk av	Revisjon	Mail	Prosjekt	Tittel	Ark	Rev	TL	Author	Checker			A21.03	
Tekne av	Sjekk av	Revisjon	Mail	Prosjekt	Tittel	Ark	Rev													
TL	Author	Checker			A21.03															

Trapp ned fra veranda vart aldri bygt.

E 5



nordplan

- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

Kontaktinformasjon
Nordplan AS
epost: post@nordplan.no

Tekning av Kari Hesselberg og Andreas Sætre

Tittel Påbygging og fasadeendring
gamlevegen 33 A

Tekningstype plan og snitt eksisterende

Tekning nr. TL

Dato 23.10.2015

Dissekontrollert

Author

Checkert

Drøkkert

Tekningstype Søknad om tiltak


Mål

Prosj. nr.

Tekning nr. A21.04

Ark

Rev




A21.01 Plan 1. etg
1 : 100

Section 1
A41.10

<p>nordplan arkitektur konstruksjon landskap</p>	<p>Kontaktinformasjon Nordplan AS epost: post@nordplan.no</p>	<p>Tilpasser: Kari Hesselberg og Andreas Sætre</p> <p>Tittel: Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A</p>	<p>Tekning av: Plan 1. etg</p>			<p>Tekningstype: Søknad om tiltak</p>				
			<p>Tekning av: TL</p>	<p>Dato utarbeidet: 23.10.2015</p>	<p>Spesifikk:</p>	<p>Skala: 1 : 100</p>	<p>Prosjekt nr.:</p>	<p>Tekningstittel: A21.01</p>	<p>Rev.:</p>	<p>Rev.:</p>


E 7

Section 1
A41.10



Section 1
A41.10

<p>nordplan arkitektur konstruksjon landskap</p>	<p>offisielt fornavn Nordplan AS e-post: post@nordplan.no</p>	<p>Utarbeidet av Kari Hesselberg og Andreas Sætre</p>	<p>Tilbygg av plan tilbygg 2. etg.</p>			<p>Tilbygg for Søknad om tiltak</p>				
		<p>Tittel Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A</p>	<p>Tilbygger TL</p>	<p>Dato 23.10.2015</p>	<p>Stad kontrollert Checke</p>	<p>Skala 1 : 100</p>	<p>Prosjekt A21.02</p>	<p>Rev</p>	<p>Rev</p>	<p>Rev</p>



<p>nordplan</p> <p>arkitektur konstruksjon landskap</p>	<p>Kontaktperson Tobrukk AS</p> <p>epost: post@nordplan.no</p>	<p>Tilbestiller Kari Hesselberg og Andreas Sætre</p> <p>Tittel Påbygging og fasadeendring gamlevegen 33 A</p>	<p>Tekning nr. Plan underetasje</p>			<p>Tekningstype Søknad om tiltak</p>				
			<p>Ferdig dato 23.10.2015</p> <p>TL</p>	<p>Stad kontrollant</p>	<p>Spesifikk</p>	<p>skala 1 : 100</p>	<p>Prosjekt A21.U1</p>	<p>Ark A21.U1</p>	<p>Rev</p>	

Angående Sætre og Hesselberg sin søknad om dispensasjon for bygging av tilbygg og endring av fasade på Gamlevegen 33A, gbr. 17 bnr. 49.

Først vil vi peike på at det her er snakk om eit heilt nytt og frittstående hus, meir enn eit tilbygg. Etter teikninga skal dere vere eit nytt hus som vil ruve bortimot 8 (7,8) meter høgt frå terrenget.

Vi har store innvendinger mot at det blitt gitt dispensasjon for å bygge dette huset. Vi protesterer på at det vil bli gitt dispensasjon til å utvide arealet til 30% utnytting av tomt, samt bygging nær veg. Vi protesterer også på utforminga/ byggestil huset har, måten det skal stå i terrenget og huset sin høgde.

Vi har fylgjande innspel i forhold til byggsøknad:

1. **Utsikt.** Etter planane/ søknaden kjem det nye huset til å ta nærast all utsikt frå kjellarstova i sokkeletasja vår. Den vil også ta mykje av utsikta frå hovudetasja. Frå hagenivå blir også utsikta rastert. Naboane har tenkt å bygge den nye boligen på stolpar for å heve huset til maksimal høgde, for at dei skal få mest mogleg utsikt utover fjorden. Det nye bygget kjem til å rage 1,5 m over deira noverande møne. Eit bygg som ruver 7,8 meter over terrenget 4 meter frå nabo blir stort, ruvande, dominerade og øydeleggande for utsikt, og bruken av hage blir svært forringa. Det er eit nybygg som bryter med byggeskikken elles i område ved at det blir ståande på pålar over sjølve terrenget. Området består i dag av einebustader som i stor grad er lagt i terrenget så godt det let seg gjere, og som derfor harmonerer meir i terrenget. I denne planen er det tatt lite hensyn til naboar og dei kostnadane/ bakdelane det vil få for desse.

2. **Utnyttelsesgrad.** Det står i søknaden at dagens utnyttingsgrad er på 15%. Vi stiller spørsmål om denne utnyttingsgrada er rekna frå forholda/ karta då huset var nytt omkring 1960. E39 var då ein smal grusveg og huset hadde tilkome kun til denne vegen. Sjølv om E39 enno er farleg smal og uoversiktleg så har vegen blitt vesentleg breiare sidan 1960. På 70-80 og truleg også på 90 tallet vart det hovla innover i fjellsida nedanfor huset for å få vegen så brei som mogleg. Det ville undre oss stort om ikkje tomtearealet til gbr. 17 bnr. 49 har blitt redusert sidan 1960 som resultat av dette. I allefall ynskjer vi ei undersøking og stadfesting omkring stoda omkring dagens tomteareal og utnyttingsprosent.

3. **Hus nær veg.** Blir det bygd slik det er skissert må dette kome uforsvarleg nær E39. Ei oppfordring til vegvesenet er å faktisk undersøke grundig korleis huset i dag ligger i forhold til vegen og kor nær det faktisk vil bli vegen. Vi stiller eit stort spørsmålsteikn omkring sikkerheita til dette prosjektet.

Om denne søknaden blir innvilga vil det bety ein verdireduksjon av vår bustad, på grunn av den rasterte utsikta. Fjordutsikt blir bytta ut med ein stor og firkanta vegg som står på pålar. Vi vil på det sterkaste protestere på at det blir gitt løyve til å bygge høgare enn eksisterande møne. Først og fremst krev vi ein reduksjon av takhøgde, men også ein byggestil som i større grad passar inn i miljøet rundt, og til det opphavelige huset forøvrig.

Med venleg helsing

Anne Oddlaug Gjengedal Vatnøy

Frode Vatnøy

Gamlevegen 31

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr	2015/2278
Løpnr	
Arkivnr	
Klassering P	
Klassering S	
Avd	Uttv
Sks	Ingv Kal
Arkivdato	31 66
	17/49



Statens vegvesen

Volda kommune

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region midt	Per Norvald Walderhaug / 90288380	15/257002-2	2015/2278 12921/2015	08.01.2016

E39 – Gnr. 17 bnr. 49 i Volda kommune – Tilbygg og fasadeendring – Dispensasjon frå regulert byggegrense mot E39 – Fråsegn

Vi viser til e-post datert 17.12.2015 med oversending av dokument i samband med dispensasjon frå regulert byggegrense for oppføring av tilbygg og fasadeendring til eksisterande bustadhus på eigedommen 17/49.

Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen Nedre Klepp som er datert 7.7.1982. Byggegrenseline til europaveg 39 er i planen regulert i ein avstand på 12,5m frå vegmidte. Nytt tilbygg er planlagt med avstand 11,6m frå vegmidte. Høgdeskilnaden frå vegbane E39 til terrengnivå på byggetomt er ca. 8m. Fartsgrensa på fylkesvegen er i området 50 km/t og årstdøgntrafikken er 8920 kjøtetøy.

Støyvarselkart etter T-1442 datert juni 2011 kan tyde på at tiltaket ligg utsatt til med omsyn til trafikkstøy. Det må difor utførast ei nærare støyvurdering etter Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Statens vegvesen har utifrå sitt ansvarsområde ikkje andre merknad til at det kan bli gitt dispensasjon frå regulert byggegrense i gjeldande reguleringsplan for oppføring av tilbygg/påbygg i ein avstand 11,6m frå vegmidte fylkesveg E39. Stor høgdeskilnad mellom tiltak og vegbane på E39 er avgjerande for vårt standpunkt.

Plan- og trafikkseksjonen

Med hilsen

Lisbeth Smørholm
Seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr.	2015/2278
Løpnr.	INGVKAL
02 FEB 2016	
Arkivdel.	BYGG
Klassering P.	17/49
Klassering S.	

Volda kommune Oppføring av tilbygg og fasadeendring gnr17 bnr49 Dispensasjon frå reguleringsplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Dispensasjonen gjeld byggeløyve for til/påbygg av bustadhus, og tiltaket medfører konflikt med gitt byggegrense mot veg, ved at utkraga 1. etg vil kome 1,25 meter framom gitt byggegrense mot E-39. Dispensasjonen gjeld også i høve til utnyttingsgrad.

Støy

Ut frå støysonkartet må det gjerast ei nærare støyvurdering etter retningsline for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012), slik at ein får klarlagt om tiltaket kan gjennomførast/eventuelle nødvendige avbøtande tiltak.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde
Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Saka er sjekka ut i forhold til automatisk freda og nyare tids kulturminne, utan at det føreligg merknad.

Mvh

Anders Smith-Øvland
overarkitekt/rådgivar

Møre og Romsdal fylkeskommune

E-post: anders.smith-ovland@mrfylke.no

Tlf: (+47) 71 25 82 91

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: www.mrfylke.no



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2015/1798

Arkivkode: 160/ 3

Utvalsaksnr Utval
30/16 Forvaltningsstyret

Møtedato
12.04.2016

HANDSAMING AV KLAGE PÅ VEDTAK - GBR 160/3 - OPPFØRING AV NAUST OG FLYTTING AV VOR

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klagen kjem fram nye moment i saka som gir grunn til klagen til følgje. Forvaltningsstyret held derfor fast på sitt vedtak i sak 20/16 og saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos settefylkesmann.
2. Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak vert utført med vekt på skånsam opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald.
3. Gjennomføring av tiltaket vil medføre store endringar i strandsona. Det er derimot vanskeleg å sjå at forseinka oppstart av tiltaket vil ha alvorlege konsekvensar for tiltakshavar. Forvaltningsstyret finn derfor at det medhald av Forvaltningslova § 42 skal gjevast utsett verknad av dispensasjon for oppføring av voren.

Vedleggsliste:

Tilsvar frå E. Ulvestad på fylkesmannen si klage m/vedlegg, 23.03.2016

Klage frå Fylkesmannen, motteke 10.03.2016

Klage frå Ingelin og Inge Ulvestad, motteke 07.03.2016

Epost frå rektor ved Ulvestad barneskule pr. 18.02.2016

Brev frå Oddvar Ulvestad, Erling Ulvestad og Per Gunnar Tilseth, motteke 11.02.2016

Sak 20/16 i Forvaltningsstyret den 16.02.2016

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Ulvestadbygda

Samandrag av saka:

Saka gjeld klage på forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 20/16 den 16.02.2016. Der det vart gitt dispensasjon for oppføring av vinkelvor/molo. Fylkesmannen og Ingelin og Inge Ulvestad har klaga på at det vart gitt dispensasjon for utbygging av vinkelvor/molo Ein rår til at vedtaket ikkje vert endra.

Saksopplysningar:

Kommunen mottok 26.08.2015 søknad frå Erling Ulvestad om løyve til oppføring av naust og flytting/oppføring av vor. Det vart gjort vedtak om dispensasjon for oppføring av naust, men ikkje for vinkelvor/molo i sak 89/15 den 08.12.2015.

Tiltakshavar Erling Ulvestad klaga på vedtaket i brev motteke 31.12.2015. Klagen vart motteke innanfor klagefristen og Forvaltningsstyret tok den 16.02.16 klagen til følge ved følgjande vedtak i sak 20/16:

1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.

2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.

Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsom opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Det er motteke to klager på Forvaltningsstyret sitt vedtak frå 16.02.2016. Frå Ingelin og Inge Ulvestad motteke 07.03.2016 og frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som vart motteke 10.03.2016. Begge klagene er motteke innanfor klagefristen. Det er seinare motteke eit tilsvaret på klagene frå søkar Erling Ulvestad.

I klagen frå Ingelin og Inge Ulvestad vert påstandar om utfylling av fleire tusen m³ med sand i fjøra på nabotomtene tilbakevist. Det vert vist til at elva tidlegare har sopa naustrekka frå elva og utover til havs, forandra løp og medført store masseforflytningar. Dei meiner ein bør sjå det som ei gåve at fin sand vert skylt fram i området og ikkje sperre av slik at sand ikkje kjem inn og området gror til. Dei peikar på at det vert heilt feil å trekke saman ein samlingsplass for barn og ungdom og eit faremoment, som dei meiner voren vert. Dei stiller også spørsmål om kva som vart sagt under synfaring med personar frå Forvaltningsstyret frå entreprenøren si side. Og lurar på om det er steinrøysa som er tippa i fjøra utan løyve han skal opne fjøra med? Dei meiner vidare at det i dag ikkje er problem å lage fjøra kortare og brattare, og at ein ikkje treng å sperre fjøra av den grunn. Dei viser til at den planlagte moloen vil overstige høgda på allereie etablerte vorar og at folk frå kommunen har sett dette. Dei viser også til at brevet som vart lagt fram ved handsaming av saka frå Ulvestad barneskule vog tungt i avstemminga. Brevet vart trekt tilbake, då det vart sendt utan at rektor hadde fått sett seg inn i saka. Og han har uttalt at ein 4 m høg mur ikkje er posistivt for strandsona med tanke på barn. Klagaren meiner brevet frå privatskulen ikkje skulle vore sendt då entreprenøren er i slekt med rektor si kone og sonen sit i styret.

I klagen frå Fylkesmannen(FM) vert det presisert at det etter plan- og bygningslova § 1-8 skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. FM meiner omsøkt vor er av ein storleik og utforming som tilseier at den vil vere eit omfattande inngrep i strandsona. Det vert vist til at området har naturgjevne kvalitetar som gjer at det er mykje brukt til opphald og rekreasjon både for born, ungdom og vaksne. Etter Fylkesmannen sitt syn vil ein så høg og omfattande mur i strandsona framstå som eit stengsel og vere landskapsmessig særst uheldig og forringe dei naturgjevne kvalitetane i området. Tiltaket vil også redusere verdien området har til rekreasjon for ålmenta, sjølv om det kan bidra til å verne mot vind og bølger akkurat på stranda innanfor. Tiltaket vil dessutan gjere at bølgeproblematikken forplantar seg vidare sørover, og gi behov for og setje standard for tilsvarende tiltak langs heile stranda i området. Såleis kan tiltaket også få uheldig presedensverknad. Fylkesmannen meiner at kommunen si opprinnelege avgjerd var riktig, og vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye opplysningar om utforming som tilseier ei anna vurdering av dei faktiske forholda.

Søkar Erling Ulvestad har komme med tilsvar til dei to klagene. Han tilbakeviser at det har vore meininga å sverte dagens eigar av gbnr.: 160/2, men held fast på at Ulvestadfjæra er utfylt og viser til utskiftningskartet frå 1909. Han peikar på at det omsøkte området er eit naustområde knytt og har vore knytt til landbruksnæringa i hundrevis av år og at naustet på gbnr.: 160/7 sto på same plass i 1909. Det vert vist til at kultur og friluftsliv i hovudsak er fiskeri og båtliv i dette området og at fiske i fjorden har vore ei nødvendighet for å oppretthalde landbruket.

Det vert presisert at søknaden gjeld ein eksisterande vor som skal flyttast nordover etter jordskiftesak 37-1982 og kan ikkje sjå at ei heving og lenging av denne skal framstå som eit større stengsel, vere landskapsmessig særst uheldig og forringe dei naturgjevne kvalitetane i området. Han meiner tiltaket tvert imot vil auke verdien området har til rekreasjon for ålmenta, verne mot vind og bølger mot støder og naust innanfor og sikre allmenta sikker tilgang frå sjøsida. Han meiner vidare det må telje positivt att ein er 3 nausteigarar som går ilag om ein vor, i staden for 3 nausteigarar og 3 vorar.

Det vert vist til at det berre er ei stød som er inntakt i fjæra , støda til gnr 160 brnr 04, som er verna av ein vor som ligg på ca same høgdekote som den omsøkte vor (sjå vedlegg 3). Det vert vidare peika på at der er mange naust som har fått øydelagt stødene sine fordi vorane har vore for små i forhold til værtilhøva som råder i området.

Det vert presisert at vinkevoren som er omsøkt skal byggast i naturstein og skal gjerast so lite dominerande som det er mulig. Det er lagt til grunn at tiltaket skal utførast med vekt på skånsom opparbeiding med omsyn til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming. Topp vor skal ligge på ca høgdekote + 1,9m (dette må tilpassast størrelsen på steinen) .

Søkaren peikar på at det å bygge ein natursteinmur er eit handtverk som kun nokre få personar kan. Dei få som kan det, har tillegna seg kunnskapen gjennom erfaring over fleire tiår og at ein del av denne kunnskapen er å samle stein over fleire år. *Me føler det veldig urettferdig , når me prøver så godt me kan å fylgje loven med søknadar og utredningar , skal motarbeidast. Steinen som ligg i fjæra, ligg på eigedoms grunn og skal sjølvstekt brukast til vor i ei eller anna form. Dette er stein som er handplukka utifrå sin spesielle form og størrelse, og som ikkje er lett å finne . Den har vore samla over fleire år. Dette skjønar dei naturleg nok ikkje på fylket. Dei brukar istaden kvar muligheit dei har til å stoppe positive tiltak ,både på bygdene og i sentrum.*

Søkaren meiner vidare at opplysningane om værtilhøva i Ulvestadfjæra ikkje har komt godt nok fram og legg difor med 2 bilder som syner støda til br nr 4 og stødene til br nr 3,7 og 32. *Kvifor er det berre støda til br nr 4 som er inntakt? Svaret er naturleg nok dei ekstreme forholda som kan vere her, der store og små steinar vert kasta rundt, på grunn av att dei*

tradisjonelle vorane har vore for små. På brnr 4 er der ein vor som er stor, men sjølv her kan ein sjå skade på den yste delen, som er flytta nordover. Denne voren har ei kote på ca +2m over 0. Denne voren er det mange som har berga seg bak, og den framstår verken som dominerande eller til hinder for nokon.

Vurdering og konklusjon:

Forvaltningsstyret har gjort to tidlegare vedtak i saka der dei har vurdert omfang og konsekvensar av tiltaket svært ulikt. Ved første gongs handsaming i forvaltningsstyret vart moloen vurdert som **”eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina”**. Ved handsaming av klage på vedtaket vurderte forvaltningsstyret moloen som **”eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina”**. Og hadde følgjande grunngjeving: **”Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.**

Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsom opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Brev motteke 11.02.16 frå Oddvar Ulvestad, Erling Ulvestad og Per Gunnar Tilseth vart lagt ut på lesebretta den 15.02.16. E-post 16.02.16 frå rektor Bjørn Breivik ved Ulvestad barneskule vart utdelt på møtet, men seinare trekt tilbake. På eige initiativ hadde nokre av medlemmane i forvaltningsstyret vore på synfaring saman med tiltakshavar.

Det er kome inn to klager på Forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 20/16. I klagen frå Inge og Ingelin Ulvestad er det påstand om tidlegare utfylling av fjøra, elva si påverknad av strandsona, naustområdet som samlingsplass vs. tiltaket sitt omfang, og søkar sin påstand om at tiltaket vil medføre opprydding av fjøra som er tema. I tillegg brev frå Ulvestad barneskule kommentert.

I klagen frå Fylkesmannen er det lagt vekt på at tiltaket, som vil framstå som ein høg og omfattande mur, vil framstå som eit stengsel, vere landskapsmessig særst uheldig og forringe dei naturgjevne kvalitetane i området. Fylkesmannen legg vidare vekt på at tiltaket vil redusere verdien området har til rekreasjon for ålmenta. Tiltaket sin evne til vern mot vind og bølger er også tema i klagen, og ein meiner her at tiltaket berre vil verne området innanfor moloen, men at bølgeproblematikken vil forplante seg sørover og gi behov for liknande tiltak langs heile stranda og at det kan få uheldig presedensverknad.

I brev motteke 11.02.16 frå Oddvar Ulvestad, Erling Ulvestad og Per Gunnar Tilseth, som vart lagt fram for forvaltningsstyret den 15.02.16 er det argumentert for tiltaket på bakgrunn av tidlegare utfylling av fjøra har gjort den langgrunn og utsett for kraftige bårer frå Austefjorden, slik at det er behov for ein vor til vern for bølgepåverknad. Dette var opplysningar som vart kjent for forvaltningsstyret når dei gjorde vedtak i saka. Inge og Ingelin Ulvestad tilbakeviser påstanden om det store omfanget av utfylling i fjøra og peikar på at elva tidlegare har sopa naustrekka frå elva og utover til havs, forandra løp og medført store masseforflytningar. Fylkesmannen meiner tiltaket vil gjere at bølgeproblematikken forplantar seg vidare sørover, og gi behov for og setje standard for tilsvarande tiltak langs heile stranda i området. Såleis kan tiltaket også få uheldig presedensverknad.

Både Fylkesmannen og Inge og Ingelin Ulvestad er negative til tiltaket sitt omfang. Størrelsen og utforming av voren har vore vurdert og handsama av forvaltningsstyret tidlegare der ein har kome til to ulike konklusjonar. I forkant av den siste handsaminga vart det i brevet frå Oddvar Ulvestad, Erling Ulvestad og Per Gunnar Tilseth, opplyst om at høgda på voren ikkje vil overstige høgda på allereie etablerte vorar. I søkaren sitt tilsvar til klagen frå Fylkesmannen og

Inge og Ingelin Ulvestad vert det no opplyst om at tiltaket skal utførast med vekt på skånsam opparbeiding med omsyn til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming og at topp vor skal ligge på ca høgdekote + 1,9m ut frå størrelsen på steinen. Dette er forsøk på ei klargjering i forhold til søknaden der det er det opplyst at voren skal vere 2 m brei, gå 25 m ut i sjø, 20 m langs sjølina med høgde på moloen på 4 m frå lågvatn målt på yttarste delen av moloen i sjø. Når ein opplysar om at topp vor skal ligge på ca høgdekote + 1,9m ut frå størrelsen på steinen, er det noko uklart kva dette målet er referert ut i frå. Ein kan anta at det er høgde ved landfeste av voren. Her ligg det i dag ein støypt murkant, som vises godt på fotovedlegg i søknaden. I følgje kommunen sine kartdata ligg denne murkanten om lag på kote +1. Terrenget i bakkant av dagens naust på gbnr. 160/3 ligg på kote +2. For å sikre eintydig forståing av voren sitt omfang og plassering i terreng bør det settast krav om målsette terrengsnitt før handsaming av byggeløyve.

I begge klagene er ålmenta sin mogelege bruk av strandsona eit viktig poeng og det vert poengtert at det omsøkte tiltaket vil hindre fri ferdsel og trygt opphald i fjøra for barn og unge. Dette moment som har vore kjent ved dei to tidlegare handsamingane av saka, der forvaltningsstyret har kome til motsette konklusjonar.

Fylkesmannen meiner tiltaket berre vil verne området innanfor moloen og at bølgeproblematikken vil forplante seg sørover og gi behov for liknande tiltak langs heile stranda. Dette er eit moment som også var tatt med i brev frå Ingelin og Inge Ulvestad motteke 28.01.2016 og slik sett vore vurdert av forvaltningsstyret i sak 20/16 den 16.02.16.

Ingelin og Inge Ulvestad meiner det er feil å vise til behov for opprydding av fjøra som eit argument for tiltaket, då dei meiner det er tilkøyrt steinblokker som medfører behov for opprydding og ikkje dei eksisterande tilhøva i fjøra. Spørsmål om dei tilkøyrt steinblokkene vil bli tatt opp i eiga sak der ein vil vurdere om tiltaket er ulovleg og om det vil bli krav om opprydding jf. Pbl. Kap. 32.

Klagene representerer i hovudsak ulike oppfatningar om tiltaket sitt omfang og konsekvensar for strandsona det kjem derimot ikkje fram nye moment i klagene som ikkje har vore vurdert ved dei to tidlegare handsamingane. og det er dermed ikkje grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket i sak 20/16 den 16.02.16.

Forvaltningsstyret har også vurdert omfanget av tiltaket ulikt med påfølgande ulike konsekvensar for landskapet, ålmenta sin ferdsel og bruk av strandsona og ev. problem med forplantning av bølgeproblematikk. Eg meiner det derfor bør leggest fram målsette terrengsnitt før byggjeløyve kan gjevast, for betre å kunne sikre rett plassering og omfang av tiltaket i forhold til søknaden.

Det er eit alminneleg forvaltningsrettsleg prinsipp at enkeltvedtak hovudsakleg har umiddelbar rettsverknad og kan iverksettast uavhengig av klage. Forvaltningslova (fvl) § 42 opnar for utsett verknad av tiltaket. Strandsona er av nasjonal interesse og tiltaket vil ha klart negative konsekvensar for strandsona om tiltaket vert iverksett for ev. seinare å måtte fjernast. Det er derimot vanskeleg å sjå at forseinka oppstart av tiltaket vil ha alvorlege konsekvensar for tiltakshavar. Eg meiner derfor det bør gjevast utsett verknad av tiltaket jf. fvl. § 42.

Helse og miljøkonsekvensar:

Administrasjonen har i tidlegare sak peika på negative konsekvensar for helse og miljø, men forvaltningsutvalet har ei anna vurdering av dette i sak 20/16.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege.

Naturmangfaldlova:

Tiltaket ligg dels på land og dels i sjø i strandsona. Strandsona i området er nokså langgrunn, truleg som følgje av masser frå elva sør for området. Det er ikkje registreringar i naturbasen eller artskart om verdifulle naturtypar eller artar i området som kan verte påverka av tiltaket. Sjølv om det ikkje er gjennomført konkrete undersøkingar av naturmangfaldet i området er det lite sannsynleg med alvorleg negative konsekvensar for naturmangfaldet. For å redusere dei negative følgjene av eit såpass stort inngrep i strandsona, bør det uansett settast krav om at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsamt opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (Oversendast Fylkesmannen med kopi av alle saksdokument for vidare handsaming av klage.)

Kopi til:

Erling Ulvestad
Ingelin og Inge Ulvestad

Volda Kommune

Svar på klage i sak 89/15

Det har på ingen måte vore meininga å sverte dagens eigarar av gnr 160 brnr 02. Poenget vårt med brevet som det vert refferert til ,var å synleggjere att fjøra er utfylt og difor er ekstra lang. Det som har vorte meg fortalt frå dei som levde då dette var gjort (før 1950), er att det har vore skipa ut støypesand frå gnr 160 brnr 01 og 02. Under 50% av dette var rein støypesand. Det er nærliggande å tru att stein, mold og liknande vart fylt ut i fjøra . Det som er heilt sikkert er att Ulvestadfjøra er utfylt, dette syner tydelig på utskiftningskartet frå 1909.

Fylkesmannen skriv i si klage, att innafor LNF sone A ikkje kan tillatast bygge og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksnæringa. Det omsøkte området er utteke til naustområdet, og med nausta høyrer stød og vor. Nausta , stødene og vorane som er i Ulvestadfjøra har vore direkte tilknytt landbruksnæringa i hundrevis av år. Naustet på gnr 160 brnr 7 sto på same plassen i 1909.Kultur og friluftsliv er i hovudsak fiskeri og båtliv i dette området. Fiske i fjorden har vore ei nødvendigheit for å oppretthalde landbruket.

Eg har ein eksisterande vor, som etter jordskiftesak 37-1982 skal flyttast nordover. Eg kan ikkje sjå att ei heving og lenging av denne skal framstå som eit større stengsel, vere landskapmessig særst uheldig og forringe dei naturgevrne kvalitetane i området. Tiltaket vil tvert imot auke verdien området har til rekreasjon for ålmenta, i tillegg vil det verne mot vind og bølger mot støder og naust innanfor. Det vil også sikre allmenta sikker tilgang frå sjøside. Det må også telje positivt att ein er 3 nausteigarar som går ilag om ein vor, istaden for 3 nausteigarar og 3 vorar

Det er ei stød som er inntakt i fjøra , det er støda til gnr 160 brnr 04 . Den er verna av ein vor som ligg på ca same høgdekote som den omsøkte vor (sjå vedlegg 3).Her er mange naust som har fått øydelagt stødene sine fordi vorane har vore for små i forhold til værtilhøva som råder her.

Vinkevoren som er omsøkt skal byggast i naturstein. Den skal gjerast so lite dominerande som det er mulig. Det er lagt til grunn at tiltaket skal utførast med vekt på skånsom opparbeiding med omsyn til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming. Topp vor skal ligge på ca høgdekote + 1,9m (dette må tilpassast størelsen på steinen) .

Det å bygge ein natursteinmur er eit handtverk som kun nokre få personar kan. Dei få som kan det, har tillegna seg kunnskapen gjennom erfaring over fleire tiår. Ein del av denne kunnskapen er å samle stein over fleire år. Me føler det veldig urettferdig , når me prøver så godt me kan å fylgje loven med søknadar og utredningar , skal motarbeidast. Steinen som ligg i fjøra, ligg på eigedoms grunn og skal sjølvstekt brukast til vor i ei eller anna form. Dette er stein som er handplukka utifrå sin spesielle form og størrelse,og som ikkje er lett å finne . Den har vore samla over fleire år. Dette skjønar dei naturleg nok ikkje på fylket. Dei brukar istaden kvar muligheit dei har til å stoppe positive tiltak ,både på bygdene og i sentrum.

Opplysningane om værtilhøva i Ulvestadfjøra har ikkje komt godt nok fram. Legg difor med 2 bilder som syner støda til br nr 4 og stødene til br nr 3,7 og 32. Kvifor er det berre støda til br nr 4 som er inntakt? Svaret er naturleg nok dei ekstreme forholda som kan vere her, der store og små steinar vert kasta rundt, på grunn av att dei tradisjonelle vorane har vore for små. På brnr 4 er der ein vor

som er stor, men sjølv her kan ein sjå skade på den yste delen, som er flytta nordover. Denne voren har ei kote på ca +2m over 0. Denne voren er det mange som har berga seg bak, og den framstår verken som dominerande eller til hinder for nokon.

Håper Forvaltningstyret vidarefører sitt siste vedtak.

Mvh

Erling Ulvestad

Vedlegg	1	kart frå 1909
	2	kart av i dag
	3	bilde stød brnr 4
	4	bilde stødene brnr 3,7 og 32



Vedugg B
Shoda fū br: 4.


160/4

25.03.2015


Side 33

Vedlegg 4
Området som vent
utmarkes ny vor.
160/3
160/4





157/45
Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



Side 36

ut skiptnings kart 1909



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/1798	Ans. UTV
Løpnr.	Sr HEIST
10 MAR 2016	
Arkivdel	BYGG
Klasse: P	160/3
Klassering S:	

Volda kommune

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen og § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av naust og vor gnr160 bnr3 - Klage på vedtak som gjeld bygging av vor

Fylkesmannen har mottatt melding om vedtak gjort av forvaltningsstyret 16.02.2016, utvalsak 20/16, der Volda kommune gir dispensasjon frå kommuneplanen for oppføring av naust og vor. Meldinga vart mottatt hos Fylkesmannen 19.02.2016, og var deretter på synfaring 03.03.2016. Fylkesmannen klagar med dette på den delen av vedtaket som gjeld voren, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

Bakgrunn

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen for oppføring av nytt naust og etablering av ny vor. Området er i kommuneplanen vist som LNF sone A, og innanfor desse områda kan ikkje bygge- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksnæringa tillatast.

Omsøkte vor er tenkt å tene 3 eigedomar, og søkjar skriv at ein ved å bygge denne voren unngår at det blir bygd 3 separate vorar, noko som vil vere meir uheldig for strandsona. Voren er oppgitt til 2 meter brei, den skal gå 25 meter ut i sjøen og liggje 20 meter langs sjølina. Høgde på voren skal vere 4 meter (frå havoverflata ved fjøre sjø). Søkjar skriv at voren ikkje skal tene som båthamn, men skal vere eit vern mot bølger fordi naust- og strandområdet ligg utsett til. Vidare blir det presisert det at dette ikkje er eit tiltak som er meint å stenge for ålmenta sin ferdsel i fjøra, men derimot vil legge til rette for auka trivsel.

Volda kommune sende søknad om dispensasjon på høyring den 24.09.2015. I Fylkesmannens fråsegn av 12.11.2015 vart det konkludert med at tiltaket framstår som eit betydeleg inngrep i strandsona, og at voren trass i opning i framkant vil vere til hinder for fri ferdsel. Vidare vart det lagt vekt på at området kunne bli meir utrygt for mindre born og at det ikkje vil bli mykje att av strandsona eigna for bading/rekreasjon for ålmenta, også knytta opp mot at området ligg i nærleiken av både skule og barnehage og utgjør ein verdi for desse institusjonane. Det blei difor rådd ifrå å gi dispensasjon til omsøkt vor, og signalisert at eit positivt vedtak ville bli vurdert påklaga.

Volda kommune ga ikkje dispensasjon til bygging av vor i sitt vedtak av 08.12.2015, grunngjeve i at tiltaket er eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina. Etter klage frå søkjar, endra kommunen sitt vedtak i møte 16.02.2016. Dispensasjon vart grunngjeve med at tiltaket utgjør eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina, at ein

sikrar utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som gir ein vidareføring av tradisjonar for sjøbruk, fiske og friluftsliv, og at tiltaket kan ha ein verdi for bygda. Det er lagt til grunn at tiltaket må utførast med vekt på skånsom opparbeiding med omsyn til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Fylkesmannen klagar på dispensasjonsvedtaket ut frå følgjande moment:

Vurdering av natur og miljøverninteresser

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det i 100-metersbeltet langs sjøen takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Omsøkt vor er av ein storleik og utforming som tilseier at den vil vere eit omfattande inngrep i strandsona. Området har naturgjevne kvalitetar som gjer at det er mykje brukt til opphald og rekreasjon både for born, ungdom og vaksne. Etter Fylkesmannen sitt syn vil ein så høg og omfattande mur i strandsona framstå som eit stengsel og vere landskapsmessig særst uheldig og forringe dei naturgjevne kvalitetane i området. Tiltaket vil også redusere verdien området har til rekreasjon for ålmenta, sjølv om det kan bidra til å verne mot vind og bølger akkurat på stranda innanfor. Tiltaket vil dessutan gjere at bølgeproblematikken forplantar seg vidare sørover, og gi behov for og setje standard for tilsvarande tiltak langs heile stranda i området. Såleis kan tiltaket også få uheldig presedensverknad.

Fylkesmannen var på synfaring 3. mars, og såg då at tiltaket var under førebuing ved at det var lagt opp store steinar på stranda like nord for gbnr 160/3. Vi stiller spørsmål ved om dette er gjort etter avtale med kommunen, og om så ikkje er tilfellet må kommunen vurdere om dette er eit ulovleg tiltak og krevje opprydding, jf. pbl. kap 32.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal klagar på vedtak i Forvaltningsstyret i Volda kommune, utvalsak nr. 20/16, møtedato 16.02.2016, der det vart gitt dispensasjon for oppføring av naust og vor. Klagen gjeld berre voren. Fylkesmannen meiner at kommunen si opprinnelege avgjerd var riktig, og vi kan ikkje sjå at det ligg føre nye opplysningar om utforming som tilseier ei anna vurdering av dei faktiske forholda.

Vidare saksgang

Dersom kommunen ikkje tar klaga til følge, jf. forvaltningsloven §§ 28 og 33 andre ledd, skal ein sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vidare klagebehandling hos sette-fylkesmann.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Erling Ulvestad Ulvestadvegen 21 6133 LAUVSTAD

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

LAUVSTAD 06.03.16.

Ingelin og Inge Ulvestad

Volda Kommune.

Klage på sak 29 89/15.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnummer	2015/1798
Løpnummer	Utv Innkål
7 MAR 2016	
Arkivnr.	BYGG
Klassering P	16013
Klassering S	

Vi klager på vedtaket som vart gjort i forvaltningsstyret 16.02.16.

Det stod at bruksnr. 2 har fylt fleire tusen m³ sand uti fjøra på nabotomtene, berre oppdikta tull seier dei som var med på dette føre kringv. Elva har tidlegare soppa naudtrekka frå elva og utover, til havs, og har forandra løp med store masseflyttinger. Ein burde sjå det som ei gåve at ein sand blir skylt fram i søkt område, og ikkje sperre av området så sand ikkje kjem inn, og området gror til.

Å trekke saman ein samlingsplass og eit faremoment blir heilt feil, barn om dagen og ungdom om kveld/natt. Når ein ser at ein ikkje kan holde seg til fakta skriftleg, så triler vi styrket på det som vart sagt av P.G. Tilseth då han hadde med personar frå forvaltningsstyret i fjøra. Var det steinroyssa han no har tippa i fjøra utan løyve, han skal åpne fjøra med? Å lage fjøra lite kortare og brattare er ikkje eit problem i dag, treng ikkje sperre fjøra av den grunn. Den

planlagde moloen vil overstige høgda på allerede etablerte bôrar, det har folk frå Volda kommune sett.

Brev frå Uvestad barneskule vog tungt i avstemninga.

Brevet har rektor trekt tilbake, då det vart sendt uten at rektor hadde fått sett seg inn i saka, og har uttalte at ein 4 m høg mûr ikkje er positivt for strandsone, med tanke på barn.

Brevet frå privatskulen skulle ikkje ha vore sendt, då P.G. Tilseth er slekt til rektor sin kone, og son til P.G. Tilseth set i styret.

Jngelin og Inge Uvestad.

Hei.

Viser til uttale sendt pr e-post tysdag 16.februar gjeldande skulen si haldning til bygging av ein vor i UlvestadfjØra pÅ Lauvstad. Vi sende dÅ fylgjande uttale:

“Ulvestad barneskule as er positive til det omsØkte tiltaket om bygging av ein vor i UlvestadfjØra pÅ Lauvstad. Vi nyttar området til friluftaktivitetar samt fagemne, og ein vor, slik det er skildra i sØknaden, vil etter vÅrt syn vere med pÅ Å gjere området meir attraktivt dÅ denne vil verne mot ver og vind som ofte gjer området mindre eigna enn Ønskjeleg. Vi oppmodar Forvaltningsstyret om Å gÅ inn for sØknaden slik at bÅde skulen og bygda fÅr eit enno meir attraktivt friluftsomrÅde.”

Vi har fÅtt opplysningar i ettertid om at denne utbygginga er kontroversiell og at der er grunneigarar som er imot. DÅ skulen ikkje ynskjer Å vere part i saker som ikkje vedkjem oss direkte ber me om at uttalen over, som var lagt fram for Forvaltningsstyret tysdag, vert trekt i si heilheit.

Vidare forstÅr vi det slik at saka kan klagast inn for Fylkesmannen. Vi vonar dÅ at uttalen vert fjerna frÅ vidare saksgang slik at den ikkje vil ha noko tyding i saka lenger.

Mvh

Ulvestad barneskule
Rektor BjØrn Breivik
www.skulen.no
post@skulen.no
www.facebook.com/barneskule
Tlf: 70055233

VOLDA KOMMUNE	
Saks. 2015/1798	Avd. VTV
Leper	Sts.
11 FEB 2016	
Arbeids	BYGG
Klassering P	160/3
Klassering S	

Til handsaming av klage vedk. Ulvestadfjóra.

Tilleggsopplysningar i kortform, frå initiativtakarane:

1. Området som det er mogleg å bygge naust på er svært begrensa. Her er det plassert nærare 20 tomter fordelt på 3 utskiftingar:
 Ulvestadhaug, gnr. 158 m/4 bruk
 Espenakk, gnr 159 m/3 bruk
 Ulvestad, gnr. 160 m/7 bruk
 Presset på området nord-syd er difor stort, men aust-vest er problemet motsett.
2. Etter tidlegare stort uttak av sand på bruk nr. 2 vart fjóra utfylt (fleire tusen kbm). Fjóra er difor idag altfor lang etter det opprinelege, ca 40 meter. Med dei kraftige bårane i retning frå Austefjord er dette nesten uhandterleg utan eit vern.
3. Vi er tre personar som har kome fram til ei svært god løysing for området: Bygging av kun ein vør på den sydeligaste tomte med ein vinkel nordover. Kall dette gjerne eit vern. Fjóra kan dermed innkortast til det opprinnelege.
4. Dersom vi ikkje får høve til dette, må vi bygge 3 stk vòrar som går utover plassen nord-syd, og problemet med den lange og ugjestmilde fjóra vert like stort.
5. Den planlagde vøren vil ikkje overstige høgda på allereie etablerte vòrar, og tap av utsyn vil difor ikkje vere eit tema. Det ville heller ikkje vere i vår interesse å gjere området mindre attraktivt til rekreasjon og hygge.
6. Vi tre tilhøyrer dugnadsgjengen som har sett i stand vegen, rydda skog, sett opp benkar med bålpanne, fjerna skrot og rydda badeplassen. Fri ferdsel og bruk av dette området er difor betra, og skal oppretthaldast 100%. Dette tiltaket vil vere eit bidrag til dette.

Venleg helsing

Oddvar Ulvestad

Oddvar Ulvestad

Erling Ulvestad

Erling Ulvestad

Per Gunnar Tilseth

Per Gunnar Tilseth



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POSTI «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1798	2061/2016	160/ 3	SVK/ UNNISTRA	18.02.2016

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - KLAGE PÅ VEDTAK - GBR 160/3 -
OPPFØRING AV NAUST OG FLYTTING AV VOR**

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 16.02.16, hadde føre ovannemnde som sak 20/16, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjolina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsom opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Planleggar Heidi Istad
Sakshandsamar byggesak Ingvild Kalvatn

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2015/1798

Arkivkode: 160/ 3

Utvalsaksnr **Utval**
20/16 Forvaltningsstyret

Møtedato
16.02.2016

GBR 160/3 - OPPFØRING AV NAUST OG FLYTTING AV VOR

Handsaming:

Brev mott. 11.02.16 frå Oddvar Ulvestad, Erling Ulvestad og Per Gunnar Tilseth vart lagt ut på lesebretta den 15.02.16. Epost av 16.02.16 frå rektor Bjørn Breivik ved Ulvestad barneskule vart utdelt på møtet.

Åshild Vik, SV, kom med fylgjande framlegg:

Forvaltningsstyret finn å kunne gi dispensasjon frå kommuneplanen/PBL i sak 89/15 om omsøkt molo.

Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsom opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Sindre Kvangarsnes, FRP, kom med fylgjande framlegg:

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Prøverøysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk tre røyster. Seks røysta mot.

Etter ein del drøfting trekte Åshild Vik fyrste delen av framlegget sitt. Åshild Vik og Sindre Kvangarsnes samordna framlegga sine og kom med fylgjande felles framlegg:

1. *Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
2. *Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsom opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og fellesframlegget frå Vik og Kvangarsnes, fekk fellesframlegget seks røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk tre røyster og fall (Magnar Sunde, Øyvind Festø og Margrete Trovåg).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 16.02.2016

1. *Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
2. *Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Ved å gi dispensasjon vil ein kunne sikre utvikling av eit meir attraktivt naustmiljø som sikrar ein vidareføring av tradisjonane for sjøbruk, fiske og friluftsliv for dei som er knytt til strandsona. Ein bør heller ikkje undervurdere verdien av dette i forhold til vidare busetting i området og dei omsøkte tiltaka vil vere positive for bygda. Fordelane er difor vurdert som klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon.

Forvaltningsstyret føreset at omsøkte tiltak må utførast med vekt på skånsom opparbeiding i forhold til miljø og naturmangfald og med god estetisk utforming.

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klaga kjem fram nye moment som gir grunn til endra haldning til saka. Forvaltningsstyret held derfor fast på vedtak i 89/15 og saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Vedleggsliste:

Klage frå Erling Ulvestad
Merknad til klage frå Ingelin og Inge Ulvestad
Sak 89/15 i Forvaltningsstyret den 08.12.2015

Uprenta saksvedlegg:

kommunedelplanen for Ulvestadbygda

Samandrag av saka:

Saka gjeld klage på forvaltningsstyret sitt vedtak i sak 89/15 den 08.12.2015. Der det vart gitt dispensasjon for oppføring av naust, men ikkje for vinkelvor/molo. Tiltakshavar har klaga på at det ikkje vart gitt dispensasjon for utbygging av vinkelvor/molo Ein rår til at vedtaket ikkje vert endra.

Saksopplysningar:

Kommunen mottok 26.08.2015 søknad frå Erling Ulvestad om løyve til oppføring av naust og flytting/oppføring av vor. På bakgrunn av ei forståing av at området for tiltaket var innanfor LNF-A område i kommunedelplanen for Ulvestadbygda vart søknaden handsama som dispensasjon frå denne kommunedelplanen. Det vart gjort følgjande vedtak i sak den 08.12.2015.:

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Tiltakshavar Erling Ulvestad har klaga på vedtaket i brev motteke 31.12.2015. Klagen er motteke innanfor klagefristen.

I klagen vert det hevda at vinkelvoren vil vere eit trivselstiltak som bevarer fjøra og vernar den mot utrønebåra og båra frå Austefjorden, slik at fjøra vert betre eigna til grilling, bading og fiske. Det vert vidare tilbakevist at det er ustabil grunn i fjøra og at det ikkje ser tegn til eit påstått ras. Her vert det vist til at ein opplevde grunnen som veldig stabil under opprusting av sjøvegen. Det vert også hevda at ein ikkje har planar om å stenge fjøra for ferdsel og viser til at det arbeidet som har vore gjort har opna fjøra for ferdsel. Tiltakshavar presiserer vidare at voren vil kunne byggast slik at den ikkje vert ustabil og at den vil vere med på å sikre nausta å legge til rette for ålmenta sin ferdsel og bruk i fjøra. Tiltakshavar peiker på at nausteigarane dei siste åra både har fjerna skog kring nausta og rusta opp sjøvegen slik at ein no får enklare tilkomst til naust og fjøre og at det også vil vere slik i framtida. Legg vidare vekt på at ein ønskjer å bygge ein felles vor framfor 3 som er alternativet og at dei ikkje ønskjer å stenge for ferdsel i fjøra. Peiker på at alle tiltak som er gjort i området er for å opne for ferdsel og trivsel.

Ingelin og Inge Ulvestad, som også hadde nabomerknad i saka, har i brev motteke 28.01.2016 kommentert klagen frå tiltakshavar. Dei hevder fjøra har vore lett tilgjengeleg for alle, utan bruk av traktor/høge støvlar, og at fjøra vert brukt av barnehage/skule, barn og unge. Dei peiker på at det ikkje er behov for molo for å nytte fjøra og meiner ein molo med høgde på 4 meter vert ein stor fare og at den ikkje vil opne fjøra. Dei tilbakeviser at ein ikkje kan bade etter kl. 12 og viser til at det i alle år har vore bad, mest etter kl. 12. Dei hevder vidare at det ikkje er vanleg å bygge ein molo med glatte loddrette veggjar for vern av naust, og at ein slik molo vil medføre at store bølger frå Austefjorden får tilbakeslag innpå nabotomtene. Dei meiner ein molo av knust rausa stein vil dempe bølgiene. Dei meiner det er håplaus grunn heilt opp til husa, med store tomrom(holer) under torva, og viser til at det har rausa under grøfting og at det fjøra hadde blåleire/kvikkleire. Det vert også halde fast på at det har gått eit langt undersjøisk ras i området. Dei stiller spørsmål om kva fall det vert på fjøra innanfor moloen når moloen skal plasserast innanfor marebakken. Dei konkluderer med at klagaren ikkje har komme med nye argument i saka.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har vurdert den tiltenkte vinkelvor/moloen som eit stort terrenginngrep og som eit uønska inngrep i sjølina, og har i sak 89/15 konkludert med å ikkje gi dispensasjon frå kommuneplanen og pbl. §1-8 for utbygging av moloen.

Det har ikkje komme fram nye opplysningar i klagen om vinkelvor/moloen som gir grunnlag for at det omsøkte tiltaket bør vurderast på ein annan måte enn i handsaminga av dispensasjonen. Det er vist til at ein ikkje har intensjon om å hindre bruk av og ferdsel i fjøra og det er peika på at tiltaket vil bli gjort for å opne for ferdsel og trivsel ved at m.a. vinkelvor/moloen vil verne fjøra for utrønebøra og båra frå Austefjorden. Ein har forståing for at det kan vere eit visst behov for å verne naust og fjøre for bølgepåverknad, men det er vanskeleg å sjå at ein vinkelvor/molo vil gi betre tilgjenge til fjøra for ålmenta.

I følgje pbl. §19-2 er det ikkje høve til å gi dispensasjon dersom omsyna bak bestemmelsen det dispenserast frå vert vesentleg sett til side. Jf. Pbl. §1-8 er det forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen, og ein skal særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser.

Ut frå opplysningar i søknaden er det eit faktum at vinkelvoren/moloen vil vere eit stort inngrep i den naturlege fjøra, der den er plassert midt i det heilskaplege naustmiljøet. Det omsøkte tiltaket vil medføre store endringar i landskap og kulturmiljø, og ein vinkelvor/molo med høgde som vist i søknaden vil gjere det vanskelegare og meir uttrygt for barn, unge og andre å ferdast i strandsona. Det er ut frå dette liten tvil om at det omsøkte tiltaket sett til side dei omsyna som ligg til grunn for byggeforbodet i strandsona, og det vil dermed ikkje vere høve til å gi dispensasjon jf. Pbl. §19-2. Det er ikkje gitt nye opplysningar i klagen om tiltaket sitt omfang, som kan vere med å endre vurderinga av vinkelvor/moloen som eit stort og dominerande inngrep i fjøra. Det er heller ikkje lagt fram forslag til endring av tiltaket som gjer at tiltaket kan vurderast på nytt.

Eg rår derfor til at Forvaltningsstyret held fast på vedtaket i sak 89/15 den 08.12.2015 om å ikkje gi dispensasjon frå kommuneplan og pbl. §1-8 for det omsøkte tiltaket.

Helse og miljøkonsekvensar:

Forslag til vedtak vil ikkje ha negative konsekvensar for helse og miljø.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege.

Naturmangfaldlova:

{Alle tiltak som kan få følgjer for naturen skal verte vurdert etter krava i [naturmangfaldlova](#)}

Forslag til vedtak legg ikkje til rette for tiltak som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Erling Ulvestad
Ingelin og Inge Ulvestad
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen, region midt

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda Kommune

Klage på sak PS 89/15

Eg klagar på vedtaket som var gjort i forvaltningsstyret 08.12.15. Begrunnelsen for klagen er argumentasjonen som er blitt brukt imot å lage vinkelvor.

Påstand 1:

Fjøra i det aktuelle området vert i dag mykje nytta til badeplass både for privatpersonar, skule og barnehage.

Svar: Det er faktisk eg i min søknad som argumenterer for det. Eg har vokse opp i denne fjøra. Når det er ein fin sommardag her på vestsida av Voldsfjorden, kjem utrøna med sterk vind ca kl 12.00. etter det er det so mykje bårer i fjøra att det ikkje går an å bade der. Etter eg fekk ungar sjølv ,er der nokre ildsjeler som har rydda ei badestrand i Løvikbogen 8 km frå Ulvestad. Dit inn vert ungane mine no køyrt for å bade i fjorden. Det vert no mulig både for gamle og unge, og ta seg ein tur i Ulvestadfjøra og grille, bade, fiske, ja rett og slett kose seg .Med vår vinkelvor vil me bevare fjøra ,men samtidig verne den mot utrønebåra og båra som kjem ifrå Austefjorden. Dette er eit trivselstiltak for bygda som nokre få privatpersonar tek kostnaden med.

Påstand 2:

Det er ustabil grunn i området, og ein vinkelvor stenger for ferdsel i fjøra.

Svar: Att det er ustabil grunn i fjøra er ein påstand som ikkje er dokumentert. Når me rusta opp Sjøveien opplevde me grunnen som veldig stabil . Når eg ser på flyfoto frå sunnmørskart, klarer eg ikkje å sjå noko tegn på ras i det aktuelle området.Eg har ingen planar om å stenge fjøra for ferdsel, det arbeidet som har vore gjort har opna fjøra for ferdsel.

Påstand 3

Den nye voren vert ustabil:

Svar: Har sagt i byggesøknaden att me kan bore ned mineborar og bruke betong i senter og på toppen av muren om det kjem krav eller ynskje om det.

Det vert og antyda i saksutgreiinga at den aktuelle vinkelvor liknar på ei havn. Eg har 2 havneplassar på småbåthavna på Lauvstad. Støda mi i Ulvestadfjøra skal bevarast som ei stød til feringen og prama som eg har i naustet. Vår agenda med å bygge vinkelvor er å sikre nausta våre, og å legge til rette for ålmenta sin ferdsel og bruk i fjøra, ikkje å stenge den.

På flyfoto frå sunnmørskart som ligg ved , ser ein kor tett skogen sto bak og ved sidan av nausta. Desse tredda stod til dels i veldig bratt skråning, og var allereide starta å dette både over naust og nedover i fjøra. For 2 år sidan rydda alle nausteigarane bak og ved sidan av nausta for tre og vegetasjon. Samtidig rusta me opp sjøveien slik att ein kjem til både naust og fjøre utan å bruke traktor eller høge støvlar. Det er no mulig å gå både bak ,og på framsida av nausta og det vil det vere muligheit for også i framtida.

I ein nyleg dom i høgsterett vert det presisert att eigedomsretten i fjøra gjeld til marabakken. I Ulvestadfjøra går marabakken ca 40m frå naustet mitt. Vinkelvoren er tenkt ca 25m frå naustet.

Håper forvaltningstyret ser verdien av att me bygg ein felles vor istaden for 3 som er alternativet. Og eg pressiserer igjen, me ønsker ikkje å stenge ferdselen i fjørja. Alt me har gjort hittil er å åpne for ferdsel og trivsel.

Mvh Erling Ulvestad



Ingelin og Inge Ulvestad

27.01.2016

VOLDLA KOMMUNE	
Saksnr	2015/1798
Løpnr	101
Avd.	UtU
Saks	Ingel
28 JAN 2016	
Arvnr.	BYGG
Klassering P	
Klassering S	

Volda Kommune

Viser til Erling Ulvestad sin klage på vedtak i sak PS 89/15.

Denne fjæra er og har vore lett tilgjengelig for alle, og det er ikkje slik at ein har måtte bruke traktor / høge støvlar for å komme til den.

Den er som nevnt brukt av barnehage/skule, gamle og unge. Det kan heyrast ut som om at det må ein molo til for ein kan rett kose seg i denne fjæra. Vi nyttar mykje denne fjæra ilag med barnebarn. Er det verkeleg kos å ta med barn til ein kaikant? Det er slik det vil føles, om denne moloen skulle komme her. Med ei højde på 4 meter blir det ei stor fare t.d. fall.

Du kan ikkje meine at dei med å bygge denne moloen, vil dei opne fjæra. At ein ikkje kan bade her etter kl. 12⁰⁰ er nytt for oss - det har vore bade her i alle dei år - mest etter kl 12⁰⁰.

Når det gjeld å varna om nausta, det er ikkje vanlig å bygge ein molo som murt, glatt lodderett vegg. Den vil når det er store belger frå Austefjorden få tilbakeslag innpå nabotomtene mot ulva, har det ikkje betydning det?

Derimot vil ein molo av knust rause stein dempe bølgene. Når det gjeld grunnforholda, er det håplaus grunn heilt opp til huset. Under søgghuset har det blitt store tomrom. Har rygge med traktor på marka, og trudd eg har mista bakhjul, då har det vore berre torva att, og 6-7 meter tomrom under. Ved grøfting har dei rause til 6m breidde. For oss som vaks opp i denne fjøra, så hugsar den som vil, at vi leika oss i blåleire, kvikkeleire. At det har gått eit langt undersjøisk ras er det faktiske.

Vist moloen ikkje skal trekkast ut mot marabakken, og her skal flyte vi prame på fjøre sjø, kva fall må dei ha på denne fjøra då?

Nei kan ikkje sjå at Erling Ulvestad har kome med nokon nye argument, som skulle påvirke vedtaket som blei gjort 08.12.2015.

Ingelin og Inge Ulvestad.



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/1798	12693/2015	160/ 3	SVK/ UNNISTRA	11.12.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN- OPPFØRING AV NAUST OG FLYTTING AV VOR GBR 160/3

Vi melder med dette frå at forvaltningsstyret den 08.12.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 89/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen, Region midt
Sakshandsamar Elisabeth Busengdal
Sakshandsamar byggesak Ingvild Kalvatn

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Elisabeth Busengdal Arkivsak nr.: 2015/1798
Arkivkode: 160/3

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
89/15	Forvaltningsstyret	08.12.2015

DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEDELPLAN- OPPFØRING AV NAUST OG FLYTTING AV VOR GBR 160/3

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes, FRP, kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 2:

- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Kvangarsnes, fekk tilrådinga frå administrasjonen 5 røyster og vart vedteken. Framlegget frå Kvangarsnes fekk 4 røyster og fall. (Kvangarsnes, Fylling, Rotevatn og Koppen).

Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*

2. *Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Vedleggsliste:

Søknad

Teikningar/foto/situasjonskart

Merknadar

Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan, Ulvestadbygda

Samandrag av saka:

Saka omhandlar søknad om dispensasjon frå kommunedelplan, Ulvestadbygda.

Området har reguleringsføre mål LNF sone A.

Tiltakshavar søker om oppføring av naust og utbygging av vinkelvor (molo).

Saka har vore ut på offentleg høyring, det ligg føre merknadar til saka.

Med omsyn til heile naustmiljøet for det aktuelle området, ligg det føre merknadar mot at det vert gjeve løyve til utbygging av vinkelvor.

Saksopplysningar:

I saka ligg det føre søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for Ulvestadbygda. Området er i kommuneplan vist som LNF sone A. Innanfor desse områda kan ikkje byggje- og anleggstiltak som ikkje har direkte tilknytning til landbruksnæringa tillatast. Tiltakshavar søker om oppføring av naust og utbygging av vinkelvor (molo). Moloen skal ifølgje tiltakshavar vere ei erstatning for vor både for gbr 160/3, 160/7 og 160/32. Det er tenkt at moloen skal vere 2 m brei, gå 25 m ut i sjø, og liggje 20 m langs sjølina. Den tiltenkte høgda på moloen er 4 m (Sjå vedlegg).

Fjøra i det aktuelle området vert i dag mykje nytta til badeplass både for privatpersonar, skular og barnehagar. Fjøra vert sett på som eit viktig leik- og rekreasjonsområde i nærmiljøet. I saka er naboar varsla og det ligg føre merknadar til saka. Merknadane frå naboar er knytt til eit ynskje om å bevare den fine stranda slik den ligg i dag, også for framtida. Vidare at det er ustabil grunn i området, og at ein så høg mur som er tiltenkt her, stenger for ferdsel i fjøra.

Saka har vore ute til høyring, det ligg føre fylgjande merknadar til saka. Møre og Romsdal fylkeskommune har utifrå sine ansvarsområde merknad til oppføring av vinkelvor:

”Utifrå omsyn til etterreformtoriske kulturminne har vi fylgjande merknad:

Dette er ei tradisjonell naustrekke med støer og opplagt stein etter tradisjonelt mønster, sjølv om få av nausta er særleg gamle. Vi har ikkje merknad til bygging av naust. Det som vert kalla eksisterande vor ligg på land ved fjøre sjø ifølgje bilete. Ny "vor" må så vidt vi forstår vere vesentleg større, og vil med krok på verte meir som ei lita båthamn. Slik den er plassert midt på rekka av naust ser vi denne som eit øydeleggande element i heilskapet. Ut frå omsyn til heile naustmiljøet rår vi difor i mot at det vert gjeve løyve i saka.”

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fylgjande merknadar knytt til oppføring av naust og vor:

”Naust: Etter det vi forstår, skal naustet som ligg der i dag rivast. Dette naustet har ei grunnflate på om lag 32 m², og det er søkt om å setje opp eit nytt naust med 50 m² BYA. Fylkesmannen rår til at utforming av naust følgjer følgjande prinsipp:

- *Naust skal vere bygd i éin etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m². Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.*
- *Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO —nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning*
- *Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA)*
- *Altan/ utkraging er ikkje tillate*

Bakgrunnen for desse råda er at naust større enn dette erfaringsmessig ofte blir innreidd og brukt som fritidshus. Fritidshus i strandsona verkar langt meir privatiserande enn naust gjer. I tillegg vil større naust ha mykje å seie for landskapsverknaden av naust og naustmiljø. Etersom dette er eit område som blir mykje nytta både til badeplass og leik, er det særleg viktig at ein sikrar området sine kvalitetar for ålmenta.

Vor: Det er oppgitt at denne skal vere 2 meter brei, men det er ikkje gitt opplysningar om verken eksakt høgde eller lengde, noko som er vesentlege opplysningar for å kunne vurdere tiltaket sitt omfang. Teikningane gir likevel grunnlag for å sjå at det er snakk om eit betydeleg inngrep i strandsona.

Trass i at det skal vere ei åpning i framkant av voren, vil den vere eit hinder for fri ferdsel. Avhengig av høgde, vil den også kunne gjere området meir utrygt for mindre born. Det er oppgitt at voren skal vere felles for tre eigedomar. Det er allereie fleire moloar i denne vesle bukta nord for Ulvestadelva, og med omsøkte tiltak vil det ikkje vere mykje att av strandsone som er egna for bading/rekreasjon for ålmenta.

Det er oppgitt at området blir mykje nytta til badeplass for både privatpersonar, skular og barnehagar. Omlag 500 meter unna ligg både skule og barnehage, og vi legg til grunn at området er av stor verdi som ein kvalitet i nærområdet til desse institusjonane.”

Konklusjon

Ut frå målet om å ivareta allmenne interesser og i dette tilfellet særleg med vekt på interessene til barn og unge, samt å unngå uheldig bygging langs sjøen, vil vi rå sterkt ifrå omsøkte vor/molo. Når det gjeld naustet, rår vi til at kommunen følgjer Fylkesmannens naustråd. Ein dispensasjon som ikkje er i tråd med desse merknadene, vil bli vurdert påklaga.”

Vurdering og konklusjon:

Kommunen vil kunne tilrå å gi dispensasjon frå kommunedelplan Ulvestadbygda for oppføring av nytt naust på tomta gbr 160/3. Oppføring av nytt naust trur kommunen kan vere eit positivt bidrag for heile naustmiljøet. Kommunen tilrår at fylkesmannen si tilråding om oppføring av naust ligg til grunn for tiltaket. Kommunen kan også tilrå å flytte eksisterande vor, slik denne ligg betre føre nytt naust i gbr 160/3, men med føresetnad at denne ligg fint i terrenget. Kommunen er positivt innstilt til at fleire grunneigarar går saman om ein felles vor, som vil gi færre inngrep i sjølina, men er skeptisk til utbygging av molo.

Utifrå dei vedlagte teikningane av vinkelvor (molo) i området gbr 160/3, vurderer kommunen den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina. Kommunen er samd i fylkeskommunen og fylkesmannen sin argumentasjon for utbygging av vinkelvor og ynskjer *ikkje* å tilrå tiltaket. Ein del av argumentasjonen her er at oppføring av vinkelvor (molo) vil vere øydeleggande for det tradisjonelle naustmiljøet, kommunen ynskjer heller ikkje å setje ein standard for å gi løyve til oppføring av moloar langs heile sjølina i det aktuelle området.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen særskilde endringar ved tiltaket, jf tilråding til vedtak.

Eventuell godkjenning av vor som omsøkt vil vere negativt sett i høve til natur og miljø.

Økonomiske konsekvensar:

Tiltaket har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen vesentlege.

Elisabeth Busengdal
Sakshandsamar, Utvikling

Utskrift av endeleg vedtak:

Erling Ulvestad
Inge Ulvestad
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Kopi til:

Jørgen Vestgarden

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

Pbl § 20-4 og SAK kap. 3

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/1798	DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET
Løpnr.	IK
28 AUG 2015	
Arkivdel: BYGG	
Klassering P: 160/3	
Klassering S:	

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan? Ja Nei

Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit? Ja Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir send til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156)

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuarar? Ja Nei

Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Søknaden gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	
	160 03					Volda	
Tiltaket si art	Adresse		Postnr.	Poststad			
	Ulvestad v. 21		6133	Lauvstad			
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebyggelse, pbl § 20-4 og SAK kap. 3						
	<input type="checkbox"/>	Tilbygg < 50 m ²		<input checked="" type="checkbox"/>	Frittliggende bygning (ikkje bustadformål) < 70 m ²		
	<input type="checkbox"/>	Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m ² , jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2					
	<input type="checkbox"/>	Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)					
	<input type="checkbox"/>	Bruksendring (frå tilleggsdel til hovuddel innanfor ei brukseining)					
<input checked="" type="checkbox"/>	Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1						
<input type="checkbox"/>	Oppretting/ending av matrikkeleining		<input type="checkbox"/>	Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/>	Anleggs-eigedom	
<input type="checkbox"/>			<input type="checkbox"/>	Festegrunn over 10 år		<input type="checkbox"/>	Arealoverføring
<input checked="" type="checkbox"/>	Anna:		Nærast og flytting av Vår				
	Planlagt bruk/formål		Beskriv Vårst.				


Arealdisponering						
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan					
	<input type="checkbox"/>	Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/>	Reguleringsplan	
			<input type="checkbox"/>	Utbyggingsplan		
	Namn på plan					
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA
			50			
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettleiling finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen					

Plassering			
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Plassering av tiltaket	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?		<input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		Vedlegg nr. Q -
Avstand	Minste avstand til nabogrense	0,8	m
	Minste avstand til anna bygning	2,6	m
	Minste avstand til midten av veg	7	m
Dette skal visast på situasjonsplanen			

Vedlegg til Byggesøknad naust 160/03

Når nausttomtene vart endra i jordskifte ca1985 ,vart stødene også endra retning på . Dette medfører att våren min må flyttast 3m utover i nederste enden. Istaden for å bygge ein vår på kvar tomt ,har 160/3,160/7 og 160/32 gått ilag og vil lage ein L-vår som vist på teikning.Me vil korte inn stødene med nokre meter. Stødene er nesten 30m frå naust og ned på nederste fjøra, dette fordi det har vore teke ut sand ifrå sandtaket ovanfor nausta og overskotsmasse har vorte fylt utover fjøra.

Me har planer om å mure opp ein vår i gråstein som vert ca 2m breid. Deretter vil me reinske opp fjøra og ta vekk store steinar. Allereide i dag er dette ein mykje brukt rekreasjons plass for barnehage,skule, ungdom og familiar som bade plass , grilling og kos. Me håper att dette kan verte ein endå trivlegare plass å vere for alle grupper nå me vernar mot sjøbårene og reinskar der opp. Det kjem til å verte ei åpning i framkant av våren for å sikre att ålmenta får fri ferdsel.



Erling Ulvestad 160/3



Oddvar Ulvestad 160/7



Per Gunnar Tilset 160/32

Svar på merknad frå Ingelin Midtbø Ulvestad og Inge Ulvestad på tiltak Gnr 160 Brnr.3,7 og32

Eg trur dette blir ei enda større og finare perle i fjøra etter att våren er bygd. Som eg skriv i vedlegg til Byggesøknad Naust, skal fjøra bevarast. Må kanskje kortast litt inn for å få tillflåt med båtane til dei respektive stødene. I Ulvestadfjøra er der 17 naust/tomter der mange av dei er smale (mellom 5 og 6m) det bør difor telje positivt når 3 stk går ilag om lage vern mot sjøbåra. I det omsnakka området er der allereide 3 vern.

Når det gjeld sikring av mur, skal den murast av eigar av br 32. Per Gunnar Tilset. Han har sett opp dei fleste gråsteinsmurane her i området dei seinare åra. Som ekstra sikring kjem me til å bore ned mineborar mellom skifta, og me kan hvis det er behov bruke armert betong som toppdekke på muren.

Ulvestad 25.08.2015

Erling Ulvestad










Fjæra som vert berøpt av
vinkelvår





ny grense mellom
160.03 og 160.02
etter jordskifte

eksisterende var
mellom 160.03 og 160.02



7500

NB! Alle mål henviser til ferdig innvendig vegg.

Tegningen er kun skisser for å vise planløsning/funksjonsmål, og skal ikke brukes som arbeidstegninger for byggtferelse.

ALLE MÅL KONTROLLERES PÅ BYGGEPLASSEN. Byggekonstruksjonen dimensjoneres og utføres etter anvisning fra godkjent konsulent.

Godkjenning av husdyrrom:


Eier/bruker skal melde fra til det lokale Mattilsynet før inngangsetting av nybygging eller ominnredning. Byggeplanene skal forelegges det lokale Mattilsynet på anmodning. Det skal ikke settes inn dyr i et nytt eller ominnredet dyrerom før Mattilsynet har gitt godkjenning.

Tegningen er Felleskjøpets eiendom og må ikke:
 -kopieres for bruk av konkurrerende firmaer.
 -brukes til byggesøknad/byggemelding.
 -brukes som byggetegning.

1:200

Bygging				
Navn	Naust 160			
Adresse				
Sted				
1:200		Blant	Regn	Utv. år
Sjå skisseplan/te-plant				

Rev - 10.05-15



Volda kommune - oppføring av naust og flytting av vor gbnr 160/3 - dispensasjon fra kommuneplan

Vi viser til oversending av overnemnde sak for høyring, dagsett 30.9.2015.

Utifrå omsyn til etterreformatoriske kulturminne har vi fylgjande merknad:

Dette er ei tradisjonell naustrekke med støer og opplagt stein etter tradisjonelt mønster, sjøl om få av nausta er særleg gamle.

Vi har ikkje merknad til bygging av naust. Det som vert kalla eksisterande vor ligg på land ved fjøre sjø i følge bilete.

Ny "vor" må så vidt vi forstår vere vesentleg større, og vil med krok på verte meir som ei lita båthamn.

Slik den er plassert midt på

rekka av naust ser vi denne som eit øydeleggande element i heilskapet. Ut frå omsyn til heile

naustmiljøet rå vi difor i mot at det vert gjeve

løyve i saka.

Med venleg helsing

Øyunn Kleiva

Arkeolog/Rådgjevar kulturvern

Kulturavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sakshandsamar etterreformatoriske kulturminne: Toril Moltubakk

Merkrader på tiltak på Gnr. 160. Br.nr. 3-7 og 32.

ang. Vinkulvår, molo.

Mottake nabovarsel 01.08.15.

Èg er einig i at denne strekinga i fjøra er den finaste, og også til leik og bading, og eg meiner vi derfor skal bevare ^{den} slik også for framtida.

Èin vår i fjøra er med fall som fjøra, som ein går i båten frå så langt fram som sjøen går. Det vil sålvs ikke vere ein høg mur ved fjøre sjø. Vi har tomt og stød inntil denne tenkte mur, som vert hengande over seg når ein oppheld seg i støda. Og som vil skjære av området for furdseil og sikt. Barn utforskar området også på fjøre sjø, og det blir høgt rett i steinane frå muren.

Det er fjøra i vår tomt vi har og forholde oss til, vi kan ikke basere oss på andres tomter. Èin mūr på 2m breidde og så høg blir ikke stabil, så er det kvern som tek på justeringane om 10-15 år. Med ei slik høgd kan ikke utglidne steinar berre henge slik i sin rundt om på lavere murar. Det har tidlegare gått eit langt ras eller utglidning frå marabakken på dette området, det må vi tenke på når vi belastar kanten.

Vist nausteigarane vidare til edra vil ha same opplegget, vil vi frå sjøen sjå berre iin fylling huli strandline.

På nordsida av utfyllinga til br.nr. 4, har
det vore forsøkt reinsking av tare med maskin,
men den kjem fort tilbake. Slik er det ikke på
Søkt område da fin sand frå elva blir vaska
fram. Så her hentar faktisk folk sand, med
vinkelvår (molo) vil ikke sanden slippe inn, og
taren tar over.

Vi går med dette imot vinkelvår (molo) og håper
denne perla i naturen blir bevart slik også
i framtida.

Ingrid Hættestad

Inge Hættestad



Statens vegvesen

Volda kommune
ved Elisabeth Busengdal
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Norvald Walderhaug -

Vår referanse:
2015/123115-002

Dykkar referanse:
2015/1798

Vår dato:
02.10.2015

Fv 652 - Høring - Gnr. 160 bnr. 3 i Volda kommune - Dispensasjon frå kommuneplan / delplan - Oppføring av naust og flytting av vor - Uttale

Vi viser til e-post datert 30.9.2015 med dokument vedrørende søknad om dispensasjon frå kommunedelplan for oppføring av nauststø/mur på eigedomen 160/3 i Volda kommune. Statens vegvesen har utifrå sitt ansvarsområde ingen merknad til søknaden.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Birgit Hamre Moe
for Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per N. Walderhaug
Per Norvald Walderhaug

Kopi: Fylkesmannen
Fylkeskommunen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jørgen Vestgarden	Arkivsak nr.:	2015/2137
		Arkivkode:	131/ 7

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/16	Forvaltningsstyret	12.04.2016

KLAGE PÅ LØYVE, GBR 131/7

Administrasjonen si tilråding:

1. Forvaltningsstyret finn ikkje at det i klagen kjem fram nye moment som gir grunn til endra konklusjon i saka. Forvaltningsstyret held såleis fast på vedtak 298/15 samt endringsvedtaket 338/15.
2. Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å gi utsetjande verknad av løyvet.

Vedleggsliste:

Søknad om løyve til tiltak m/vedlegg, datert 25.10.2015
Løyve til tiltak, datert 13.11.2015
Klage på vedtak, datert 23.11.2015
Endrings søknad m/vedlegg, datert 06.12.2015
Førebels svar på endrings søknad (epost sendt 09.12.2015)
Oppdatert endrings søknad, datert 09.12.2015 med ny situasjonsplan og snitt
Kommentar til klage, datert 09.12.2015
Merknad til endrings søknad, datert 14.12.2015
Kommentar til merknad, datert 22.12.2015
Løyve til endring, datert 29.12.2015
Klage på endringsløyve, datert 04.01.2016
Plankart og utklipp frå føresegn for Detaljregulering for settefiskanlegg i Steinsvika, godkjent 15.12.2011.

Uprenta saksvedlegg:

Resterande dokument i saka.

Samandrag av saka:

Det er søkt om og gitt løyve til utfylling i sjø og etablering av ein ny flytebrygge på gbr 131/7. Både sjølve løyve til tiltak og endringsløyve er påklaga av eigar av naboeigedomen. Ein rår til å helde fast på begge vedtaka.

Saksopplysningar:

Det vart først søkt om ei fylling i sjø ut frå gbr 131/7 på 13 x 8 meter. I tillegg søkte ein om å etablere ein ny flytebrygge på 16 x 2 meter og fjerne eksisterande flytebrygge. Det vart gitt løyve til dette på visse vilkår og dette vart påklaga av eigar av naboeigedomen gbr 131/5. Etter dette vart det søkt om endring av gitt løyve. Endringa omfatta at fyllinga skulle gå 8 meter lenger ut og også ligge framfor eigedomane gbr 131/44, gbr 131/55 og gbr 131/45. I tillegg vart flytebrygga trekt tilsvarande lenger ut og auka i lengde til 18 x 2 meter. Det vart gitt endringsløyve og dette vart også påklaga av same nabo.

Vurdering og konklusjon:

Begge klagene er levert innafor lovbestemt klagefrist. Vi har valt å handsama dette som ein klagesak da endringsløyvet delvis erstattar det opphavlege løyve.

I hovudsak går handlar klagesaka om tiltakshavar har dei privatrettslege tilhøva på plass for å få godkjent omsøkte tiltak. Jf pbl § 21-6 så skal bygningsmynde i utgangspunktet ikkje ta stilling til privatrettslege forhold:

” Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, skal søknaden avvises. Tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold. Kommunen kan fastsette frist for supplering av søknaden.”

Eigedomen aust for planlagt tiltak står som eigarlaus i Matrikkelen, men ut frå søknad så vert det opplyst at det er Jon M. Steinsvik som er eigar. I ein dom frå Høgsterett (HR-2011-814-A) er dette med eigedomsrett til sjøgrunn og kor langt retten strekker seg omtala. Hovudregelen er at eigarar av grunn ned til strandline har eigedomsrett ut i sjøen til marbakken eller, viss marbakke ikkje kan verte påvist, til to meters djupne ved middels vasstand. I følgje tiltakshavar er planlagt tiltak utanfor eigedomsretten til denne nemnte naboeigedomen. Marbakken er innteikna på situasjonsplanen. Utanfor marbakken ligg sektorane til eigedomane. Sektoren er en geometrisk forlengelse av eiendommen. Eigar av gbr 131/5 har, som alle andre, også gbr 131/7, ein rekke særrettar i sin sektor, kalt strandrett. Strandrett kan også verte kalla bruksrett eller som ein ”fortynna del” av eigedomsretten. Gbr 131/5 har ikkje ”eigedom” eller ”eigedomsrett” utanfor marbakken. Begrepa eigedom og strandrett bør ikkje verte blanda.

Når det gjeld fyllinga så har eigar av gbr 131/7 eksklusiv utfyllingsrett i sin sektor som ein del av strandretten. Aust for tiltaket ligger gbr 131/5 sin sektor med strandretter og ikkje eigedomen med eigedomsrettar.

Det avgjerande er nok flytebrygga. Vi vurderar det slik at det tiltakshavar kan få løyve til omsøkt plassering flytebrygga under føresetnad at den ikkje kjem i konflikt med naboeigedomens forventar rett, eller at desse vert krenka. Eigedomen gbr 131/5 meiner vi vil framleis ha sine viktige strandrettar i behald som til dømes tilkomst, bading og fiske.

Ut frå dette så er det ikkje openbart for oss at tiltakshavar *ikkje* har dei privatrettslege rett, som søknaden krev. Vi tilrår derfor ein held fast på vedtaka og vi kan heller ikkje sjå at det er grunn for å gi utsetjande verknad av gitte løyver.

Helse og miljøkonsekvensar:

Området er regulert til småbåthamn så dette skal vere vurdert i samband med detaljreguleringa.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Naturmangfaldlova:

Området er regulert til småbåthamn så dette skal vere vurdert i samband med detaljreguleringa.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi til:

Byggmester Steinar Steinsvik
Sindre Kvangarsnes
Jon M. Steinsvik

Søknad om tillatelse til tiltak

etter plan- og bygningsloven § 93

- Enkle tiltak
 Ett-trinns søknadsbehandling
 Rammetillatelse

Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søkerForeligger sentral godkjenning Ja NeiVedtaksdato
(fylles ut av kommunen)

Til kommune: (Søknad med vedlegg fylles ut og leveres i 1 eksemplar, ev ekstra sett etter avtale med kommunen)

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? Ja Nei

Hvis ja, skal søknad NBR nr. 5177 med vedlegg sendes til Arbeidstilsynet.

Søknaden gjelder

Eiendom/ byggested	Gnr	Bnr	Festnr	Seksjonsnr	Bygningsnr	Bolignr
	131	7				
	Adresse		Postnr	Poststed		
	Dalsfjordvegen 1994		6120	Folkestad		
Tiltakets art pbl § 93 <small>(flere kryss mulig)</small>	Nye bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Frittliggende	<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg			
		<input type="checkbox"/> Parkeringsplass	<input type="checkbox"/> Anlegg <input type="checkbox"/> Vei	<input type="checkbox"/> Vesentlige terrenginngrep		
	Endring av bygg	<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Fasade	<input type="checkbox"/> Reparasjon		
	Endring av bruk	<input type="checkbox"/> Bruksendring	<input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift			
	Riving	<input type="checkbox"/> Hele bygg	<input type="checkbox"/> Deler av bygg	<input type="checkbox"/> Anlegg		
	Bygn. tekniske inst. *)	<input type="checkbox"/> Nyanlegg	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon		
	Endring av boligenh.	<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Sammenføyning			
	Innhegning, skilt	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.			
	Eiendomsdeling **)	<input type="checkbox"/> Deling	<input type="checkbox"/> Bortfeste	<input type="checkbox"/> Sammenføyning		
	Annet	- beskriv Fylling i strandsona og flytebrygge				

*) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak
 **) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Kart- og delingsforretning behandles etter delingsloven. Hjemmelinnehaver underskriver som tiltakshaver

Ansvar og kontroll

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og at de enkelte foretakssystemer for kontroll dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven.

Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr fra - til	Ikke relevant
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon	A	-	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknader	B	-	<input type="checkbox"/>
Gjenpart av nabovarsel, naboprotester, merknader til naboprotester	C	1 - 5	<input type="checkbox"/>
Kart, situasjonsplan, rekvisisjon av kart- og delingsforretning	D	1 - 3	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser og tegninger	E	1 - 3	<input type="checkbox"/>
Søknader om ansvarsrett og kontrollplan, godkjenningsbevis, søknad om lokal godkjenning	F	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Kontrollplan for viktige og kritiske områder, kontrollerkjøringer	G	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i GAB	H	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttalelser fra andre offentlige myndigheter	I	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	J	-	<input type="checkbox"/>

Underskrifter

Ansvarlig søker (SØK) for tiltaket		Tiltakshaver	
Foretak	Byggherren Steinar Steinsvik	Navn	Sindre Kvangarsnes
Adresse	Dalsfjordvegen 1990	Adresse	Dalsfjordvegen 1994
Postnr	6120	Poststed	Folkestad
Organisasjonsnr	970341447	Telefon	70053117
Kontaktperson	Steinar Steinsvik	Mobiltelefon	97873443
E-postadresse	ssteinsvik@tussa.com	Telefaks	
Dato	25/10 15	Underskrift	S. Steinsvik
Gjentas med blokkbokstaver	STEINAR STEINSVIK	Dato	25.10.15
		Underskrift	Sindre Kvangarsnes
		Gjentas med blokkbokstaver	SINDRE KVANGARSNES

Steinar Steinsvik

6120 Folkestad

Steinsvik 5/10-2015

Vedk. søknad og nabovarsel, Dat. 27/9-2015

Har motteke søknad og nabovarsel frå Steinar Steinsvik og
Sindre Kvangardsnes 6120 Folkestad.

Dei har planlagt og plassere ei flytebrygge inne på min eigedom
som ligg aust for deira sitt område.

Begge får same svaret: Eg kjem ikkje til å gje løyve til dette,
Samstundes er det snakk om ei fylling i strandsona: Den må
plasserast i lovleg avstand til mi byteline.

Med helsing


Jon M. Steinsvik

Jon M Steinsvik




1:1000

19.10.2015



Kartopplysninger som vert kravd ved omsetning av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

21.09.2015




je kommunen ansvarlig. Situasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.



1:500

21.09.2015



© Kartverket

Kartopplysningar som vert kravd ved omsetting av eigedomar, skal tingast skriftleg hjå kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig. Situasjonkart som skal nyttast i søknadar SKAL ha påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1000 eller 1:500.

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2137	Ansvar UTV
Løpenr.	Stnr INØVAL
27. OKT 2015	
Ansvarsdelt.	BYGG
Klassering P.	131/4
Klassering S.	

Søknad om tillatelse til tiltak

Søknaden gjeld flytting av flytebrygge, samt mindre tiltak i strandsone.

I forbindelse med reguleringsarbeid angående utviding av Steinsvik settefiskanlegg, vart det innregulert areal til småbåtanlegg i tilknytning til etablert turistvirksomheit og naust i området. Reguleringsplanen er eigengodkjent i Volda kommunestyre den 29.12.2011. Ref 2012/97

Arealet er avsett til blant anna etablering av småbåtanlegg, flytebrygger og molo. Tiltakshavar driv turistvirksomheit og har behov for sikker bryggeplass. **Det søkes herved om tillatelse til flytting av eksisterande brygge, samt mindre tiltak i strandsone.**

Tiltakshavar driv med hus/båutleige gjennom det turistbaserte foretaket Steinsvik Fjordfiske. Dagens situasjon for oppbevaring av båtane ved flytebrygge er svært lite tilfredsstillande. Det ligg på ein plass som er meget utsett for nordavind, ei vindretning som vi stort sett har gjennom heile turistsesongen. Det er derfor behov for og snu retninga på eksisterande flytebrygge, slik at den gir betre beskyttelse for båtane. Dette medfører behov for og fylle ut eit areal nord for etablert molo.

Tiltaket vil verte gjennomført i regi av Steinsvik Fjordfiske som allereide etablert turistvirksomheit.

Tiltakshavar har lodda stemninga i bygda for og bygge eit større moloanlegg. Dette har det ikkje lukkast og få nok interessentar til og gjennomføre.

Reguleringsplanen legg til rette for avkjørsle og parkeringsareal og det skal vere mulig for ålmenta og ferdast i småbåtanlegget.

Nabovarsel

Det er utsendt nabovarsel til aktuelle naboar til tiltaket, og det er innkome merknad frå Jon M Steinsvik gbrnr 131/5. Han eig strandsona aust for eignedomen til Sindre Kvangarsnes. Han hevdar at det er søkt om og plassere ei

flytebrygge inn på hans eigeidom, kommentar; Flytebrygga er plassert langt utanfor grensa til der hans private eigeidomsrett gjeld og innspelet er derfor ikkje relevant. Han krev vidare at fylling i strandsona skal skje i lovleg avstand frå hans eigeidom. Kommentar; Utifrå tilgjengelege kartdata og eigeidomsgrenser, så kjem fyllinga i lovleg avstand frå der hans private eigeidomsrett gjeld, og er derfor ikkje relevant.

Steinsvik 19.10.2015

Steinar Steinsvik



- BEST PÅ PE-DELER

PRISLISTE 2013

FLYTEBRYGGE



	315 MM RAMME	INKLUDERT DEKKE	400 MM RAMME	INKLUDERT DEKKE
2 x 4 meter	13 800	23 300	16 500	26 000
2,4 x 6 meter	17 400	29 300	23 200	35 100
3 x 7 meter	18 400	32 100	23 800	37 500



MED ELLER UTEN DEKKE

60 CM C/C BJELKELAG

ANDRE MÅL ETTER FORESPØRSEL

DEKKE AV 28x120MM IMPREGNERTE
TERASSEBORD

PRISER UTEN MVA

Toleranser : + - 50mm

6750 Stadlandet

Tlf: 57 85 68 80

Faks: 57 85 68 81

stadpipe@stadpipe.no

www.stadpipe.no



Fylling og Flytebrygge Sindre Kvangarsnes

Fyllinga vert lagt inntil eigedom 131/45.


Fyllinga er $13 \cdot 8\text{m} = 104\text{m}^2$

Høgda frå sjøbotnen 3,55m til kote 2 = 369,2m³

Flyte brygge er 16m lang og 2m breid Og vert lgande mot aust som vist på teikninga

Når det gjeld avstand til grensa til 131/5 er dei kanskje litt uklare når det gjeld kor langt ut i sjøen den går men vist det er 2m på midelsvanstand skal avstandane til grensa vere rikeleg når det gjeld 4m grensa

2.5 GEO



F10

Fjærr

Dybde ca 4-6 m

Blanding av
Skotstein og
elvmasse
Godt drenerende
masse.



Byggmester Steinar Steinsvik
Dalsfjordvegen 1990
6120 FOLKESTAD

Arkivsak nr. 2015/2137 Løpenr. 11650/2015 Arkivkode 131/7 Vedtaksnr. 298/15 Avd/sakshandsamar UTV/INGVKAL Dato 20.11.2015

LØYVE TIL TILTAK
etter plan- og bygningslova § 20-1

Tiltak	Nytt anlegg - nytt anlegg/konstruksjon		
Byggestad	Dalsfjordvegen 1994, 6120 FOLKESTAD	Gnr/Bnr	131/7
Tiltakshavar	Sindre Kvangarsnes	Ansvarleg søkjar	Byggmester Steinar Steinsvik
Adresse	Dalsfjordvegen 1994 6120 FOLKESTAD	Adresse	Dalsfjordvegen 1990 6120 FOLKESTAD

DELEGERT VEDTAK

- A. Med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter, vedtekter og delegasjonar, vert søknaden om løyve til fylling i sjø og flytting av flytebrygge, godkjend.
- B. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
1. Situasjonsplan, datert 21.09.2015.
 2. Illustrasjon, vedlagt søknad.
 3. Snitt, vedlagt søknad.
 4. Gjennomføringsplan, datert 28.10.2015.
- C. Det vert sett følgjande vilkår i saka:
1. Masser som skal nyttast til fylling er reine massar som ikkje bryt med krava i Forureiningslova.
 2. Fyllingsfoten må ikkje gå inn på naboeigedom i aust.
 3. Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.
- D. Følgjande føretak vert godkjende i samband med denne saka, jf. kap. 9 i byggesaksforskriften (SAK 10) og pbl § 22-3 :

Føretak og organisasjonsnr.	Funksjon (SØK, PRO, UTF, kontroll)	Beskriving av ansvarsområdet (arbeid)	Tiltaks-klasse
Byggmester Steinar Steinsvik 970 341 447	SØK	Heile tiltaket	1
Byggmester Steinar Steinsvik 970 341 447	PRO, UTF	Utlegging og forankring av flytebrygge	1

Kvangarsnes Maskin 993 448 893	PRO, UTF	Utfylling og plastring	1
-----------------------------------	----------	------------------------	---

E. Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.

Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

SAKSUTGREIING

Om søknaden og tiltaket

Det ligg føre søknad, datert 25.10.2015, innregistrert 27.10.2015, om løyve til Nytt anlegg - nytt anlegg/konstruksjon. Søknaden omfattar fylling i sjø og flytting av flytebrygge. Fyllinga i sjø vert 13×8 meter, flytebrygga er 16×2 meter.

Ansvarleg søkjar er Byggmester Steinar Steinsvik, og tiltakshavar er Sindre Kvangarsnes. Saka var komplett for handsaming den 16.11.2015.

Gjeldande plangrunnlag

Eigedomen er i gjeldande reguleringsplan Detaljregulering for settefisanlegg i Steinsvika godkjent 15.12.2011 regulert til småbåtanlegg.

Nabovarsling (pbl § 21-3)

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre merknad frå nabo Jon M. Steinsvik, eigar av gnr 131, bnr 5, datert 05.10.2015. Merknaden går i hovudsak ut på følgjande:

- *”Dei har planlagt og plassere ei flytebrygge inne på min eigedom som ligg aust for deira sitt område. Begge får same svaret: eg kjem ikkje til å gje løyve til dette, samstundes er det snakk om ei fylling i strandsona, den må plasserast i lovleg avstand til mi byteline.”*

Ansvarleg søkjar sine kommentarar til merknader:

- *”Han hevdar at det er søkt om og plassere ei flytebrygge inn på hans eigedom, kommentar; Flytebrygga er plassert langt utanfor grensa til der hans private eigedomsrett gjeld og innspelet er derfor ikkje relevant. Han krev vidare at fylling i strandsona skal skje i lovleg avstand frå hans eigedom. Kommentar; Utifrå tilgjengelege kartdata og eigedomsgrenser, så kjem fyllinga i lovleg avstand frå der hans private eigedomsrett gjeld, og er derfor ikkje relevant. Når det gjeld avstand til grensa til 131/5 er dei kanskje litt uklare når det gjeld kor langt ut i sjøen den går men vist det er 2m på midelsvanstand skal avstandane til grensa vere rikeleg når det gjeld 4m grensa”*

Kommunen sine kommentarar til merknader:

- Jon M. Steinsvik meiner at flytebrygga vert liggande på hans eigedom og at fyllinga må verte plassert i lovleg avstand til hans eigedom. Jf pbl § 21-6 så skal bygningsmynde i utgangspunktet ikkje ta stilling til privatrettslege forhold:

” Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, skal søknaden avvises. Tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold. Kommunen kan fastsette frist for supplering av søknaden.”

Eigedomen aust for planlagt tiltak står som eigarlaus i Matrikkelen, men ut frå søknad så vert det opplyst at det er Jon M. Steinsvik som er eigar. I ein dom frå Høgsterett (HR-2011-814-A) er dette med eigedomsrett til sjøgrunn og kor langt retten strekker seg omtala. Hovudregelen er at eigarar av grunn ned til strandline har eigedomsrett ut i sjøen til marbakken eller, viss markbakke ikkje kan verte påvist, til to meters djupne ved middels vasstand. I følgje tiltakshavar er planlagt tiltak utanfor eigedomsretten til denne nemnte naboeigedomen. Flytebrygga ligg så langt ute at heller ikkje tiltakshavar har eigedomsrett her. Sidan tiltaket er innafor reguleringsføremålet, småbåthamn, så vurderar vi det heller ikkje som openbart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar som søknaden krev. Søknaden vert dermed ikkje avvist grunna manglande

privatrettslege rettar. Når det gjeld utfyllinga har vi satt som vilkår at fyllingsfoten ikkje må gå inn på naboeigedom i aust.

Utforming av tiltaket / visuelle kvalitetar (pbl §§ (28-7,) 29-1 til 29-3)

Tiltaket er vurdert til å ha ei tilfredsstillande estetisk utforming.

Tryggleik mot naturpåkjenningar (pbl § 28-1)

Det er opplyst at bygningen skal plasserast i område som ikkje er utsett for fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve.

Plassering av tiltak (pbl § 29-4)

Vi kan ikkje sjå at tiltaket legg nokon særlege avgrensingar på naboeigedomar og tiltakets høgde og plassering er da vurdert som tilfredsstillande.

Tilkomst og parkering (veglova §§ 40-43 og pbl §§ 27-4 og 28-7)

Tiltaket medfører ingen ny eller endra tilkomst.

Vassforsyning og avløp (pbl §§ 27-1 og 27-2)

Tiltaket medfører ingen endring.

Ansvar og kontrollomfang (pbl § 23-1 og SAK §§ 9-3, 14-3 og 14-5)

Kvangarsnes Maskin søker lokal godkjenning for prosjektering og utføring av utfylling og plastring. Formell og reell kompetanse er vurdert å vere fullt ut tilfredsstillande for tiltaket, og det er sannsynleggjort at tiltaket vil verte gjennomført i samsvar med byggereglane.

Byggmester Steinar Steinsvik søker lokal godkjenning for søkarrolla for heile prosjektet og prosjekteringa, samt utføring av utlegging og forankring. Formell og reell kompetanse er vurdert å vere fullt ut tilfredsstillande for tiltaket, og det er sannsynleggjort at tiltaket vil verte gjennomført i samsvar med byggereglane.

Gjennomføringsplan

Det er innlevert gjennomføringsplan frå ansvarleg søker, datert 28.10.2015. Ved søknad om igangsettingsløyve / ferdigattest / mellombels bruksløyve må oppdatert gjennomføringsplan innleverast til kommunen. Ansvarleg søker skal datere og signere planen kvar gong den skal innsendast, jf. § 5-3 i byggesaksforskriften (SAK10).

Sakshandsamingsgebyr

Utfylling og utlegging av flytebrygge	kr	7 800,-
Ansvarsrettar	kr	2 000,-
Etterspørring av manglande opplysningar i søknad	kr	1 050,-
<hr/>		
Sum sakshandsamingsgebyr	kr	10 850,-

Faktura for sakshandsamingsgebyr vert ettersendt i etterkant.

Dokumentliste

Søknad om løyve til tiltak m/ vedlegg, datert 25.10.2015, motteke 27.10.2015.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Ingvild Kalvatn
Ingeniør

Utskrift/kopi til:
- Sindre Kvangarsnes
- Jon M. Steinsvik

Generelle opplysningar

Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1	
Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år. Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.	
Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.	
Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.	
Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.	

Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak	
Klagerett	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
Kven kan De klage til	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veker frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
Rett til å krevje grunngeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngevinga.
Innhaldet i klaga	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
Utsetjing av vedtak	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved ev. klagesak	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkja vesentlege kostnader i samband med saka.
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Steinsvik 23/11- 2015

Har mottatte kopi av brev frå Volda kommune til Steinar Steinsvik og S. Kvangardsnes Vedk. sak 2015/2137, der sakshandsamaren gjev løyve til at søkjar og tiltakshavar får legge flytebrygge inn på min eigedom i "Monsbugen" og lage fylling i sjøkanten, sakshandsamar grunngjev løyvet med at eg eig ikkje i området men seier samstundes at foten av fyllinga ikkje må kome inn på min eigedom sitat "fyllingsfoten må ikkje gå inn på naboeigedom i aust" sitat slutt så her er han klar over at det er mitt område.

Det er underleg at sakshandsamar har eit anna syn på eigedomstilhøva i sjøen i dette område enn tidlegare sakshandsamar i kommunen.

For ein del år sidan sette tiltakshavar i denne saka og Møre skofabrikk igang med og fylle ut ein molo i same området, arbeidet vart stogga av Volda kommune fordi moloen kom inn på mitt område og byggjarane måtte då fjerne den påbegynte moloen for det var ikkje tvil om eigedomstilhøva området høyrde til gnr. 131/bnr 5, som er mitt gårds og bruksnr.

Kjem ikkje til og godta dette løyvet som her er gjeve og ser på det som eit overgrep mot meg frå kommunen, Det vil gje mitt område ein betydeleg redusert bruksverdi, og kjem itillegg til tidlegare løyve som kommunen har gjeve tiltakshavar då han fekk løyve til å bygge turistbustad kloss inntil mitt øyte og stikk i strid med gjeldande lov om lovleg byggeavstand til nabobyte.

adr. Steinsvikvegen 10
6120 Folkestad

Med helsing
Jon M Steinsvik

Jon M Steinsvik

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr.	2015/2137
Løpnr.	131/7
26 NOV 2015	
Arkivdel	BYGG
Klassering P	131/7
Klassering S	

Endringssøknad

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2137	A. UTV
Løpenr.	INGVKAL
7 DES 2015	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	131 / 7
Klassering S:	

Viser til løyve gitt i sak nr 2015/2137

I opprinneleg søknaden er det teke utgangspunkt i at eigedomsretten gjeld to meter under middels vannstand. I løyvet gitt for søknaden er det lagt vekt på ein domsavsigelse frå høgsterett, der det vert sagt at eigedomsretten gjeld til marbakken.


Dette gjer at eg vil justere søknaden tilpassa desse promissane. **Eg søker herved om å justere fyllinga til desse premissane.** I gjeldande reguleringsplan er det lagt til grunn at det kan byggast ein molo med utspring frå denne fyllinga. Eg vil derfor justere denne fyllinga slik at ein ved seinare høve kan bygge denne moloen utan og kome i konflikt med naboens eigedomsgrænse. Dette inneber at eg vil fylle 8 meter lenger ut i sjø.


Dette vil samstundes bidra til at flytebrygge og båtar kjem lenger vekk ifrå naboens eigedom.

Eg vurderer denne endringa i tiltaket sopass lita at nytt nabovarsel er unødvendig. Grunnlaget for denne vurderinga ligg i at der ikkje var innkomne merknader til tiltaket frå nokon av naboane bortsett frå han som tiltaket grensar mot i aust, og denne endringa vil vere til beste for han.

Steinsvik 06.12.2015

Steinar Steinsvik
S. Steinsvik
Ansvarleg søkjar.





5-1. Illustrasjonsskisse over plassering av bygg, parkering, konstruksjonar, erstatningsnaust, nye naust, båtopptrekk, molo, småbåtanlegg og fylling i sjø. Illustrasjonsplanen syner mogleg plassering og dimensjoner av dei ulike tiltaka. Illustrasjonsplanen er ikkje bindande. Stripla linje syner byggegrense henta frå plankart.



Bilde til venstre: Aktuelt område for naustrekke og kaifront.



Bilde til høgre: Aktuelt område for brygge og småbåtanlegg.



Bilde til venstre: Bygg som skal omregulerast til utleiehytte, Steinsvik Fjordfiske.



Bilde til høgre: Eksisterande fellesnaust på bryggekannten. Bygget vert føreset fjerna.

Morn

Sender deg kommentar til klaga frå Jon M Steinsvik.

Som du ser vil eg trekke fyllinga lenger ut slik at eg ikkje kjem i konflikt med hans påståtte eigedomsrett.

Når det gjeld nabovarsling til denne endringa finn eg det naturleg og varsle Jon M Steinsvik og eigarane av nauset som fyllinga vedkjem, samt Marine Harvest.

Oppdatert situasjonskart vert ettersendt. Skal eg sende kommentaren til Fylkesmannen ?

Mvh

Sindre Kvangarsnes

Kommentar til klage frå Jon M Steinsvik i sak 2015/2137

Viser til klage frå Jon M Steinsvik i sak 2015/2137, tiltakshavar har følgande kommentar til klaga; Jon M Steinsvik hevdar at tiltakshavar krenkar hans eigedom ved at det vert plassert ei flytebrygge inn på hans eigedom.

Sjølv om naboeigedommen til tiltakshavar i aust ikkje er matrikkulert er det tvillaust slått fast at den tilhøyrer bruk 131/5. Verken tiltakshavar eller den kommunale sakshandsamar trekker dette i tvil. Dette handlar om kor langt ut i sjø man kan hevde sin eigedomsrett. Eigedomsrett i sjø er i stor grad eit skjønsspørsmål, og er ofte basert på empiriske domar frå høgsterett. Det er likevel to hovudprinsipp som gjeld, nemleg to meter under middel vannstand, eller ut til marbakken.

På eigedommen til tiltakshavar 131/7 er det fastsett eigedomsgrenser. Denne strekker seg som det går fram av grunnkart eit stykke utanfor piren på eigedommen. Dette stemmer godt overeins med prinsippet om 2 meter under middel vannstand, sjølv om marbakken går 2-3 meter lenger ute. Det vil derfor vere naturleg at naboeigedommen i aust som ikkje har fastsett eigedomsgrense, får fastslege sin eigedomsrett utifrå same prinsipp. Sakshandsamar i denne saka har likevel lagt til grunn ein dom frå høgsterett som seier at eigedomsgrensa går ut til marbakke. Eg har for så vidt ikkje noko problem med at dette skal gjelde også for desse eigedomane. Eg har derfor sendt ein endringssøknad på tiltaket som tek opp i seg dette prinsippet, og at eg vil trekke fyllinga så langt ut at eg ikkje kjem i konflikt med naboeigedommen sin eigedomsrett. Eg må i so tilfelle få justert mi eigedomsgrense tilsvarande lenger ut i sjø.

Når det gjeld plassering av flytebrygge så vert den tvillaust plassert langt utanfor hans eigedomsgrense. Denne vert plassert i eit område som er regulert til nemde tiltak, og innspelet er derfor ikkje relevant.

Steinsvik 09.12.15

Sindre Kvangarsnes

Eigar av 131/7

Viser til samtale i går.

Som nemnt må endringa verte nabovarsla. Sindre Kvangarsnes har fått beskjed om kven som skal ha varsel.

Situasjonsplan må oppdaterast med ny plassering av flytebrygge og innteikna marbakke.

Vi må også få eit snitt av den nye fyllinga.



Jørgen Vestgarden

Utviklingssjef

Tlf 70 05 87 62/904 70 915

www.volda.kommune.no

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2137	Sjef UTV
Løpnr.	Sjef INGYKAL
14 DES 2015	
Arkivnr. BYGG	
Klassering P 131/7	
Klassering S	



Søknad om endring av gitt løyve eller godkjenning

etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-2

Vedkjem endringa av tiltaket eksisterande eller framtidige arbeidsplassar slik at det må hentast inn nytt samtykke frå Arbeidstilsynet?

Ja Nei


Hvis "ja" må slikt vedtak hentast inn før det kan bli gitt igangsetjingsløyve. Byggblankett 5177 med vedlegg.


Søknaden gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	131 7				Volda		
Adresse					Postnr.	Poststad	
Dalsfjordvegen 1994					6120	Follestad	


Beskriving av endring(ar)	
<input type="checkbox"/>	Endringer av ansvarsrettar (ny ansvarsrett, skifte av ansvarsrett, avslutta ansvarsrett)
<input type="checkbox"/>	Endring av ansvarleg søkjar, endring av tiltakshavar
<input checked="" type="checkbox"/>	Endring av tiltak (dispensasjonar, areal, plassering, formål, bruk, pbl §§ 20-1, 20-2)
<p>I opprinneleg søknad er det teke utgangspunkt i at eigedomsretten gjeld to meter under middels vannstand. I løyvet gitt for søknaden er det lagt vekt på ein domsavsigelse frå høgsterett, der det vert sagt at eigedomsretten gjeld til marbakken. Dette gjer at eg vil justere søknaden tilpassa desse promissane. Eg søker herved om å justere fyllinga til desse premissane. I gjeldande reguleringsplan er det lagt til grunn at det kan byggast ein molo med utspring frå denne fyllinga. Eg vil derfor justere denne fyllinga slik at ein ved seinare høve kan bygge denne moloen utan og kome i konflikt med naboens eigedomsgrænse. Dette inneber at eg vil fylle 8 meter lenger ut i sjø. Det vert samstundes søkt om og skjøyte på flytebrygga 2 meter til 18 meter total lengde. Dette vil samstundes bidra til at flytebrygge og båtar kjem lenger vekk ifrå naboens eigedom.</p>	

Vedlegg			
Nye vedlegg og tidlegare vedlegg som blir endra	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjonar for tiltaket, byggblankett 5175	A	-	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknad (grunngjeving/vedtak) (pbl kap 19)	B	-	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader)	C	-	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan, avkøyringsplan	D	-	<input type="checkbox"/>
Teikningar	E	-	<input type="checkbox"/>
Utgreiingar/kart	F	-	<input type="checkbox"/>
Søknader om ansvarsrett	G	-	<input type="checkbox"/>
Gjennomføringsplan	G	-	<input type="checkbox"/>
Bustadspesifikasjon i matrikkelen	H	-	<input type="checkbox"/>
Uttaler frå anna offentleg myndigheit	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg SNITT	Q	-	<input type="checkbox"/>

Underskrifter					
Ansvarleg søkjar for tiltaket (for tiltak etter pbl § 20-1)			Tiltakshavar (berre for tiltak utan ansvarleg søkjar etter pbl § 20-2)		
Foretak Steinar Steinsvik			Namn		
Kontaktperson Steinar Steinsvik	Telefon	Mobiltelefon 97873413	Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon
E-post			E-post		
Dato 9/12-2015			Dato		
Underskrift Steinar Steinsvik			Underskrift		
Gjenta med blokkbokstavar STEINAR STEINSVIK			Gjenta med blokkbokstavar		







Volda
kommune

Grunnkart
Målestokk: 1:500
Dato 27.06.2014



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Steinsvik 14/12-2015


Viser til mitt brev 23/11 2015 der eg klagar på plassering av ei flytebrygge.


Teikning og kart viser ei flytebrygge på ca.12.5 M. Etter det som er opplyst skal det leggest ut ei flytebrygge på 20 M. Dette er ikkje i samsvar med søknad, dette vil sperre av størstedelen av tilkomsten frå sjøen til mitt område, Dette kan eg ikkje godta.

Så må det vere og stille spørsmålet, Når desse to tiltakshavar og søkjar har eit naustområde med ei breidd på minst 20 M. mot sjøen, Kvifor ikkje bruke sitt eige område til flytebrygge istaden for og med hjelp av teknisk etat i Volda og presse seg inn på naboeigedom.

med helsing

Jon M Steinsvik



 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2137	Avc. UTV
Løpenr.	S: INGVKAL
15 DES 2015	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	131/7
Klassering S:	

Kommentar til merknad frå Jon M Steinsvik datert 14.12.2015

Tiltakshavar driv med turistvirksomheit og har behov for betre bryggefasilitetar.

Det er søkt om fylling i sjø og utviding og flytting av eksisterande flytebrygge, dette i trå med vedteken reguleringsplan.

Klagar hevdar at flytebrygga kjem inn på hans eigedom og stenger tilkomst til den. Dette er ikkje tilfelle og eg bed om at merknaden ikkje vert teke til følge.

Dette er ein tvist mellom tiltakshavar og klagar. Som det går fram av grunnkart så er der fastsette grensemerker på tiltakshavars eigedom, der det går fram kor langt ut i sjø eigedomsgrensa går. Klagar som grensar til denne eigedomen har så dårleg dokumenterte eigedomstilhøve til sin eigedom, at den står som eigarlaus i Matrikkelen. Eigedomen har sannsynlegvis aldri vore oppmålt og det manglar grensemerker. Om klagar bestiller kartforretning vil det vere heilt urimeleg at han får fastsett si eigedomsgrense lenger ut i sjø en tiltakshavars eigedom, då botnforholda er omtrent like. Dette vil då strakst verte påklaga av tiltakshavar. Tvert imot så viser grunnkartet at det er sannsynleg at tiltakshavars eigedom strekkjer seg lenger ut i sjøen en klagars eigedom.

Når det gjeld fyllinga det er søkt om så skal denne i alle høve ikkje bort på hans påståtte eigedom. Når det gjeld flytebrygga så er denne tvillaust plassert langt utanfor hans eigedomsgrense. Den sperrar heller ikkje for tilkomst til hans eigedom.

Tiltakshavars påstand er at det ikkje framstår som åpenbart at tiltakshavar ikkje har privatrettslige rettigheter for gjennomføring av tiltaket, og søknaden kan derfor ikkje avvisast.

Når det gjeld dei andre merknadane klagar har angående lengda på flytebrygga, så er dette søkt endra i endringssøknad .

Steinsvik 22.12.15

Sindre Kvangarsnes

Eigar 131/7



Byggmester Steinar Steinsvik
Dalsfjordvegen 1990
6120 FOLKESTAD

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Vedtaksnr.</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/2137	13123/2015	131/ 7	338/15	UTV/ INGVKAL	29.12.2015

LØYVE TIL ENDRING AV TILTAK

Svar på søknad om endring av gitt løyve eller godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1

Byggestad:	Dalsfjordvegen 1994, 6120 FOLKESTAD	Gnr/Bnr:	131/7
Tiltak:	Nytt anlegg - nytt anlegg/konstruksjon		
Tiltakshavar:	Sindre Kvangarsnes	Adresse:	Dalsfjordvegen 1994, 6120 FOLKESTAD
Ansvarleg søker:	Byggmester Steinar Steinsvik	Adresse:	Dalsfjordvegen 1990, 6120 FOLKESTAD

VEDTAK:

Kart, oppmåling og byggesak har i dag gjort følgende vedtak etter delegert myndighet:

Med heimel i plan- og bygningslovas (pbl) § 20-1 og 21-4 vert søknad om endring av tiltak, motteke 14.12.2015, godkjent på følgende vilkår:

- 1. Tiltaket skal utførast i samsvar med bestemningar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.**
- 2. Teikningar/foto, beskrivingar, kart m. v. som vert lagt til grunn for løyvet:**
 - **Situasjonsplan, datert 27.06.2014.**
 - **Skisse av fylling, vedlagt søknad.**
- 3. Fyllingsfoten må ikkje gå inn på naboeigedom i aust.**

Dette løyvet og dei kart og teikningar det viser til, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Med helsing

Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

Ingvild Kalvatn
Ingeniør

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Telefon:	Telefaks:	Org. nr: Bankgiro:
		939 760 946 3991.07.81727

SAKSUTGREIING:

Beskriving av tiltaket:

Det vert vist til søknad motteke, 14.12.2015 om løyve til endring av tiltak. Endringar omfattar endring i høve størrelsen på omsøkt fylling i sjø, noko som utgjer 8 meter lenger ut i sjø og lengd på flytebrygga. Den er ønska å ha eit total lengd på 18 meter. Søknaden omfattar ikkje endringar i høve ansvarsrettar.

Saka var komplett for handsaming den 22.12.2015.

Nabovarsling (pbl § 21-3):

Det ligg føre merknader frå varsla naboar eller gjenbuarar.

Det ligg føre merknad frå nabo Jon M. Steinsvik, eigar av gnr 131, bnr 5, datert 05.10.2015, som er kommentert i løyvet. I høve søknaden om endring har det også kome inn merknad, datert 14.12.2015. Merknaden går i hovudsak ut på følgjande:

-” teikningar og kart viser ei flytebrygge på ca 12, 5m. Etter det som er opplyst skal det leggst ut ei flytebrygge på 20 m. Dett er ikkje i samsvar med søknad, dette vil sperre størstedelen av tilkomsten frå sjøen til mitt område. Dette kan eg ikkje godta. Så må det vere å stille spørsmålet. Når desse to tiltakshavar og søkjar har eit naustområde med ei breidd på minst 20m mot sjøen. Kvifor ikkje bruke sitt eige område til flytebrygge i staden for og med hjelp av teknisk etat i Volda og presse seg inn på naboeigedom.”

Ansvarleg søkjar sine kommentarar til merknader:

”Tiltakshavar driv med turistvirksomheit og har behov for betre bryggefasilitetar. Det er søkt om fylling i sjø og utviding og flytting av eksisterande flytebrygge, dette i trå med vedteken reguleringsplan.

Klagar hevdar at flytebrygga kjem inn på hans eigedom og stenger tilkomst til den. Dette er ikkje tilfelle og eg bed om at merknaden ikkje vert teke til følge.

Dette er ein tvist mellom tiltakshavar og klagar. Som det går fram av grunnkart så er der fastsette grensemerker på tiltakshavars eigedom, der det går fram kor langt ut i sjø eigedomsgrensa går. Klagar som grensar til denne eigedomen har så dårleg dokumenterte eigedomstilhøve til sin eigedom, at den står som eigarlaus i Matrikkelen. Eigedomen har sannsynlegvis aldri vore oppmålt og det manglar grensemerker. Om klagar bestiller kartforretning vil det vere heilt urimeleg at han får fastsett si eigedomsgrense lenger ut i sjø en tiltakshavars eigedom, då botnforholda er omtrent like. Dette vil då strakst verte påklaga av tiltakshavar. Tvert imot så viser grunnkartet at det er sannsynleg at tiltakshavars eigedom strekkjer seg lenger ut i sjøen en klagars eigedom.

Når det gjeld fyllinga det er søkt om så skal denne i alle høve ikkje bort på hans påståtte eigedom. Når det gjeld flytebrygga så er denne tvillaust plassert langt utanfor hans eigedomsgrense. Den sperrar heller ikkje for tilkomst til hans eigedom.

Tiltakshavars påstand er at det ikkje framstår som åpenbart at tiltakshavar ikkje har privatrettslige rettigheiter for gjennomføring av tiltaket, og søknaden kan derfor ikkje avvistast.

Når det gjeld dei andre merknadane klagar har angåande lengda på flytebrygga, så er dette søkt endra i endringssøknad.”

Kommunen sine kommentarar til merknader:

Situasjonsplanen som ligg ved endringssøknad viser at sjølve flytebrygga er 18 meter. Vi føreset at nabo har fått same informasjon ved varsel om endring.

Når det gjeld dei privatrettslege tilhøva vil det i følgje tiltakshavar tiltaket ligge utanfor eigedomsretten til denne nemnte naboeigedomen. Marbakken er no innteikna på situasjonsplan. Flytebrygga ligg så langt ute at heller ikkje tiltakshavar har eigedomsrett her. Sidan tiltaket er innafor reguleringsføremålet, småbåthamn, så vurderar vi det framleis ikkje som openbart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar som søknaden krev. Søknad om endring vert dermed ikkje avvist grunna manglande privatrettslege rettar. Vi held også på vilkåret om at fyllingsfoten ikkje må gå inn på naboeigedom i aust.

Dokumentliste:

Søknad om løyve til endring av tiltak m/ vedlegg, datert 09.12.2015, motteke 14.12.2015.

Løyve til tiltak, saksnr. 2015/2137, datert 20.11.2015

Kopi til:

Tiltakshavar Sindre Kvangarsnes
 Jon M. Steinsvik

Dalsfjordvegen 1994 6120 FOLKESTAD
Steinsvikvegen 10 6120 Folkestad

Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2015/2137.

Avsendar
Volda kommune Avdeling for Kart, oppmåling og byggesak Stormyra 2 6100 Volda

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova (fvl) § 27)

Mottakar (Namn og adresse)	Dato	Klageinstans
Byggmester Steinar Steinsvik 6120 FOLKESTAD	29.12.2015	Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klage over vedtak De har fått melding om.

Klagerett	De har rett til å klage over vedtaket.
Kven kan De klage til	Klage skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda. Dersom dette forvaltningsorganet ikkje endrar vedtaket som følge av klaga, vil klaga verte sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
Frist for å klage	Klagefristen er <i>3 veker</i> frå den dagen dette brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen er ute. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk om å gje opp datoen når denne meldinga vart motteken. Dersom klaga vert sendt for seint, kan ein sjå vekk frå den. De kan søke om å få klagefristen forlenga, men må da grunngje kvifor klaga er forseinka.
Rett til å kreve grunngjeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngjeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute, og ny klagefrist vert rekna frå det tidspunktet De får grunngjevinga.
Innhaldet i ei klage	De må presisere: - Kva vedtak De klagar på, oppgje saksnummer - Årsaka til at De klagar - Den eller dei endringar som De ynskjer - Eventuelle andre opplysningar som kan ha betydning for vurdering av klaga - Klagar sitt navn og adresse må oppgjevast, og klaga må underteiknast.
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk straks. De kan likevel søke om å få utsett iverksetting av vedtaket inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Slik søknad må bgrunngjevast og sendast Volda kommune. Kommunen si avgjerd om utsetjande verknad kan ikkje påklagast, men De kan sjølv bringe spørsmålet om utsetjande verknad direkte inn for fylkesmannen til ny vurdering
Rett til å sjå dokument i saka og til å kreve rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må ta kontakt med Volda kommune og vil da få nærare rettleiing om adgangen til å klage, om framgangsmåten og reglane for sakshandsaminga elles.
Kostnadar ved klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannens kontor eller Dykkar advokat kan gje nærare rettleiing. Det er høve til å krevje dekning for større kostnadar i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til fordel for ein part, kan ein og søke om å få dekt vesentlege kostnadar i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnadar. Ein kan søke om å få dekt utgiftene til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller advokat kan gje nærare rettleiing. Dersom eit vedtak vert endra til fordel for ein part, kan ein søkje om å få dekt vesentlege kostnadar som har vært naudsynte for å få vedtaket endra. Dersom det trengs vil klageinstansen orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnadar.
Klage til sivilombodsmannen	Det er mogleg å klage til Stortingets ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen).

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2137	Ans. Utv
Løpnr.	Sks Inngkal
6 JAN 2016	
Steinsvik 4/1-2016	
Arkivnr.	BYG66
Klassering 1	131/7
Klassering S	

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 Molde

Sak 2015/2112 Fylling i sjøen.

Vil opplyse om at fyllingsfotrnr på den omsøkte fyllinga er komen inn på min eigedom, dette er ikkje i samsvar med vilkåra for søknaden og må fjernast.

Det er vist til ein høgsterettsdom om eigedomsretten i sjøen, For og få forståelse av dommen må ein også lese dei kommentarar som høyrer til.

Ser med undring at tiltakshavar viser til ein Matrikkel som viser hans eigedom i sjøen det var ikkje nemt nokon dato på Matrikkelen.

Steinsvikbruca gnr.¹³¹ bnr 1-5 og tilhøyrande jordeigedomar er omtala i Matrikkelen frå 1665 altså lenge før gnr. 131/7 kom til.

Matrikkelen var brukt til å bestemme skattetaksten på ein jordeigedom, Matrikkelskyld men har no mist si betydning.

Eigedomstilhøve for tiltakshavar er fastsett i skjøte frå eigar av gnr. 131/7 år 1925. På nordsida av hovudvegen heiter det sitat, " Skal grunnen fylje med til sjøen med ei breidd av 7 M." sitat slutt. Dette må tolkast slik at eigar av gnr. 131/7 er utan eigedomsrett i sjøen men at eigedomen rekk til sjøen.

Når det gjeld gnr.131. bnr. 1-5 sine teigar i området er dei nøyse omtala i jordskifterett frå 1866 der alle teigar er innteikna på kart med mål i meter og centimeter og bytelinene ut i sjøen.


Meiner elles det er underleg at sakshandsamar gjev løyve til at fyllinga kan setjast igang straks, og før klagefristen er over.

med helsing

Jon M Steinsvik

Jon M Steinsvik

10 kart som viser at fyllinga
er komen inn på min eiendom
på austsida.



Kartverket

10 m

Ved byggesøknad skal det også leggjast ved plan som viser oppsamling av overvatn og eventuell reinsing av dette.

§ 3.3 SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

Arealet er avsett for etablering av småbåtanlegg, flytebrygger og molo, tilrettelegging av parkeringsplassar og båtopptrekk, samt areal for erstatningsnaust.

Det skal leggjast til rette for at småbåtanlegget skal ha plass for ca 10 båtplassar.

Høgd på molo er sett til ca. kote +2,5. Dette er rekna som minimumshøgd. I samband med detaljprosjektering kan høgd på molo justerast etter godkjenning frå kommunen.

Eksisterande fellesnaust på eigedom gnr. 131 bnr. 44, 45 og 56 skal fjernast/flyttast. Erstatningsnaust skal etablerast på areal nordvest ved molo. Bygget skal ha same utforming, høgde og storleik som eksisterande fellesnaust.

Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast i småbåtanlegget.

Det kan leggjast til rette for oppstillingsplassar for bil nordvest i arealføremålet.

I samband med byggesøknad skal det leggjast ved situasjonsplan i målestokk 1:500 som syner plassering av molo, båtplassar, parkeringsplassar, båtopptrekk og naust.

§ 3.4 UTHUS/NAUST/BADEHUS

Det vert opna for etablering av 6 naust. Nausta skal grupperast i grupper på to til tre naust.

Nausta skal ha ein etasje. Naustlofta skal ikkje innreiast til varig opphald. Nausta skal ikkje ha veranda, arker eller oppløft. Nausta skal vera i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassa omgjenvaden med omsyn til val av farge, materiale, storleik og utforming.

Kvar eining kan ha ei maksimal grunnflate på 40 m². Gesimshøgde skal ikkje overstige 4 meter frå golvnivå på hovudnivå. Bygningane skal ha saltak med takvinkel mellom 35-40 grader.

Golvkonstruksjon på hovudnivå skal ikkje liggja lågare enn kote +2,5.

Det skal vera mogleg for ålmenta å ferdast framfor naustbygga.

Byggegrense mot veg er synt i plankart.

§ 4.0 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 KØYREVEG

Eksisterande fylkesveg og kommunalveg skal vidareførast. Ei utviding av avkjørsla til akvakulturområdet vert regulert inn. Avkjøringa til settefiskanlegget i nord skal dimensjonert for kjøretøy type ST (semitrailer). Utvidinga skal vera dimensjonert som vist i plankartet.

Tilkomst for erstatningsnaust, småbåtanlegg og utleiehytte skal skje frå felles avkjøring.

Mindre justeringar/endringar i horisontal- og vertikalplanet kan tillatast når detaljplanlegginga gjer dette føremålstenleg og forsvarleg tryggleiksmessig også med tanke på nødvendig flaumsikring. Ved endringar skal det leggjast ved detaljplan som syner justeringane. Desse endringane skal sendast til og godkjennast av fagmynde.

Siktliner ved avkjørsel er vist i plankartet.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Frank Thommessen	Arkivsak nr.:	2014/2058
		Arkivkode:	43/0

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/16	Forvaltningsstyret	12.04.2016

KLAGE PÅ VEDTAK OM MATRIKKELFØRING AV RETTSKRAFTIG DOM I SUNNMØRE JORDSKIFTERETT

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsstyret finn ikkje grunn til å endre vedtak om matrikkelføring, datert 18.02.2016. Klagen vert til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for avgjerd.

Vedleggsliste:

Krav om matrikkelføring, Sunnmøre jordskifterett, 31.10.2014
Vedlegg krav om matrikkelføring, rettsbok, Sunnmøre jordskifterett, 31.10.2014
Vedtak om matrikkelføring, Volda kommune, 18.02.2016
Vedlegg vedtak om matrikkelføring, situasjonskart, Volda kommune, 18.02.2016
Vedlegg vedtak om matrikkelføring, matrikkelrapport, Volda kommune, 18.02.2016
Klage, Knut Arne Aarset, eigar av gbr 42/1, 22.03.2016
Klage, Harald Aarset, eigar av gbr 44/1, 22.03.2016
Klage, Lars Årsetøy, eigar av gbr 43/2, 29.03.2016

Uprenta saksvedlegg:

Resterande dokument i saka.

Samandrag av saka:

Vedtak om matrikkelføring av rettskraftig dom i Sunnmøre jordskifterett (jordsameige) er påklaga hjå eigarar og nabo. Ein rår til at vedtaket ikkje vert endra.

Saksopplysningar:

31.10.2014 krav om matrikkelføring, Sunnmøre jordskifterett
18.02.2016 vedtak om matrikkelføring, Volda kommune
22.03.2016 klage på vedtak, Knut Arne Aarset, eigar av gbr. 42/1
22.03.2016 klage på vedtak, Harald Aarset, eigar av gbr. 44/1
29.03.2016 klage på vedtak, Lars Årsetøy, eigar av gbr. 43/2

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune har matrikkelført krav om matrikkelføring av rettskraftig avgjerd i Sunnmøre jordskifterett, jordskiftesak nummer 1510-2009-0016, jf krav om matrikkelføring hjå Sunnmøre jordskifterett datert 31.10.2014. Jordskiftesaka gjeld rettsutgreiing og egedomsforholda i felles utmark i Aurstaddalen.

Fleire av dei involverte meiner egedomsretten til grunnen i sætermarka i Aurstaddalen ligg i sameige, jf. påstand rettsboka side 9 - 11: *Egedomsretten til grunnen i sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda. Sætermarka har vore brukt i fellesskap mellom Aurstad og Storenes.*

Avgjerande for kommunen si handsaming er slutninga, rettsboka side 15 punkt 2 og 3:

2. *Egedomsretten til grunnen i fjell- og sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.*

3. *Andelane i sameiget i Aurstadelva og i felles fjell- og seterutmark er fordelt slik etter den gamle skylda: Gnr. 43/1 - 22,06 %, gnr. 43/2 - 22,06 %, gnr. 43/3 - 22,06 %, gnr. 43/4 - 22,06 %, gnr. 44/1 - 11,76 %.*

Kommunen har matrikkelført resultatet av slutninga i jordskiftedomen; kva, kven og kvifor. Dette er informasjon som skal ligge i matrikkelen jf. føremålparagraf matrikkellova 1. ledd: *Lova skal sikre tilgang til viktige egedomsopplysningar, ved at det blir ført eit einsarta og påliteleg register (matrikkelen) over alle faste egedommar i landet, og at grenser og egedomsforhold blir klarlagde.*

Jordsameiget er matrikkelført i Kartverket si kartløyising (matrikkelklient) i høve føringsinstruks for matrikkelen, versjon 3.5.1, kapittel 4.2.17.

Det er viktig å presisere at nemninga jordsameige gjeld når det er *grunnen* som er i felleseige, ikkje bruksrettar, servituttar og liknande, jf. merknadar til matrikkellova § 5 bokstav d og Ot.prp. nr. 70 (2004-2005).

Kommunen kan også sjølve, på eige initiativ uavhengig av jordskifteretten, krevje jordsameige matrikkelført, jf. matrikkellova § 14, 2. ledd:

Registrering av jordsameige kan krevjast av nokon som har gjort sannsynleg å ha part i sameiget, eller av staten, fylkeskommune eller kommune.

Komplettering av opplysningar, merknad til matrikkellova § 27, Prop. 118 L (2010-2011):

Gjeldende bestemmelse åpner for å komplettere manglende, ufullstendige eller misvisende opplysninger i matrikkelen med sikte på å bedre kvaliteten og påliteligheten til registeret. Gjeldende første ledd fastsetter i den forbindelse at sentral matrikkelstyresmakt eller kommunen kan pålegge eier, rettighetshaver eller leier til eiendom, bygning eller bygningsdel å framskaffe opplysninger om eksisterende matrikkelenheter, bygninger, boliger og adresser, når det går fram av lov eller forskrift at matrikkelen skal inneholde slike opplysninger.

Kommunen skal matrikkelføre opplysningar frå saker for jordskifteretten, jf matrikkellova § 22, 2. ledd, matrikkellova § 10, Miljøverndepartementet si merknad (21.08.2012) til matrikkelforskrifta § 47 og matrikkelforskrifta § 19, 1. ledd:

Kommunen skal også føre inn opplysningar frå saker for dei ordinære domstolane, jordskifteretten eller tilsvarende særdomstol.

Ny matrikkeleining kan også førast inn i matrikkelen når opprettinga er bestemt av jordskifteretten.

Når jordskifteretten har avsluttet sak som endrer, oppretter eller sammenslår matrikkelenheter, må jordskifteretten sørge for at saken blir matrikkelført. Formelt skjer dette i form av at jordskifteretten setter fram et "krav om matrikkelføring", jf. matrikkellova § 8 første ledd. Kommunen skal føre opplysninger om saker fra jordskifteretten i matrikkelen, jf. matrikkellova § 22 andre ledd. I kravet skal det blant annet gå klart fram hvilke tiltak jordskifteretten har gjennomført, hvilke eiendommer som er involvert og berørt, og hvor i rettsboken det går fram hva som skal føres.

Kommunen skal matrikkelføre sammenslåing, avtale om eksisterende grense, samlet fast eiendom og sak for jordskifteretten og andre rettsinstanser innen seks uker.

Om jordsameige, matrikkellova § 14, 1. ledd og Ot.prp. nr. 70 (2004-2005):

Jordsameige kan registrerast i matrikkelen med eige matrikkelnummer når det er gjort sannsynleg at eininga er eit jordsameige. Jordsameige kan registrerast sjølv om det ikkje er fullstendig avklart kven som har partar i sameiget og kor store partane er.

Det er berre jordsameige der sjølve grunnen ligg i sameige som kan førast inn under eige nummer i matrikkelen. Registrering av jordsameige i matrikkelen inneber ikkje at det er endeleg fastsett kven som har part eller kor store partane er. Registreringa inneber heller ikkje at det er endeleg avgjort at eininga faktisk er jordsameige, eller kvar grensene går.

Kva objekt og opplysningar matrikkelen skal innehalde kjem fram av matrikkellova § 3, Ot.prp. nr. 70 (2004-2005), matrikkellova § 5, 1. ledd, matrikkelforskrifta § 3, 1. ledd a) og matrikkelforskrifta § 7, 1. ledd:

I denne lova tyder: b) matrikkeleining: grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrunn, jf. § 5. c) matrikkelnummer: den offisielle nemninga for kvar enkelt matrikkeleining.

Kvar matrikkeleining er identifisert med eiga nemning (matrikkelnummer) som i tråd med gjeldande ordning er samansett av eit gårdsnummer og eit bruksnummer, eventuelt med tillegg av festenummer eller seksjonsnummer.

Følgjande objekt kan opprettast som eigne matrikkeleiningar: d) jordsameige, grunnareal som ligg i sameige mellom fleire grunneigedommar, og der sameigepartane inngår i grunneigedommane.

Matrikkelen omfattar opplysningar om a) matrikkelenheter, herunder matrikkelnummer, matrikkelenhetstype.

Matrikkelnummeret for grunneiendom, anleggseiendom og jordsameie skal bestå av gårdsnummer og bruksnummer.

Kommunen har vurdert og kontrollert kravet om matrikkelføring i høve matrikkelforskrifta § 6 og Miljøverndepartementet si merknad (21.08.2012) til matrikkelforskrifta § 47.

Eigedomsretten til fjell- og sætermarka ligg i sameige mellom 43/1, 43/2, 43/3, 43/4 og 44/1, jf. rettskraftig dom i Sunnmøre jordskifterett, jordskiftesak nummer 1510-2009-0016. Dette har partane altså sjølve bestemt. Jordskifteretten bad deretter kommunen om å føre eigedomsopplysningane i matrikkelen og det har kommunen gjort. Dette er også informasjon som skal i matrikkelen, jf. matrikkellova § 1.

Om partane har noko å utsette på jordsameiget er truleg Sunnmøre jordskifterett rette klageinstans, ikkje kommunen. Om partane har noko å utsette på matrikkellova og matrikkelføringa ligg mandatet til å gjere om vedtaket med heimel i matrikkellova, slik kommunen oppfattar det, truleg hjå Kartverket, eventuelt Kommunal- og moderniseringsdepartementet, ikkje kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Naturmangfaldlova:

Ingen.

Frank Thommessen

Ingeniør Utvikling

Utskrift av endeleg vedtak:

Knut Arne Aarset, Myravegen 14, 6100 Volda

Harald Aarset, Austefjordvegen 1530, 6110 Austefjorden

Lars Årsetøy, Vidjevegen 12D, 6104 Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



SUNNMØRE
JORDSKIFTERETT

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/2058	A. Utv
Løpenr.	Sns BR
3 NOV 2014	
Arkivdel:	BYGG
Klassering P:	43/
Klassering S:	

Volda kommune v/matrikkelfører

Saksnummer
1510-2009-0016

Vår referanse
865/2014

Vår dato
31.10.2014

Melding om slutta sak – krav om matrikkeføring

Til kommunen som myndighet i spørsmål om arealbruk, kart, oppmåling og eigedomsregistrering.

Vi viser til tidlegare melding om krav om sak for jordskifteretten, sak 1510-2009-0016 Aurstad/Storenes, gnr. 43/44.

Saka vart slutta 21.08.2014 og er no rettskraftig.

Vedlagt følgjer kopi av utdrag av rettsbok.

Det er kommunens ansvar å sørge for at endringar i eigedomsopplysningane som framgår av rettsboka blir ført inn i matrikkelen. Saka skal ikkje lenger være registrert som "Jordskifte kravd" i matrikkelen, jf. § 46 (2) i matrikkelforskrifta av 26.06.2009 nr. 864

Saka vart tinglyst 24.10.2014 med dagboknummer 921641.

Med helsing
Sunnmøre jordskifterett

Siri-Ann M. Aurstad

Siri-Ann Myklebust Aurstad
Førstekonsulent

Vedlegg
- utdrag av rettsbok

Postadresse
Postboks 102
6151 Ørsta

Besøksadresse
Strandgt. 5 A
6150 Ørsta

Telefon 70048180
Telefax 70048181
sunnmore.jordskifterett@domstol.no

www.jordskifte.no
Org.nr. 974 745 674



Sunnmøre jordskifterett

Rettsbok

Sak: 1510-2009-0016

Aurstad/Storenes, gnr. 43/44

i Volda kommune

Oppstarta: 11.05.2011

Avslutta: 21.08.2014

SAKSFØREBUANDE MØTE

Rettsmøtedag: 11.05.2011.
Stad: Samhald på Fyrde i Austefjorden.
Sak nr.: 1510-2009-0016 Aurstad/Storenes, gnr. 43/44 i Volda kommune.

Saka gjeld: Krav om rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88a.

Jordskiftedommar: Olav Torvik.

Protokollførar: Jordskiftedommaren.

Saka er kravd av: Harald Aarset.

Til handsaming: 1 Gjennomgang av kravet.
2 Vidare framdrift i saka.

Partar: Eigar av gnr. 43/1, Sivert Bjørdal, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy, Vidjevegen 12 D, 6100 Volda.
Eigar av gnr. 43/3, Ingunn og Iwar Kalvatn, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 43/4, Johanne Lise Bjørkedal, Aurstad,
6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 44/1, Harald Aarset, Storenes, 6110 Austefjorden.

Prosessfullmektig:

Adv. Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 Ålesund.
Representerer Harald Aarset.

Adv. Bjarte Aambø, Postboks 837, 6001 Ålesund.
Representerer Sivert Bjørdal.

Eigedomane ligg i Volda kommune.

Til stades: Sivert Bjørdal møtte saman med prosessfullmektig adv. Bjarte Aambø
Harald Aarset møtte saman med prosessfullmektig adv. Bjørn Kristian
Hove.

Vidare møtte Lars Årsetøy. Iwar Kalvatn møtte med fullmakt frå
Ingunn Kalvatn. Harald Bjørkedal møtte med fullmakt frå Johanne
Bjørkedal.

Frå jordskifteretten møtte også avd. ing. Mari Oline Aasebø.

På spørsmål hadde ingen merknader til innkallinga eller til jordskiftedommaren sin habilitet.

Jordskiftedommaren gjorde greie for at foremålet med munnleg saksførebuing er å avklarte partstilhøva og å få oversyn over dei problema som ein ønskjer å få løyst. Dommaren gjorde merksam på at det ikkje blir teke realitetsavgjerder i dette møtet.

Følgjande dokument vart framlagde:

- 1 Krav om sak for jordskifteretten 08.09.2009.
- 2 Melding til partane om at jordskifteretten har motteke krav om sak 16.09.2009.
- 3 Melding til Volda kommune om jordskiftekravet 16.09.2009.
- 4 Brev frå Sivert Bjørdal 01.10.2009.
- 5 Innkalling til saksførebuande rettsmøte datert 05.04.2011.
- 6 Sivert Bjørdal: oversending av div. dokument 07.04.2011.
- 7 Rettsbok frå utmarksutskifting på gardane Aurstad og Storenes, slutta 18.10. 1948.
- 8 Jordskiftekart frå utmarksutskiftinga i 1948.
- 9 Rettsutgreiing vedr. fallrettane i Aurstadelva m.v, slutta 18.10.2001.
- 10 Oversiktskart M 1: 10 000.
- 11 Fullmakt frå Ingunn Kalvatn til Iwar Kalvatn 11.05.2011.
- 12 Fullmakt frå Johanne Lise Bjørkedal til Harald Magne Bjørkedal 11.04.2011.

Dokumenta blei gjennomgått i nødvendig grad.

Adv. Bjørn Kristian Hove gjorde greie for kravet på vegne av eigar av gnr. 44/1, Harald Årset. Kravet gjeld rettsutgreiing vedrørende fallretten i Aurstadelva og eigedomsforholda i felles utmark i Aurstaddalen.

I sak nr. 1510-1998-16 ved Søre Sunnmøre jordskifterett, avslutta 18.10.2001, vart det ved dom 19.01.2001 fastsett at bnr. 1, 2, 3 og 4 under gnr. 43, Aurstad, eig retten til vassuttak og fallretten i Aurstadelva – frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark. Domen har rettskraft for bruka på Aurstad, men gnr. 44/1, Storenes, var ikkje part i saka den gong. Domen har derfor ikkje rettskraft for Storenes.

På den aktuelle strekninga renn elva gjennom det som tidlegare var felles utmark for Aurstad og Storenes. Her var utskifting i 1948, og det vart bestemt at "*Aurstad-elva skal vere til sams bruk og eige som før utskiftinga*". Derfor må også gnr. 44, Storenes, ha andel i fallretten etter skylda på den aktuelle strekninga.

Området i Aurstaddalen ovanfor utskiftingsfeltet frå 1948, er felles setermark for Aurstad og Storenes. Storenes har alltid hatt seter med sel og fjøs på Aurstadsetra. Harald Årset meiner at grunnen i Aurstaddalen ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes.

Harald Årset har lagt ned slik førebels påstand:

1. Gnr. 44/1, Storenes, har andel etter skylda i retten til vassuttak og fallretten i Aurstadelva – frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark.
2. Eigedom retten til grunnen i setermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.

Adv. Bjarte Aambø gjorde greie for eigar av gnr. 43/1, Sivert Bjørdal, sitt syn på saka. Sivert Bjørdal meiner at domen i jordskifteretten frå 19.01.2001 er feil. Bjørdal meiner at han som grunneigar også er eineigar av fallretten på den aktuelle strekninga, jf. regelen i § 13 i vannressurslova. Brev frå Sivert Bjørdal 01.10.2009 er meint som krav om gjenopning av saka frå 2001, jf. jordskiftelova § 73 og kap. 31 i tvistelova.

Når det gjeld eigedomsforholda i Aurstaddalen er Sivert Bjørdal samd med Harald Årset.

Eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy, er samd med Harald Årset.

Iwar Kalvatn (gnr. 43/3) og Harald Bjørkedal (gnr. 43/4), hevdar med bakgrunn i det dei har høyrte frå sine rettsforgjengarar, at Storenes ikkje har medeigedommsrett i Aurstaddalen. Brukarane på Storenes har beiterettar i Aurstaddalen, men dei er ikkje grunneigarar.

Kalvatn og Bjørkedal avviser kravet frå Harald Årset om medeigedommsrett i fallet i Aurstadelva. Eigarane av Storenes var ikkje med på saka i 2001, og dei kan ikkje kome i ettertid å gjere krav på andelar i fallet. Denne delen av kravet må avvisast.

Jordskiftedommaren opplyste at ein ikkje har oppfatta brevet frå Sivert Bjørdal 01.10.2009 som krav om gjenopning av saka frå 2001. Jordskifteretten har oppfatta brevet som ei støtte til Harald Årset sitt krav om ny sak for jordskifteretten.

Krav om gjenopning etter reglane i tvistelova kap. 31, jf. jordskiftelova § 73, skal sendast *"sideordnet domstol med rettskrets som grenser til den domstol som har truffet avgjørelsen"*, jf. tvistelova § 31-1 punkt nr. 3. Adv. Aambø opplyste at han på vegne av Sivert Bjørdal umiddelbart vil kreve gjenopning av saka frå 2001 ved ein nabodomstol.

Når det gjeld kravet frå Harald Årset er det tvist mellom eigar av gnr. 44/1 på eine sida og eigarane av gnr. 43/1, 43/3 og 43/4 på andre sida om eigedommsretten til fallet i Aurstadelva på strekninga frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark.

Vidare er det tvist mellom eigar av gnr. 44/1 på eine sida og eigarane av gnr. 43/3 og 43/4 på andre sida om eigedommsretten til grunnen i Aurstaddalen.

Det er partane sitt ansvar å skaffe fram dokument og andre bevis i saka.

Når spørsmålet om gjenopning av sak nr. 1510-1998-16 er ferdig handsama, vil jordskifteretten kalle inn til hovudforhandling for å avgjere dei to tvistane mellom grunneigaren på Storenes og grunneigarar på Aurstad.

Innkalling til neste møte blir send i vanleg brev med minst to vekers varsel, jf. jordskiftelova § 14.

Utskrift av rettsboka blir send til partane og prosessfullmektigane i vanleg brev.

Saka blir utsett inntil vidare.

Retten heva.

Fyrde 11.05.2011


Olav Torvik



RETTSBOK

- Domstol:** Sunnmøre jordskifterett.
Møtedag: 21.05.2014.
Stad: Samhald, Fyrde i Austefjorden.
Sak nr.: 1510-2009-0016 Aurstad/Storenes, gnr. 43 og 44 i Volda
- utsett frå 11.05.2011.
- Saka gjeld:** Krav om rettsutgreiing etter jordskiftelova §88a.
- Jordskiftedommar:** Olav Torvik, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd.
- Protokollførar:** Jordskiftedommaren.
- Saka er kravd av:** Harald Aarset.
- Til handsaming:** 1 Fremming av saka.
2 Hovudforhandling i tvist om eigedomsretten til fallet i Aurstadelva og eigedomsretten til setermarka i Aurstaddalen.
- Partar:** Eigar av gnr. 43/1, Sivert Bjørdal, Austefjordvegen 1480, 6110 Austefjorden.
Prosessfullmektig h.r. adv. Svein Tømmerdal, advokatfirma Steenstrup Stordrange, Postboks 377 Sentrum, 6001 Ålesund.
- Eigar av gnr. 43/3, Ingunn og Iwar Kalvatn, Austefjordvegen 1512, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 43/4, Stian Osdal, Rotsetgeila 13, 6100 Volda.
Prosessfullmektig advokatfirma Haavind AS, v/adv. Ola Brekken, Postboks 359 Sentrum, 0101 Oslo.
- Eigar av gnr. 44/1, Harald Aarset, Austefjordvegen 1530, 6110 Austefjorden.
Prosessfullmektig adv. Bjørn Kristian Hove, Pb. 815, 6001 Ålesund.
- Eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy, Vidjevegen 12 D, 6104 Volda.
- Eigedomane ligg i Volda kommune.
- Til stades:** Sivert Bjørdal møtte saman med h.r. adv. Svein Tømmerdal.
Iwar Kalvatn og Stian Osdal møtte saman med adv. Ola Brekken. I tillegg møtte Harald Bjørkedal for tidlegare eigar av gnr. 43/4.
Harald Aarset møtte saman med adv. Bjørn Kristian Hove.
I tillegg møtte eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy.
Frå jordskifteretten møtte også avd. ing. Mari Oline Aasebø.

På spørsmål frå jordskiftedommaren hadde ingen merknader til innkallinga til møtet. Ingen kjende til noko som kunne tilseie at jordskiftedommaren er inhabil.

Framlagde dokument:

- 13 Innkalling til rettsmøte, datert 29.04.2013. Møtet vart avlyst.
- 14 Prosesskriv frå adv. Ola Brekken 03.05.2013.
- 15 Brev 14.05.2013. Avlysing av rettsmøte.
- 16 Innkalling til rettsmøte, datert 22.04.2014.
- 17 Prosesskriv frå adv. Ola Brekken 06.05.2014.
- 18 Prosesskriv frå adv. Ola Brekken 12.05.2014.
- 19 Prosesskriv frå adv. Bjørn Kristian Hove 12.05.2014.
- 20 Kopi av brev frå Statens vegvesen til Sivert Bjørdal 15.04.2013.
- 21 Adv. Ola Brekken: Disposisjon for innlegg.
- 22 Utdrag av Gausland si kommentarutgåve til utskiftingslova av 1882.
- 23 Adv. Bjørn Kr. Hove: Disposisjon til innleiingsforedrag.
- 24 Adv. Bjørn Kr. Hove: Juridisk utdrag.
- 25 Utdrag av skifterekneskapet frå utskiftinga i 1948.
- 26 Utdrag av skifterekneskapet frå utskiftinga i 1948.

Dokumenta vart gjennomgått i nødvendig grad.

Advokat Bjørn Kristian Hove innleia og gjorde greie for eigar av gnr. 44/1 sitt syn.

Han la ned slik

påstand:

- 1 Gnr. 44/1, Storenes, har andel etter skylda i retten til vassuttak og fallretten i Aurstadelva – frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark.***
- 2 Egedomsretten til grunnen i sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.***
- 3 Eigar av gnr. 44/1, Storenes – Harald Aarset – vert tilkjent dekning for sine sakskostnader.***

Advokat Ola Brekken innleia og gjorde greie for eigarane av gnr. 43/3 og 43/4 sitt syn.

Han la ned slik

påstand:

- 1 Ingunn og Iwar Kalvatn og Stian Osdal frifinnes.***
- 2 Ingunn og Iwar Kalvatn og Stian Osdal tilkjennes sakens omkostninger.***

H.r. adv. Svein Tømmerdal innleia og gjorde greie for eigar av gnr. 43/1 sitt syn.

Han la ned slik

påstand:

- 1 Egedomsretten til grunnen i sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.***
- 2 For øvrig frifinnes Sivert Bjørdal og tilkjennes saksomkostninger.***

Partane vart formana og forklarte seg.

Eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy er samd i Harald Aarset si framstilling av saka.

Elles gav Harald Aarset, Iwar Kalvatn og Harald Bjørkedal forklaring.

Det vart gitt høve til å spørje ut partane.

Advokatane Hove, Brekken og Tømmerdal fekk alle ordet til sluttinnlegg. Dei heldt fast på påstandane. Deretter fekk prosessfullmektigane ordet ein gong kvar.

Dommaren erklærte forhandlingane for avslutta og tvisten teken opp til doms.

Partane vart kort orientert om kostnadene med saka og om ankereglane.

På spørsmål hadde ingen merknader til forhandlingane.

Rettsformannen opplyste at det neste dag ville bli synfaring i Aurstaddalen med oppmøte ved campingplassen på Aurstad kl. 10.00.

Retten heva.

Fyrde 21.05.2014


Olav Torvik

Den 22.05.2014 var retten saman med partane på synfaring i Aurstaddalen etter oppmøte ved campingplassen på Aurstad kl. 10.00.

Desse var med på synfaringa:
Sivert Bjørdal, Lars Årsetøy, Harald Aarset og adv. Hove.

Vi gjekk frå Aarset til Aarsetstøylen, over Aurstadsetra og ned til Aurstad.

Far til Harald Aarset, Hans Aarset, møtte oss på Aarsetstøylen og serverte kaffi. Han vart med vidare ned til Aurstad. Synfaringa vart avslutta kl. 16.00.

Aurstad 22.05.2014


Olav Torvik



DOM

- Domstol:** Sunnmøre jordskifterett.
Dato: 21.08.2014.
Stad: Jordskifteretten sine lokale i Ørsta.
Sak nr.: 1510-2009-0016 Aurstad/Storenes, gnr. 43 og 44 i Volda.
- Saka gjeld:** Krav om rettsutgreiing etter jordskiftelova § 88a.
- Jordskiftedommar:** Olav Torvik, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd.
- Protokollførar:** Jordskiftedommaren.
- Saka er kravd av:** Harald Aarset.
- Til handsaming:** Avseiing av dom.
- Partar:** Eigar av gnr. 43/1, Sivert Bjørdal, Austefjordvegen 1480, 6110 Austefjorden.
Prosessfullmektig h.r. adv. Svein Tømmerdal, advokatfirma Steenstrup Stordrange, Postboks 377 Sentrum, 6001 Ålesund.
- Eigar av gnr. 43/3, Ingunn og Iwar Kalvatn, Austefjordvegen 1512, 6110 Austefjorden.
Eigar av gnr. 43/4, Stian Osdal, Rotsetgeila 13, 6100 Volda.
Prosessfullmektig advokatfirma Haavind AS, v/adv. Ola Brekken, Postboks 359 Sentrum, 0101 Oslo.
- Eigar av gnr. 44/1, Harald Aarset, Austefjordvegen 1530, 6110 Austefjorden.
Prosessfullmektig adv. Bjørn Kristian Hove, Pb. 815, 6001 Ålesund.
- Eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy, Vidjevegen 12 D, 6104 Volda.
- Eigedomane ligg i Volda kommune.
- Til stades:** Partane var ikkje til stades og dei var heller ikkje innkalla til møtet.
- Framlagde dokument:**
27 Adv. Ola Brekken: Saksomkostningsoppgave, 22.05.2014.
28 Adv. Bjørn Kristian Hove: Saksomkostningsoppgave, 23.05.2014.
29 H.r. adv. Svein Tømmerdal: Saksomkostningsoppgave, 23.05.2014.

Med heimel i jordskiftelova § 14 vedtok jordskifteretten slikt

fremjingsvedtak:

Kravet gjeld avklaring av rettsforhold mellom gardane Aurstad (gnr. 43) og Storenes (gnr. 44) i Austefjorden i Volda kommune. Det er tvist om eigedomsretten til fallet i Aurstadelva på strekninga frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark.

Vidare er det tvist om eigedomsretten til grunnen i setermarka i Aurstaddalen. Grunneigaren på Storenes hevdar at grunnen i Aurstaddalen ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes. To av grunneigarane på Aurstad hevdar at Storenes har bruksrett til beite og støl i Aurstaddalen, men Storenes er ikkje grunneigar.

Med heimel i jordskiftelova § 88a kan jordskifteretten i særskild sak klarlegge og fastsette eigedoms- og bruksrettstilhøve i hopehav og andre område der det er sambruk mellom eigedomar (rettsutgreiing).

Det er uklare rettstilhøve i Aurstadelva og Aurstaddalen som det er naudsynt å få klarlagt av omsyn til ein rasjonell bruk av området, jf. jordskiftelova § 88a. Det er grunnlag for å fremje sak om rettsutgreiing. Ingen av partane går mot at saka vert fremja.

slutning:

Saka vert fremja i samsvar med kravet.

Med heimel i jordskiftelova § 17 sa jordskifteretten slik

DOM

Domen gjeld gnr. 43 Aurstad og gnr. 44 Storenes i Austefjorden i Volda kommune. Det er to tvistar i saka.

Det er tvist mellom eigar av gnr. 44/1 på eine sida og eigarane av gnr. 43/1, 43/3 og 43/4 på andre sida om eigedomsretten til fallet i Aurstadelva på strekninga frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark. I sak nr. 1510-1998-16 ved Søre Sunnmøre jordskifterett, avslutta 18.10.2001, vart det ved dom 19.01.2001 fastsett at bnr. 1, 2, 3 og 4 under gnr. 43, Aurstad, eig retten til vassuttak og fallretten i Aurstadelva – frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark med like andelar etter gammal skyld.

Domen frå 2001 har rettskraft for bruka på Aurstad, men gnr. 44/1, Storenes, var ikkje part i saka den gong. Harald Aarset krev no andel i fallretten for gnr. 44/1. På den aktuelle strekninga renn elva gjennom Aurstad og Storenes heimeutmark. Her var utskifting i 1948, og det vart bestemt at "*Aurstad-elva skal vere til sams bruk og eige som før utskiftinga*".

Vidare er det tvist mellom eigaren av gnr. 44/1 på eine sida og eigarane av gnr. 43/3 og 43/4 på andre sida om eigedomsretten til grunnen i setermarka i Aurstaddalen. Området i Aurstaddalen ovanfor utskiftingsfeltet frå 1948, er felles setermark for Aurstad og Storenes. Storenes har hatt seter med sel og fjøs på Aurstadsetra. Harald Aarset, Sivert Bjørdal og Lars Årsetøy meiner at grunnen i Aurstaddalen ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes.

Eigarane av gnr. 43/3 og 43/4 hevdar at gnr. 44 Storenes har beiterett og stølsrett i Aurstaddalen, men Storenes er ikkje grunneigar.

Domsavgivelsen er forsinka. Dette skuldast stor arbeidsmengde og ferieavvikling.

Eigar av gnr. 44/1, Harald Aarset, har i hovudsak gjort gjeldande:

Av Voldasoga går det fram at garden Storenes var ein del av Aurstad fram til 1625. Gardane var ei tid også på same eigarhand. Inntil 1625 hadde dei to gardane same matrikelnummer. Storenes har hopehav med Aurstad og har sel på Aurstadsetra. Tidlegare slo dei setervollen og bar høyet heim til gards. Storenes har setra på Aurstadsetra like lenge som Aurstad. Ein har ingen opplysningar om kva tid ein starta med seterdrift.

Setermarka er uregistret sameige mellom Aurstad og Storenes. Kommunen sine gardskart har ikkje informasjon om eigedomsforholda i setermarka. Det er ingen andre enn partane i denne saka som har rettar i Aurstaddalen. Storenes er medeigar i setermarka saman med bruka på Aurstad etter skylda. Det er vanleg med felles utmark mellom fleire gardsnummer på våre kantar. Med bakgrunn i dei topografiske forholda og den langvarige beiting og seterdrift i området, kan det ikkje vere tvil om at Storenes er medeigar i setermarka, jf. Rt-1988-503.

Skovbytte i 1788 omfatta deling av skogen i heimeutmarka til Aurstad og Storenes. Dette gjeld same arealet som var under utskifting i 1948. Til slutt i byttebrevet frå 1788 går det fram at det vart liggande att ei sameigestrekning Svadelva og Storelva som ikkje vart skifta.

Kartet frå utskiftinga i 1948 vart tatt opp i 1943. Det som er vist med små bokstavar viser situasjonen før utskiftinga. Elvegrunnen ligg framleis i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes. Etter hovudregelen i vannressurslova § 13 er det grunneigaren som eig fallretten. Når grunnen ligg i sameige så ligg også fallretten i sameige.

Det som vart skifta var heimeutmarka til dei to gardane. Skiftefeltet grensar opp mot setermarka. Når heimeutmarka låg i sameige, er det naturleg at også setermarka ligg i sameige mellom gardane.

Gnr. 44 var ikkje part i jordskiftesaka frå 2001. Domen som gjeld elverettane har difor ikkje rettskraft for Storenes. Før utskiftinga i 1948 rann elva gjennom fellesareal; heimeutmarka til Aurstad og Storenes. Når Aurstad-elva skulle vere til sams bruk og eige som før utskiftinga så inkluderer det alle partane i saka; bruka på Aurstad og Storenes.

Tidlegare bruk av elva er utan rettsleg relevans i forhold til fallrettane. Kvernhus og sagrettar er avgrensa bruksrettar og gir ikkje eigedomsrett til fallet, jf. RG-2011-396.

Harald Aarset har lagt ned slik

påstand:

- 1 Gnr. 44/1, Storenes, har andel etter skylda i retten til vassuttak og fallretten i Aurstadelva – frå sjøen og opp til felles fjell- og sæterutmark.***
- 2 Eigedomsretten til grunnen i sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.***
- 3 Eigar av gnr. 44/1, Storenes – Harald Aarset – vert tilkjent dekning for sine sakskostnader.***

Eigarane av gnr. 43/3 og 43/4 har i hovudsak gjort gjeldande:

Det er i dag ingen økonomiske interesser knytt til Aurstaddalen og Aurstadelva. Grunneigarane har fått avslag på søknad om konsesjon for utbygging av vassdraget.

Matrikelutkast frå 1723 viser at matrikelnr. 43, Aurstad, og matrikelnr. 44, Storenes var to adskilde gardar med eigne matrikelnummer. Det same går fram av matrikkelen frå 1838.

Byttebrevet frå 1788 gjeld berre deling av skogen. Spørsmålet er om grunneigedom retten følgde skogen eller beitet. Det var ikkje felles skog eller beite mellom gnr. 43 og 44, jf. skifterekneskapen frå utskiftinga i 1948. I byttebrevet er omtala "*Garbyttet mellom Aurstad og Storenes*". Dette viser at dei to gardane hadde kvar sine teigar og at det ikkje var noko sameige mellom dei to gardane. Utskiftinga i heimeutmarka vart gjennomført på grunn av omfattande teigblanding og ikkje som oppløysing av sameige.

Storenes har ikkje utnytta Aurstadelva. Dei hadde ikkje kvern i elva, men hadde kvern i Geitvikelva. Storenes kan ikkje vise til sameiegrunn i elva. Aurstad nytta vassdraget til kvern og sagbruk. Bruka på Aurstad brukte vassdraget som medeigarar i elva. Garden Årset brukte også elva, men dei hadde berre avgrensa bruksrettar. Det same gjeld Storenes.

I 1948 vart Aurstad-elva halde utanfor utskiftinga. Det er retten til å utnytte vatnet i vassdraget som er interessant. Det er den retten som skulle vere som før utskiftinga. Ved domen i 2001 vart det fastsett at fallet i Aurstadelva ligg i sameige mellom bruka på Aurstad medan grunnen tilhøyrer gnr. 43/1.

Storenes har bruksrett til seter og beite i setermarka og ikkje noko medeigedom rett. Bygdebøker og SEFRAK-registreringar er inga rettskilde. Ein kan ikkje slutte noko av desse registreringane.

Når det gjeld eigedomsforholda i setermarka er det lite å hente frå rettspraksis. Ein kan ikkje utleie av bruken i området at Storenes er grunneigar. Bruken ligg innanfor det som er bruksrett. Aurstaddalen grensar til Aurstad. Den er ein del av gnr. 43. På eit eller anna tidspunkt fekk Storenes eige matrikelnummer. Garden har ikkje eige fjellområde. Storenes må prove at dei har blitt medeigar i Aurstad fjellmark. Slike prov er ikkje ført. Kvifor skulle setermarka ligge i sameige når ikkje heimeutmarka gjer det.

Storenes har to teigar i heimeutmarka. Det er ikkje vist til grunnlag for sameige i setermarka. At Storenes har bruksrett til seter og beite i setermarka vert støtta av forklaringane som er overført frå tidlegare generasjonar.

Eigarane av gnr. 43/3 og 43/4 har lagt ned slik

påstand:

1 Ingunn og Iwar Kalvatn og Stian Osdal frifinnes.

2 Ingunn og Iwar Kalvatn og Stian Osdal tilkjennes sakens omkostninger.

Eigar av gnr. 43/1, Sivert Bjørdal, har i hovudsak gjort gjeldande:
I heimeutmarka er Sivert Bjørdal eigar av elvateigen der Aurstadelva renn. Det er ikkje lagt fram dokumentasjon som syner at Storenes har rettar i Aurstadelva i heimeutmarka.

Bjørdal står fast på sin påstand frå saksførebuande møte 11.05.2011 om at setermarka i Aurstaddalen ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.

Eigar av gnr. 43/1 har lagt ned slik

påstand:

1 Eigedom retten til grunnen i sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.

2 For øvrig frifinnes Sivert Bjørdal og tilkjennes saksomkostninger.

Eigar av gnr. 43/2, Lars Årsetøy, har i hovudsak gjort gjeldande:
Setermarka har vore brukt i fellesskap mellom Aurstad og Storenes. Slik han har forstått det, er dette sameige grunn mellom dei to gardane.

Han oppfattar det også slik at heimeutmarka tidlegare var felles mellom dei to gardane. Når fallet i Aurstadelva etter utskiftinga i 1948 skulle vere til sams bruk og eige som før utskiftinga så må det også gjelde Storenes. Han støttar Harald Aarset sitt syn på saka.

Jordskifteretten sine vurderinger

Twist om fallrettane i Aurstadelva.

Utskiftinga i 1948 var opprinneleg krevd som grensegang for ei grense mellom bnr. 1 på Aurstad på eine sida og bnr. 2 og 3 på andre sida. Kravet vart endra til utskifting av Aurstad og Storenes utmark, og saka vart fremja som "*utskifting over Aurstad og Storenes utmark, gr.no. 43 og 44 i Volda herred*". Etter dette vart Harald Storenes på gnr. 44/1 tatt inn i saka som loddeigar.

Skiftefeltet støyter til setermarka i nord. Mot sør støyter det til sjøen og eiga innmark. I vest mot Årset vart grensa fastsett og ein beiterett som Årset hadde i skiftefeltet vart avløyst. Det var twist om grensa mot Geitvik i aust. Aurstad og Storenes hadde felles påstand om grensa. Twisten vart avgjort ved forlik i heradsretten.

Eigedomstilhøva synest å ha vore kompliserte før utskiftinga i 1948. Det vart opplyst at skogen i utmarka var "*delt i en masse teiger paa hvert bruk, saa der var typisk teigblanding, samtidig som beitet for en stor del var felles. Det ene bruk kunne saaledes eie skogen og et annet bruk beitet paa samme trakt*".

Jordskifteretten forstår utskiftinga slik at det var skogeigaren som vart rekna som grunneigar før utskiftinga, medan beiteretten til den einskilde vart rekna som bruksrett.

Eigdomsforholda ved elva før skiftet går fram av jordskiftekartet. Både bnr. 1, 2 og 3 under Aurstad hadde teig ved elva. I tillegg er der ein større sameigeteig på vestsida av elva som er eigd av dei fire bruka på Aurstad i tillegg til bruket på Storenes. Dette er også i samsvar med skogskiftet frå 1788. Elvegrunnen har kartfigur nr. 220, og skifterekneskapen viser at den er ubonitert. Elvegrunnen er ikkje tillagt teigane som grensa inn til elva før skiftet, og arealet under elva ser ut som det har lege i sameige før skiftet.

Skifterekneskapen viser ikkje tydeleg kven som vart tillagt elvegrunnen etter utskiftinga, men både jordskiftekartet og rettsboka viser at det er gnr. 43/1 som etter utskiftinga er grunneigar under Aurstadelva. Etter vannressurslova § 13 tilhøyrrer vassdraget eigaren av den grunn det dekker, og retten til vassressursen ligg til grunneigaren, dersom ikkje anna fylgjer av "*særlige rettsforhold*". Denne hovudregel er ei vidareføring av vassdragslova av 1940 § 1. Det er krav om klare og konkrete haldepunkt for å fråvike hovudregelen.

Etter lovendring i 1918 hadde utskiftingslova ein regel om at vassdrag "*som ansees skikket til vandkraftanlæg av nogen betydning*" skulle haldast utanfor skiftet (utskiftingslova § 40). Jordskifteretten hadde eit sjølvstendig ansvar for å ivareta eigarane sine interesser sjølv om partane ikkje tok opp spørsmålet.

I første halvdel av 1900-talet var det svært aktuelt med kraftutbygging i mindre vassdrag. I denne perioden vart det etablert mange kraftverk på bygdene på Sunnmøre. Verdien av fallrettar i elvane var soleis godt kjende for jordskifteretten, og det var vanleg å halde større vassdrag utanfor ved jordskifte.

Jordskifteretten var tydeleg klar over verdien av vasskrafta i Aurstadelva då den ved utskiftinga i 1948 uttalar fylgjande om elverettane: "*Aurstad-elva skal vere til sams bruk og eige som før utskiftinga. Dei gamle kvennarettane vert og som før i denne elva*".

Dette tyder på at elva låg i sameige før utskiftinga i 1948, og at dette sameiget ikkje vart oppløyst ved utskiftinga. Det vart etablert eit "*særlig rettsforhold*". Når Aurstadelva skal vere til sams bruk og eige som før, så gjeld dette retten til å utnytte vassfallet til kraftproduksjon og retten til å ta ut vatn til bruk i hushald og gardsdrift. I tillegg til dette presiserer retten at også kvennarettane er uendra av saka.

Domen i frå 2001 slår fast at fallretten ligg i sameige mellom dei fire bruka på Aurstad. Spørsmålet er så om også Storenes er medeigar i dette sameiget. Skiftetfeltet i 1948 er omtala som Aurstad og Storenes heimeutmark. Skogeigarane vart rekna som grunneigarar, medan beitet vart vurdert som bruksrettar. Nokre av skogteigane låg i sameige mellom ulike bruk, medan andre hadde ein eigar. Under utskiftinga vart det rydda opp i både teigblanding, sameige og sambruk. Dei nye teigane vart lagt ut til full eigedom med unntak av Aurstadelva som skulle vere til sams bruk og eige som før.

Fram til Skovbyttet i 1788 var det truleg fullt sameige i Aurstad og Storenes heimeutmark. Det kan ein lese ut av det "PS" som står til slutt i byttebrevet: "*Den Skov som fandtes mellem begge Elver, nemlig Svad-Elv og Storelven blev ikkje byttet, men de bleve så forligte derom at de skulde tage der sit Tilfang til Broen, og om der i Eftertiden fandtes mere, da skulde de gaa did alle tillige og hugge hver efter sin (An)part som vi bliver forligde om*".

Skogen mellom elvane vart ikkje delt og her skulle dei ta tilfang til brua. Om der var meir skog skulle kvar høgge etter sin part. Dette er den teigen som på jordskiftekartet ligg vest for Storelva og som er vist som sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes før skiftet i 1948. Det "*Garbyttet*" mellom Aurstad og Storenes som er vist til i byttebrevet, forstår jordskifteretten slik at det gjeld innmarksgrensa. Det var ikkje noka grense mellom gardane i utmarka i 1788. Storenes fekk i 1788 ein teig frå innmarksgrensa mellom dei to gardane og austover "*for al den Skov frå Lauv-Elven og in til Garbyttet mellom Aurstad og Storenes*". Bonden på Storenes fekk sin teig "*ovenfor sit Bøgjerde*" frå gardsgrensa og innover. Dette stemmer med jordskiftekartet.

Det var fem loddeigarar i saka i 1948. Når Aurstadelva etter utskiftinga skulle vere til "sams bruk og eige som før utskiftinga" så meiner jordskifteretten at dersom dette ikkje gjeld alle dei fem loddeigarane i skiftefeltet så måtte det vere omtala særskild. Fallretten i Aurstadelva var eit kjent økonomisk gode som framleis skulle ligge i sameige mellom bruka. På grunn av den særlege økonomiske verdien som låg i vasskrafta, er det naturleg at det var omtala spesielt dersom ikkje Storenes skulle ha andel i dette.

At Storenes hadde kvern i Geitvikelva og ikkje i Aurstadelva har inga betydning for fallretten. Kvennarettane er bruksrettar og gir ikkje eigedomsrett til elva og andel i fallrettane, jr. RG-2011-396. Bytebrevet frå 1788 viser til at ein teig ikkje vart bytt ved dette skogbyttet. Den teigen låg att som sameigeteig mellom bruka på Aurstad og Storenes før skiftet i 1948. Det tyder på at heimeutmarka låg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes før skogbyttet i 1788. Dette må også gjelde elvarettane som framleis låg i sameige ved utskiftinga i 1948. Ved utskiftinga vart det bestemt at retten til å utnytte vatnet i elva skulle ligge i sameige som før. Då må det etter retten si vurdering vere sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes.

Jordskifteretten legg til grunn at det er skylda som er delingsgrunnlaget. Etter hovudregelen i sameigelova så skal andelen i sameiger som ligg til særskild registrerte grunneigedomar, reknast etter den skatteskylda som var gjeldande fram til lov av 17.12.1836 (den gamle skylda eller fiskeleieskylda), jf. jordskiftelova § 27. Dette gjeld dersom anna høvetal ikkje er kjent. Anna høvetal er ikkje kjent, og ved utskiftinga i 1948 var det skylda som var delingsgrunnlaget i sameigeteigar.

Den gamle skylda på Aurstad og Storenes fordeler seg slik:

Gnr./bnr.	Vog	Bismerpund	Merker	Sum merker	%
43/1	1	2	15	135,0	44,12
43/2	0	2	19 ½	67,5	22,06
43/3	0	2	19 ½	67,5	22,06
44/1	0	1	12	36,0	11,76
Sum				306,0	100,00

Gnr. 43/1 vart i 1929 delt i to like bruk, bnr. 1 og 4 med 22,06 % av skylda kvar.

Tvist om rettsforholda i Aurstaddalen.

Av Voldasoga går det fram at gardane Aurstad og Storenes er gamle gardar. Aurstad er nemnt i skattelistingane frå 1520. Bygdeboka konkluderer med at garden truleg har hatt busetnad sidan vikingtida. Det vert opplyst at Storenes var ein del av Aurstad fram til 1625 og at garden i alder truleg går attende til same opphav som Aurstad. Gardane var ei tid også på same eigarhand. Inntil 1625 hadde dei to gardane same matrikelnummer etter det som er opplyst. Storenes har saman med Aurstad hatt sel og setra i Aurstaddalen så lenge ein kjenner til. Tidlegare slo dei setervollen og bar høyet heim til gards. Ein har ingen opplysningar om kor lenge det har vore seterdrift på Aurstadstøylen.

Det er ikkje usemje om at begge gardane har setra i Aurstaddalen. Men to av brukarane på Aurstad hevdar at Storenes sine rettार i området er bruksrettar. Dette har dei fått fortalt av sine rettsforgjengarar.

Skovbytte i 1788 omfatta deling av skogen i heimeutmarka til Aurstad og Storenes. Dette gjeld same arealet som var under utskifting i 1948. Utsiftinga vart fremja som utskifting over Aurstad og Storenes utmark og det blei tatt opp kart over skiftfeltet. Kartet gjekk "saa langt til fjells som er behandlet i det gamle byttebrev av 1788". I grensebeskrivelsen står det at yttergrensa for skiftfeltet støyter til setermarka.

Geir Stenseth drøftar spørsmålet om rettsforholda i utmark i artikkelen "*Utmarksstrekninger med mange rettighetshavere. Noen linjer mellom historiske forhold og gjeldende rett*" (Areal og Eiendomsrett, 2007). Her skriv han mellom anna:

"Sameieforhold i utmark kan ha to prinsipielt forskjellige opprinnelser. De kan for det første ha oppstått ved ufullstendig deling av enkeltgarder. En eiendomsenhet er altså splittet, men større eller mindre deler av utmarksarealene har blitt liggende igjen som sameie mellom de nye gardsenhetene. Slike sameier har vært benevnt som gardssameier.

For det andre kan sameiene ha oppstått ved at flere gardar har etablert eiendomsrett til et utmarksområde i fellesskap. ..."

Med bakgrunn i opplysningane om at Aurstad og Storenes var ein gard fram til 1625, så er det rimeleg å tru at utmarka etter deling vart liggande i sameige. Ved Skovbytte i 1788 delte ein skogen i heimeutmarka, og ved utskifting av heimeutmarka i 1948 vart skogeigaren rekna som grunneigar medan beiterettane vart rekna som bruksrettar. Dette må forståast slik at grunnen i heimeutmarka låg i sameige før 1788. Ved Skovbytte vart skogen og grunnen delt. Fjell- og setermarka vart etter dette framleis liggande i sameige mellom gardane.

Slik gardane ligg langs Austefjorden synest det naturleg at Aurstadstøylen og kringliggande beiteområde har vore brukt av begge gardane frå gammalt av. Begge gardane er gamle gardar, men ein har få opplysningar om utgangspunktet for stølsdrifta. Dei topografiske forholda og den langvarige fellesbeitinga i området støttar opp om det synet at Aurstaddalen og kringliggande område ligg i sameige mellom dei to gardane. Storenes har tydeleg hatt behov for å utnytte beitet rundt Aurstadstøylen på same måte som Aurstad. Dette er einaste staden i setermarka der det er naturleg å etablere støl. Det er opplyst at dei tidlegare slo setervollen og bar heim høyet. Jordskifteretten har forstått det slik at også Storenes var med på slåtten. Dette talar også for at Storenes er medeigar i setermarka. Ved mange "brukssetrar" var det grunneigarane som slo setervollen og bruksrettshavarane fekk beite vollen etter at slåtten var ferdig. Brukarane på Aurstad er også delt i synet på rettsforholda i Aurstaddalen. To av dei fire brukarane på Aurstad er samde med brukaren på Storenes i at gnr. 44 har medeigedom i Aurstaddalen.

Jordskifteretten legg til grunn at Aurstad og Storenes i utgangspunktet var ein gard. Storenes er så skilt ut med eige matrikelnummer og utmarka vart liggande att som sameige mellom dei to gardane. Heimeutmarka er seinare delt til full eigedom og fjell- og setermarka ligg framleis i sameige.

Sakskostnader.

Etter § 81 i jordskiftelova skal vederlag for kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar avgjerast etter reglane i tvistelova § 20-2. Harald Aarset har vunne saka. Etter hovudregelen har han krav på full erstatning for sine sakskostnader for jordskifteretten. Jordskifteretten finn ikkje grunnlag for å nytte unntaksregelen i tvistelova § 20-2 tredje ledd.

Adv. Hove har lagt fram sakskostnadsoppgave på kr. 121 977,50 inkl. mva. Kravet gjeld salær og reiseutgifter. Det er opplyst at kravet kan delast likt på dei to tvistespora. Jordskifteretten finn omkostningane naudsynte og legg dei til grunn, jf. tvistelova § 20-5. Sakskostnader vert tilkjent.

slutning

1 Eigarane av gnr. 43/1, gnr. 43/2, gnr. 43/3, gnr. 43/4 og gnr. 44/1, alle i Volda, eig i fellesskap etter gammal skyld retten til vassuttak og fallretten i Aurstadelva frå sjøen og opp til felles fjell- og seterutmark.

2 Eigeomsretten til grunnen i fjell- og sætermarka i Aurstaddalen, ligg i sameige mellom bruka på Aurstad og Storenes etter skylda.

3 Andelane i sameiget i Aurstadelva og i felles fjell- og seterutmark er fordelt slik etter den gamle skylda:

Gnr. 43/1 – 22,06 %, gnr. 43/2 – 22,06 %, gnr. 43/3 – 22,06 %, gnr. 43/4 – 22,06 %, gnr. 44/1 – 11,76 %.

4 I tvist om fallrettane i Aurstadelva betaler Sivert Bjørdal, Ingunn og Iwar Kalvatn og Stian Osdal, ein for alle og alle for ein, til Harald Aarset sakskostnader for jordskifteretten med kr. 60 989 – sekstitusennihundreogåttini-kroner – innan 2 – to – veker frå forkynning av domen.

5 I tvist om rettsforholda i setermarka betaler Ingunn og Iwar Kalvatn og Stian Osdal, ein for alle og alle for ein, til Harald Aarset sakskostnader for jordskifteretten med kr. 60 988 – sekstitusennihundreogåttiatte-kroner – innan to veker frå forkynning av domen.

Jordskifteretten gjorde deretter slike vedtak:

Jordskiftekostnaden.

Jordskiftekostnader og gebyr skal dekkast av partane i samsvar med jordskiftelova § 74.

Partane har fått høve til å uttale seg om fordeling av kostnadene. Samla kostnader med saka er i fylgje særskild rekneskap **kr. 12 840**. Kostnadene gjeld gebyr til Staten og husleige 21.05.2014. Kostnadene er etter retten sitt skjøn delt likt mellom partane i saka.

Kostnadsfordeling:

Gnr./bnr.	Eigar	skal betale kr	har betalt kr	skuldar kr	har til gode kr
43/1	Sivert Bjørdal	2 568		2 568	
43/2	Lars Årsetøy	2 568		2 568	
43/3	Ingunn og Iwar Kalvatn	2 568		2 568	
43/4	Stian Osdal	2 568		2 568	
44/1	Harald Aarset	2 568	4 300		1 732
SUM		12 840	4 300	10 272	1 732

Faktura for skuldig beløp vert sendt i eige brev frå Domstoladministrasjonen. Skuldig beløp som ikkje vert betalt innan fristen, kan tvangsinn drivast utan nærare varsel. Pengar til gode vert tilbakebetalt.

Avslutting av saka.

Saka vert avslutta i dette møtet.

Forkynning.

Domen vert forkynt for prosessfullmektigane og sjølvprosederande part. Dei andre partane får kopi av domen i vanleg brev.

Ankefristen er ein månad frå forkynningsdato.

Reglane om anke fylgjer forkynninga.

Tinglysing.

Saka skal tinglysast på gnr. 43 bnr. 1, 2, 3 og 4 og gnr. 44 bnr. 1 i Volda.

Saka slutt og retten heva.

Ørsta 21.08.2014


Olav Torvik



Utskrift til:

Harald Leif Aarset	Austefjordvegen 1530	6110	AUSTEFJORDEN
Ingunn og Iwar Willy Kalvatn	Austefjordvegen 1512	6110	AUSTEFJORDEN
Lars Årsetøy	Vidjevegen 12D	6104	VOLDA
Sivert Bjørdal	Austefjordvegen 1480	6110	AUSTEFJORDEN
Stian Osdal	Rotsetgeila 13	6100	VOLDA

Kopi til:

Sunnmøre jordskifterett Postboks 102 6151 ØRSTA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/2058	1994/2016	43/ 0	UTV/ FRATHO	18.02.2016

**VEDTAK OM MATRIKKELFØRING OPPLYSNINGAR I MATRIKKELEN
EIGEDOM MED GBR 43/1, 43/2, 43/3, 43/4 OG 44/1 - JORDSAMEIGE
AURSTADALEN**

Viser til dom i jordskifte datert 31.10.2014, jordskiftesak nummer 1510-2009-0016, slutninga punkt 2 og 3 om felles fjell- og sætermark i Aurstaddalen, gbr 43/1, 43/2, 43/3, 43/4 og 44/1.

Vedtak om matrikkelføring:

Avgjerd i jordskiftesak nummer 1510-2009-0016 om felles fjell- og sætermark, er med heimel i matrikkelforskrifta § 46 registrert i matrikkelen.

Jordsameiget er tildelt gbr 43/14.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker frå underretninga er kome fram. Klaga skal være underteikna, nemne kva det klagas over, bør grunngjevast og skal innehelde kva for endringar som ønskes, jf. forvaltningslova § 32. Klaga sendast til Sektor for Utvikling, Volda kommune. Klagar som ikkje avvisast eller tas til følge hjå kommunen, vil bli oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg klagehandsaming.

Oppdaterte kart:

- Smarttelefon, nettbrett og PC: www.kommunekart.com (gratisapp Norkart AS).


Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å vis til sak nummer 2014/2058.

Med helsing

Frank Thommessen
ingeniør

Vedlegg:

- 1 Kartvedlegg
- 2 Matrikkelrapport jordsameiget, gbr 43/14



Eiendomsnr: 1519 - 43/14/0/0

Eiendomsdata

Eiendomstype	Jordsameie (J)	Bruksnavn	
Beregnet areal	4379470.0	Arealmerknad	Noen fiktive grenser (NF)
Etablert dato	17.02.2016	Oppgitt areal	0.0
Oppdatert dato	17.02.2016	Arealkilde	Ikke oppgitt (0)
Bestående	Ja	Bruk av grunn	
Tinglyst	Nei	Ikke fullf. Oppm.forr.	Nei
Seksjonert	Nei	Frist fullføring	
Har fester	Nei	Mangel ved oppm.krav	Nei
Under sammenslåing	Nei	Frist retting	
Nymatrikulert	Nei	Skyld	0.0
Avklart eiere	Ja	Avklart andeler	Ja

Forretninger

Forretningstype	Beskrivelse	Forr.dato	Matr.ført	Grunnlag	Tingl.status	Inv.vert (areal)	Berørte
Jordskifte (JS)	Registrer uregistrert jordsameie	21.08.2014	17.02.2016			43/4, 43/3, 44/1, 43/14 (4379470.0), 43/1, mm ...	

Ikke tinglyste eiere

ID	Navn	Adresse	Poststed
Andel	Rolle	Kategori	Status
43/1/0/0			
2206/10000	Aktuell eier (AE)		
43/2/0/0			
2206/10000	Aktuell eier (AE)		
43/3/0/0			
2206/10000	Aktuell eier (AE)		
43/4/0/0			
2206/10000	Aktuell eier (AE)		
44/1/0/0			
1176/10000	Aktuell eier (AE)		

Teiger

Koordinatsystem	Nord	Øst	Høyde	H. teig	Ber. areal	Arealmerknad	Merknad
EUREF89 UTM Sone 32 (22)	6887696.2	358501.5	0.0	Ja	4379470.0	Noen fiktive grenser (NF)	

Knut Arne Aarset
Myravegen 14,
6100 Volda

Eigar og drivar av gnr. 42/1
Aarset 103
Austefjorden

Volda kommune
Sektor for utvikling v/Frank Thommessen

Merknad/klage til oppretting av ny matrikkel i området Aurstaddalen og setremarka til dei tre bruka på Aarset - arkivsak nr 2014/2058

Viser til tidlegare korrespondanse per telefon med sakshandsamar Frank Thommessen, og seinare mottak av to ulike skriv frå Volda kommune om denne saka.

Sjølv etter grundig gjennomgang av desse skriva, og vidare samtale med fagfolk ved Jordskifteretten i Ørsta, finn eg det framleis uråd å skjøne både formålet og framgangsmåten til Volda kommune i denne saka.

Det er mellom anna sagt klart og tydeleg at berre Jordskifteretten kan måle ut og vedta endringar som vedkjem grenser/rettar/eigedom i terrenget.

Det blir altså oppretta ein ny matrikkel for gjennom alle kjende tider felles fjellmark ovanfor dei private eigedomsgrensene, men berre knytt til bruka på Aurstad. Feltet den nye matrikkelen omfattar strekkjer seg til dømes langt nordvest forbi Aarset-setra i retning grensa mot Ullaland.

Samtalar om saka med fleire grannar i bygdelaget har ikkje vore oppklarande, heller tvert imot. Kvar står ein då?

Eg ber hermed om at vedtaket om godkjenning av ny matrikkel får oppsettjande verknad.

Eg ber vidare om at Volda kommune - som har sett i gang dette uventa prosjektet - kan klargjere formålet med matrikkelen. Kvar står rettane og pliktene til dei ulike bruka på Aarset/Aurstad/Storenes?

Volda den 22.03.2016

Med venleg helsing

Knut Arne Aarset

Fra: Frank Thommessen [Frank.Thommessen@volda.kommune.no]

Sendt: 17. mars 2016 13:18

To: Knut Arne Aarset

Emne: Oversending dokument

Oversending vedlegg i høve avtale

E-post 1 av 2.

Spørsmål vedrørende jordskifte rettast Sunnmøre jordskifterett (tlf. 70 04 81 80, 08:00-15:30).

Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å vis til sak nummer 2014/2058.



Frank Thommessen

Ingeniør kart og oppmåling

Sektor for utvikling

Tlf.: 700 58 760/977 19 172

www.volda.kommune.no

www.kommunekart.com

Harald Aarset
Austefjordvegen 1530
6110 Austefjorden
Gnr 44/1
90677150

Frank Thommessen

Viser til brev datert 18.02.2016 ang. matrikkelføring av jordsameige Aurstaddalen.

Som eg tidlegare har forklart deg pr tlf så kan her ikkje matrikkelførast noko som helst i den felles utmarka vår.

Dette grunnar eg med at tre-3 bruk med nokså innlysande og hevdvunne rettar er fullstendig utelatne i dette forslaget i tillegg til at grensene som er foreslått verkar totalt vilkårlige.

Då det aldri tidlegare har vore bytt noko av vår felles utmark over den linja som dannar grense mot denne felles utmarka (altså den felles skogteigblandinga mellom Aarset og Aurstad) vil eg tru at ei slik matrikkelføring må gjennomgå ein heilt annan prosess enn berre å drage nokre til- feldige linjer og sette på gards- og bruksnummer. Då eg for mange år sidan gjekk til jordskifteretten var det for å få avklara den prinsipielle

retten for bruket her til å fortsatt vere ein del av dette fellesskapet sidan det vart bråk av at eg bygde oppatt på støylen.

Det var nettopp denne prinsipielle retten jordskiftesaka nr 1510-2009-0016 skulle underbygge.

Utover det er det sovidt eg kjenner til ingen av oss som soknar til denne felles utmarka som er interesserte i nye rundar med jordskifte og event.

grensegangar med tilhøyrande utgifter og alt som vondt er vidare framover.

Mitt enkle forslag er difor at saka vert lagd daud snarast råd.

Storenes 23/3 2016

Harald Aarset

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Klage på vedtak om matrikkelføring, jordsameige i Aurstaddalen.

Saksnummer: 2014/2058

Eg vil påklage vedtaket om matrikkelføring i Aurstaddalen, Volda kommune.

Jordsameiget slik det er lagt fram, syner at det er gnr. 43 og 44 som er eigarar av dette. Gnr. 42 bnr 1-3 har frå gammalt brukt Aurstaddalen på same måte som gnr 43/44. Dei har si seter på vestsida av dalføret og har hatt seterdrift der på same vis som gnr 43/44 har hatt på Aurstadsetra. I 1977 starta vi med felles hjortejakt under Årset og Aurstad jaktvald. Grensene for valdet går frå Geitvika i aust til Ullaland i vest. Dette tyder på at gardane innanfor desse fjellgrensene har eit felles hopehav i området. Fjellgrensene mot aust og vest er rettsleg avgjorde og ikkje bestrida.

At Volda kommune kallar grensene for jordsameige for hjelpeliner og at det har blitt sagt det ikkje betyr noko, lagar i framtida nye uavklarte moment i forhold til rettane i Aurstaddalen mellom gnr 42 og gnr 43/44. Det var nettopp slike uavklarte forhold som var årsaka til siste jordskiftesak, avlutta i 2014. Avsagt dom frå jordskifteretten ordna opp i dette, så eg håper kommuna ikkje lagar nye problem ved å vedta denne matrikkelsaka.

Min påstand er:

- Vedtaket om matrikkelføring leggast død.
- Matrikkelen blir ikkje tinglyst.

Med venleg helsing
Lars Årsetøy
Eigar av 43/2

PS 33/16 Orienteringssaker

Orienteringssaker

Orienteringssaker



MELDING OM DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	Liv Bente Viddal	Arkivsak nr:	2016/201
Delegert sak nr:	11/16	Arkiv:	611
		Vedtaksdato:	18.03.2016

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Saka gjeld: 1519 GRUNNAVTALE SKYTEBANE ALDALEN - JORDLOVA § 12

VEDTAK:

Landbruksmynde viser til søknad datert 01.02.16 med grunnavtaler mellom Hjartåbygda skyttarlag og desse eigedomane i Volda kommune:

Gnr 35, bnr 3

Gnr 36, bnr 1

Gnr 37, bnr 1 og bnr 2

Gnr 38, bnr 3

Gnr 40 bnr 1 og bnr 2

Det vert gitt løyve etter jordlova § 12 for frådeling av bruksrett til grunn for skytebane m.m. i Aldalen, jfr. avtalar datert 16.12.15 og 30.01.16. Grunngeving er at frådelinga ikkje fører til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området

Orientering om rett til å klage på enkeltvedtak:

Vedtaket kan påklagast til fylkesmannen. Adresser klagen til Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Utskrift:

Hjartåbygda skyttarlag v. Hogne Homberset Løviknesvegen 15 6106 VOLDA
Volda kommune, forvaltningsstyret – til orientering

Marianne Aurstad

Harald Asle Aasen

Eva Bente Rønning

Lise Reite Dimmen

Hilde Karin Hjorthaug Berg

Olav Ullaland og Eva Marie Ullaland

Jostein Ullaland og Åshild Ullaland

Saksdokument:

I 11.02.2016 10.02.2016 Grunnavtalar skytebane Hjartåbygda skyttarlag

Saksopplysningar:

Hjartåbygda skyttarlag v. Hogne Homberset har inngått grunnavtalar datert 16.12.15 og 30.01.16 med fleire grunneigarar for skytebane med standplass, skiver og standplassoverbygg i Aldalen. Avtalane gjeld frå januar 2016 til 31.12.60, og må difor handsamast etter delingsparagrafen i jordlova for dei enkelte bruka. Søknad om deling etter jordlova er sendt på e-post til landbrukskontoret 01.02.16. Skytebana er eksisterande, men det skal byggast på huset på standplass, og lagast til vegtilkomst. Dette er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og det er sendt søknad til Volda kommune. Sak etter plan- og bygningslova vert teken opp i forvaltningsstyret, saka etter jordlova vert teken som delegert sak.

Hjartåbygda skyttarlag har grunnavtale med desse eigedomane:

Gnr 35, bnr 3

Gnr 36, bnr 1

Gnr 37, bnr 1 og bnr 2

Gnr 38, bnr 3

Gnr 40 bnr 1 og bnr 2

Vi har slike opplysningar om bruka det er søkt om deling frå, arealopplysningane er henta frå gardskarta på nettsidene til Skog og landskap:

- Gnr 35 bnr 3. Eigar Marianne Aurstad. Arealgrunnlag etter gardskartet er 17,7 da jordbruksareal, 191,4 da skogsmark, 47,5 da anna areal; eit totalareal på 256,6 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 36 bnr 1. Eigar Harald Asle Aasen. Arealgrunnlag etter gardskartet er 15,9 da jordbruksareal, 297,7 da skogsmark, 45,4 da anna areal; eit totalareal på 359 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 37 bnr 1. Eigar Eva Bente Rønning. Arealgrunnlag etter gardskartet er 24,2 da jordbruksareal, 168,1 da skogsmark, 46,7 da anna areal; eit totalareal på 239 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 37 bnr 2. Eigar Lise Reite Dimmen. Arealgrunnlag etter gardskartet er 37,3 da jordbruksareal, 223,1 da skogsmark, 84,1 da anna areal; eit totalareal på 344,5 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 38 bnr 3. Eigar Hilde Karin Hjorthaug Berg. Arealgrunnlag etter gardskartet er 60,1 da jordbruksareal, 75,4 da skogsmark, 38,2 da anna areal; eit totalareal på 173,7 da. Driv med mjølkeproduksjon på ku, og litt sauehald.
- Gnr 40 bnr 1. Eigarar Olav Ullaland og Eva Marie Ullaland. Arealgrunnlag etter gardskartet er 58,8 da jordbruksareal, 613,6 da skogsmark, 141,8 da anna areal; eit totalareal på 814,2 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.
- Gnr 40 bnr 2. Eigarar Jostein Ullaland og Åshild Ullaland. Arealgrunnlag etter gardskartet er 72,6 da jordbruksareal, 723,9 da skogsmark, 163,9 da anna areal; eit totalareal på 960,4 da. Ikkje sjølvstendig jordbruksdrift.

Vurdering og konklusjon:

Søknaden må handsamast etter delingsparagrafen i jordlova, § 12, sidan dette gjeld frådelling av bruksrett lenger enn 10 år. Søknaden vert teken som delegert sak.

§12 Deling i jordlova lyder:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

(etc.)

Dette gjeld ein avtale om bruk av grunn i Aldalen, for skytebane som allereie er etablert, og utviding/påbygg. Leigeavtalen er på 45 år. Eg kan ikkje sjå at ein slik avtale vil føre til store drifts- og miljømessige ulemper for bruka og for landbruket i området. Det ligg jordbruksareal i Aldalen, men tunområda ligg andre stader. Sjølve plasseringa av vegtilkomst og påbygg vert handsama i eiga sak, slik at landbruksinteressene kan takast omsyn til der.

Med denne grunngjeving vert det gjeve løyve til frådeling av bruksrett til grunn frå dei aktuelle bruka, til Hjartåbygda skyttarlag, med vising til avtalar datert 16.12.15 og 30.01.16.

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Liv Bente Viddal

Fra: Hogne Homberset [hogne.homberset@tusssa.com]
Sendt: 1. februar 2016 08:28
Til: Liv Bente Viddal
Emne: Grunnavtale skytebane
Vedlegg: skytebanekontrakt Jostein og Aashild Ullaland 001.jpg; Skytebaanekontrakt fleire side 1 001.jpg; skytebanekontrakt fleire side 2 001.jpg; grunnavtale kart 001.jpg

Hei

Kan Du gje ein uttale til desse to grunnavtalane for skytebana i Aldalen i og med at kontraktene er så langvarige at dei vert berørte av jordlova.

Kontraktene er å langvarige fordi det vert stilt krav om minimum 40 års varigheit for å kunne søkje om spelemidlar. Spelemidlar kjem me til å søkje på i forbindelse med påbygginga av huset på standplassen.

Det er også krav om tilgjenge for funksjonshemma for å få spelemidlar.

Di for vil me no bygge veg til skytebana.

Har her funne ein trase som berører minimalt med dyrka jord. Der den gjer det vil molda verte teken vare på ved å legge ho på sida av vegen slik at ein kan slå og køyre over vegen.

Me gjev også grunneigarane bruksrett til vegen slik at dette kan vere ein fordel for dei for drfita av teigane deira.

Med helsing
Hjartåbygda skyttarlag
v/Hogne Homberset
tlf 91315284

AVTALE

Mellom

Hjartåbygda skyttarlag, org.nr 993 945 781

Og

Jostein Ullaland, eigar av gnr 40 bnr 2 i Volda, f.nr : 280636. 45356

Åshild Ullaland, eigar av gnr 40 bnr 2 i Volda, f.nr : 240140 45453

Er ingått fylgjande avtale om bruk av Hjartåbygda skyttarlag si skytebane i Aldalen.

1. Leigeavtalen er frå dags dato og til 31.12.2060.
2. Hjartåbygda skyttarlag har rett til å ha liggande skytebane slik den tidlegare har vore brukt med standplass, skiver og standplassoverbygg.
3. Hjartåbygda skyttarlag har rett til tilkomst frå standplass til skivene og rett til å grave ned straum- og signalkabel frå standplass og til skivene.
4. Hjartåbygda skyttarlag har rett til å fjerne vegetasjon som måtte kome i vegen for kulebana og nødvendige sikkerheitssoner.
5. Hjartåbygda skyttarlag har plikt å føre nøye tilsyn på og i nærleiken av bana når skyting går føre seg og er ansvarleg for all eventuell skade på krøter på grunn av skyting.
6. Bana kan nyttast alle dagar untatt dei dagane som Det Frivillige Skyttervesen (DFS) har bestemt skal vere skytefrie. Elles skal skyttarreglane som DFS til ei kvar tid fastset fylgjast.
7. Gnr 40 bnr 2 får kr 1488,- i årleg leige. Leiga vert regulert etter konsumprisindeksen kvart 10`ande år på same måten som hyttetomtene i Aldalen. Neste regulering vert i 2017.
8. Dersom skyttarlaget skulle verte nedlagt før leigeavtalen går ut og behovet for skytebane ikkje lenger er tilstade går grunnen automatisk tilbake til gnr 40 bnr 2.

Hjartåbygda skyttarlag

Hogne Homberset

Hogne Homberset

Volda, den
30/1 - 2016

Jostein Ullaland
Jostein Ullaland

Åshild Ullaland
Åshild Ullaland

AVTALE

Mellom

Hjartåbygda skyttarlag, org.nr 993 945 781

Og

Marianne Aurstad, eigar av gnr 35 bnr 3 i Volda f.nr 21025639690

Harald Asle Aasen, eigar av gnr 36 bnr 1 i Volda f.nr 120973 48357

Eva Bente Rønning, eigar av gnr 37 bnr 1 i Volda f.nr 070255 43259

Lise Reite Dimmen, eigar av gnr 37 bnr 2 i Volda f.nr 260865 46034

Hilde Karin Hjorthaug Berg, eigar av gnr 38 bnr 3 i Volda f.nr 15085742016

Olav Ullaland, eigar av gnr 40 bnr 1 i Volda f.nr 14014943197

Eva Marie Ullaland, eigar av gnr 40 bnr 1 i Volda f.nr 01125242436

Er ingått fylgjande avtale om bruk av Hjartåbygda skyttarlag si skytebane i Aldalen.

1. Leigeavtalen gjeld frå dags dato og til 31.12.2060.
2. Hjartåbygda skyttarlag har rett til å ha liggande skytebane slik den tidlegare har vore brukt med standplass, skiver og standplassoverbygg. I tillegg kan det oppførast nytt tilbygg på standplasshuset på intil 100 kvadratmeter med tilhøyrande sikkerheitssoner. Det kan opparbeidast parkeringsplass til bilar på gnr 37 bnr 2 som vist på vedlagt kart. Det kan byggast veg frå fylkesvegen til skytebana med avkøyrsløp på 35/3. Ned og forbi på austsida av 36/1 sitt sel og langs bytet mellom 36/1 og 38/3 over 38/3 til parkeringsplass på 37/2 som vist på vedlagt kart. Det må tekast omsyn til gjerder og skyttarlaget plikter å setje opp og halde vedlike grinder der vegen går gjennom gjerder. Skyttarlaget skal bygge og koste vegen
Gnr 36 bnr 1 , gnr 37 bnr 2 og gnr 38 bnr 3 har bruksrett til vegen til drifta av teigane sine.
3. Hjartåbygda skyttarlag har rett til tilkomst frå standplass og til skivene og rett til å grave ned straum- og signalkabel frå standplass til skivene.

4. Hjartåbygda skyttarlag har rett til tilkomst til stansplassen over gnr. 37 bnr.2 frå hovudvegen og langs bytet mot gnr. 38 bnr 3.
5. Hjartåbygda skyttarlag har rett til å fjerne vegetasjon som måtte kome i vegen for kulebana og nødvendige sikkerheitssoner
6. Hjartåbygda skyttarlag har plikt å føre nøye tilsyn på og i nærleiken av av bana når skyting går føre seg og er ansvarleg for all eventuell skade på krøter på grunn av skyting
7. Bana kan nyttast alle dagar untatt dei dagane som Det Frivillige Skyttervesen (DFS) har bestemt skal vere skytefrie. Elles skal skyttarreglane som DFS til ei kvar tid fastset fylgjast.
8. Skytebana skal ikkje vere til hinder for ei eventuell forlenging av skogsvegen mellom Skyråsen og Aldalselva. Om dette skjer må det avtalast korleis veg og skytebane kan nyttast utan å kome i konflikt med kvarandre. Det vil vere naturleg at bana kan nyttast etter oppsett terminliste og utenom den kan vegen nyttast.
9. 36.1 og 38.3 vil få første leige det året vegen er påbegynt.
10. Gnr 37 bnr 2 får kr 1488,- i årleg leige av Hjartåbygda skyttarlag.

Gnr 40 bnr 1 får kr 1488,- i årleg leige av Hjartåbygda skyttarlag.


Gnr 36 bnr 1 får kr 1000,- i årleg leige av Hjartåbygda skyttarlag.

Gnr 38 bnr 3 får kr 500,- i årleg leige av Hjartåbygda skyttarlag.


Gnr 37 bnr 1 får kr 200,- i årleg leige av Hjartåbygda skyttarlag.

Leiga vert regulert etter konsumprisindeksen kvart 10`ande år på same måten som hyttetomtene i Aldalen. Neste regulering vert i 2017.

Volda den 16/12-2015



Høyne Homberset
Hjartåbygda skyttarlag


Marianne Aurstad


Harald Asle Aasen


Eva Bente Rønning


Lise Reite Dimmen


Hilde Karin Hjorthaug Berg


Olav Ullaland


Eva Marie Ullaland



P = parkering
 Blå strek = veg
 T = tilbygg

 Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 26.05.2015	Markslog (AR5) 13 klasser TEGNFORKLARING <table border="1"> <tr> <td>≡</td> <td>Fulldyrka jord</td> <td>12.0</td> <td></td> </tr> <tr> <td>≡</td> <td>Overflatedyrka jord</td> <td>0.0</td> <td></td> </tr> <tr> <td>≡</td> <td>Innmarksbeite</td> <td>3.4</td> <td>15.4</td> </tr> <tr> <td>S</td> <td>Skog av særs høg bonitet</td> <td>0.0</td> <td></td> </tr> <tr> <td>H</td> <td>Skog av høg bonitet</td> <td>112.9</td> <td></td> </tr> <tr> <td>M</td> <td>Skog av middels bonitet</td> <td>109.3</td> <td></td> </tr> <tr> <td>L</td> <td>Skog av lav bonitet</td> <td>2.0</td> <td></td> </tr> <tr> <td>i</td> <td>Uproduktiv skog</td> <td>73.0</td> <td>297.2</td> </tr> <tr> <td>=</td> <td>Myr</td> <td>7.1</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Åpen jorddekt fastmark</td> <td>15.6</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Åpen grunnlendt fastmark</td> <td>22.4</td> <td>45.1</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Bebygg, samf, vann, bre</td> <td>1.3</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Ikke klassifisert</td> <td>0.0</td> <td>1.3</td> </tr> <tr> <td></td> <td>Sum:</td> <td>359.0</td> <td>359.0</td> </tr> </table>	≡	Fulldyrka jord	12.0		≡	Overflatedyrka jord	0.0		≡	Innmarksbeite	3.4	15.4	S	Skog av særs høg bonitet	0.0		H	Skog av høg bonitet	112.9		M	Skog av middels bonitet	109.3		L	Skog av lav bonitet	2.0		i	Uproduktiv skog	73.0	297.2	=	Myr	7.1			Åpen jorddekt fastmark	15.6			Åpen grunnlendt fastmark	22.4	45.1		Bebygg, samf, vann, bre	1.3			Ikke klassifisert	0.0	1.3		Sum:	359.0	359.0	Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealltallene. Ajourføringsbehov meldes til kommunen.
≡	Fulldyrka jord	12.0																																																								
≡	Overflatedyrka jord	0.0																																																								
≡	Innmarksbeite	3.4	15.4																																																							
S	Skog av særs høg bonitet	0.0																																																								
H	Skog av høg bonitet	112.9																																																								
M	Skog av middels bonitet	109.3																																																								
L	Skog av lav bonitet	2.0																																																								
i	Uproduktiv skog	73.0	297.2																																																							
=	Myr	7.1																																																								
	Åpen jorddekt fastmark	15.6																																																								
	Åpen grunnlendt fastmark	22.4	45.1																																																							
	Bebygg, samf, vann, bre	1.3																																																								
	Ikke klassifisert	0.0	1.3																																																							
	Sum:	359.0	359.0																																																							
GÅRDSKART 1519-36/1 Tilknyttede grunneiendommer: 36/1	<table border="1"> <tr> <td>—</td> <td>Arealressursgrenser</td> </tr> <tr> <td>○</td> <td>Eiendomsgrenser</td> </tr> </table>	—	Arealressursgrenser	○	Eiendomsgrenser																																																					
—	Arealressursgrenser																																																									
○	Eiendomsgrenser																																																									

Denne skal refererast i forvaltningsstyret. Det vert også sak om skytebana i Aldalen etter plan- og bygningslova, om de vil vente med å referere denne saka til den kjem opp i forvaltningsstyret, er opp til dykk (eg veit ikkje når den er klar).

Vedlegg 1 er saksutgreiinga m. vedtak, vedlegg 2 er søknad og grunnavtalar, det er kanskje nok å referere det første?

Helsing Liv Bente Viddal